

Timeplan 2022-2025

Kommunedirektøren sitt forslag



Framsidefoto: Illustrasjon av ny idrettshall på Bryne (Asplan Viak)

VISJONEN VÅR

TRYGG OG FRAMTIDSRETTA

VERDIANE VÅRE

Ansvaret

Me har evne til å sjå, mot til å handla
Me ser og forstår heilskapen
Me er opne og direkte i samhandlinga

Engasjement og optimisme

Me er løysingsfokuserte og aktive
Det me vil, det søker me å få til
Me er i utvikling

Gjensidig respekt

Me kjenner kvarandre, og eg betyr noko
Alle skal ha reell medverknad på eigen
arbeidssituasjon
Tilsette skal sikrast deltaking i
avgjerdsprosessar

LEVEREGELEN VÅR

Me skal gjera kvarandre gode

gjennom å:

- yta service
- gje og ta imot tilbakemeldingar
- dela kunnskap og ferdigheter
- heia fram gode idéar

«*Me byggjer det gode i oss, når me gjer det gode i kring oss*»

Arne Garborg

Innhold

1 Innleiing.....	6
1.1 Kommunedirektøren si innleiing.....	6
2 Utviklingstrekk	9
2.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk.....	9
2.2 Folketalsutvikling	9
3 Økonomi.....	11
3.1 Statsbudsjettet 2022	11
3.2 Rammer og føresetnadar.....	12
3.2.1 Inntektsføresetnadar.....	12
3.2.2 Utgiftsføresetnadar	14
3.3 Nøkkeltal og risikoanalyse	15
4 Folkehelse.....	17
4.1 Status og utfordringar	17
4.1.1 Barnefattigdom	19
4.2 Mål for langtidsperioden	20
5 Tenester.....	21
5.1 Oppvekst	21
5.1.1 Status og utfordringar	21
5.1.2 Mål for langtidsperioden.....	32
5.1.3 Tiltak i 2022	33
5.1.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet.....	36
5.1.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden	36
5.1.6 Oversikt over personalressursar	38
5.2 Omsorg.....	39
5.2.1 Status og utfordringar	40
5.2.2 Mål for langtidsperioden.....	46
5.2.3 Tiltak i 2022	46
5.2.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet.....	46
5.2.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden	47
5.2.6 Oversikt over personalressursar	48
5.3 Samfunn	49
5.3.1 Status og utfordringar	49
5.3.2 Mål for langtidsperioden.....	59

5.3.3 Tiltak i 2022	59
5.3.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet.....	61
5.3.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden	62
5.3.6 Oversikt over personalressursar	63
5.4 Stab.....	64
5.4.1 Status og utfordringar	64
5.4.2 Mål for langtidsperioden.....	66
5.4.3 Tiltak i 2022	67
5.4.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet.....	67
5.4.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden	67
5.4.6 Oversikt over personalressursar	68
6 Kommunen som arbeidsgjevar	69
6.1 Status og utfordringar	69
6.2 Mål for langtidsperioden	72
6.3 Tiltak i 2022	72
7 Investeringar for langtidsperioden og årsbudsjett for 2022	73
7.1 Totaloversikt – netto finansieringsbehov og finansiering	73
7.2 Investeringsprosjekt – tabellar og omtale.....	74
7.3 Trafikksikringsplan.....	86
7.4 Handlingsprogram for anlegg med delfinansiering frå spelemidlar	87
8 Brukarundersøkingar, samarbeid og plansystem.....	93
8.1 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar	93
8.2 Interkommunale samarbeid	94
8.3 Plansystem.....	95
9 Framlegg til vedtak	97
10 Obligatoriske oversikter etter økonomiplanforskrifta	98

1 Innleiing

Timeplanen 2022-2025 er Time kommune sitt verktøy for langsiktig planlegging.

Økonomiplanen skal peika ut utviklingsretninga for kommunen sitt tenestetilbod og kommunen sin ressursbruk i komande fireårsperiode.

Meir detaljert informasjon om status og utfordringar i tenestetilboden til kommunen går fram av Årsrapport 2020, Statistikkrapport 2020 og tertialrapportar for 2021.

Anna viktig strategisk informasjon finst i barnehage- og skulebruksplan og bustadplan for planlegginga av dei kommunale omsorgstenestene.

1.1 Kommunedirektøren si innleiing

Time kommune skal vera ein attraktiv kommune å busetta seg i, og eit samfunn som er godt å leva i. Folkehelsearbeid er førande for arbeidet med økonomiplanen. Det handlar om å legga til rette for ei berekraftig samfunnsutvikling som både motverkar sosial ulikskap og som fremmar god helse i befolkninga.

Timeplanen vil også i år synleggjera betydninga folkehelsearbeid har for å skapa god samfunnsutvikling og det er sett nokre langsiktige mål for folkehelsearbeidet i kommunen. Kapittelet tek utgangspunkt i folkehelseprofilen for Time kommune, som vart utarbeidd i 2018. Her prioriterer kommunen arbeidet innan fem område for å løfta folkehelsa i kommunen: psykisk helse, inntektsforskjellar, skulevegar, eldreressursen og aktivitetsmangfald. Alle mål og tiltak som er relaterte til dei fem prioriterte områda er merka med «Folkehelse». Kapittelet om folkehelse har òg eige delkapittel om barnefattigdom. Kommunedirektøren ønsker å synleggjera arbeidet mot barnefattigdom både i økonomiplanen og i framtidige årsrapportar.

Kommunedirektøren reknar med at pandemien ikkje vil påverka kommuneøkonomien i særleg grad i planperioden. Økonomiplanen for 2022-2025 er derfor basert på ein normal kvardag.

Kommunedirektøren budsjetterte i innevarande økonomiplanperiode med samla investeringar på 633 millionar kroner. I vedteken økonomiplan 2021-2023 er investeringane auka til 779 millionar kroner. Investeringsnivået i denne økonomiplanen er på 877,5 millionar kroner. Investeringane vert finansierte med 486,9 millionar kroner i låneopptak. Høg gjeld og store låneopptak utset kommuneøkonomien for stor renterisiko. Rentene er nå på eit minimum og rentene er forventa å stiga betydeleg i planperioden.

Dei største investeringane er ny symjehall og idrettshallar på Bryne som til saman er budsjettet med 280 millionar kroner. Det er budsjettet 140 millionar kroner til ulike omsorgsbustadar og 255 millionar kroner til ulike vass- og avløpsinvesteringar.

Kommunen har vedteke økonomiske måltal for ei berekraftig utvikling der driftsresultatet minimum skal vera på 1,5 %, disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene på minimum 6 % og netto lånegjeld betalt av frie inntekter på maksimum 60 %.

I den framlagte økonomiplanen for 2022-2025 er investeringsnivået så høgt at kommunen i perioden må lånefinansiera 55,5 % medan målsettinga er maksimalt 50 %. Høge låneopptak

aukar kommunen si netto lånegjeld betalt av frie inntekter. Dette er innanfor målsettinga om maksimum 60 %.

Frå 1. januar 2022 trer barnevernsreforma gradvis i kraft og kommunen vil få meir ansvar på barnevernsområdet. Reforma er i praksis ei oppvekstreform sidan ho inneber at kommunane i endå større grad må vri innsatsen over på førebyggande tiltak og tidleg innsats i heile oppvekstsektoren. I budsjettet for 2022 inneber det ei styrking av ungdomsoppfølging, fosterheimar og felles interkommunal tiltaksavdeling i barnevernet med til saman fire og eit halvt årsverk.

Sosialhjelpa er gradvis auka i 2022 og 2023 for å ta høgde for at barnetrygd ikkje lenger skal reknast som inntekt ved utmåling av sosialhjelp. Sidan det i 2022 er forventa ei låg arbeidsløyse er samla avsette midlar til sosialhjelp redusert.

Kommunedirektøren har i framlagt økonomiplan føreteke ei streng prioritering av nye tiltak. Låge renteutgifter frigjev midlar til andre tiltak. Omlegginga av barnevernstenesta/oppvekstreforma er finansiert med auka rammetilskot.

I statsbudsjettet for 2022 er det ikkje lagt opp til større reduksjonar i rammene til kommunane bortsett frå høgare eigenbetaling av ressurskrevjande tenester.

Kommunedirektøren vil i økonomiplanperioden arbeida for å gjera kommunen meir brukarorientert og effektiv, og sikra ei utvikling som nyttar potensialet i ny organisering og ny teknologi. Det handlar mellom anna om å styrka digitaliserings- og innovasjonsarbeidet i kommunen. Målet er å levera best mogleg tenester til lågast mogleg pris.

Kommunedirektøren sitt forslag til Timeplan for 2022-2025 viser kva mål og tiltak som kommunedirektøren meiner bør prioriterast innanfor dei økonomiske rammene kommunen rår over. Forslaget vert nå lagt fram for dei folkevalde for godkjenning.

Største satsingsområde 2022-2025

- Folkehelse
- Tidleg innsats og førebygging
- Ei brukarorientert og effektiv forvaltning som nyttar potensialet i ny teknologi og smartare organisering
- Auka sosialhjelp til barnefamiliar
- Barnevern-/oppvekststreforma
- Dimensjonera helse- og omsorgstenestene for å ivareta auka behov i framtida
- Ny læreplan i skulen omfattar nå 1.–10. trinn

Større omprioriteringar og effektiviseringar 2022-2025

- Tilby barnehageplassar i takt med etterspurnaden
- Styrka dei lågare trinna i omsorgstrappa for å utsetta behov for institusjonsplassar
- Sambruk av ressursar til førebyggande arbeid for barn og unge
- Effektivisering av reinhaldet i skular og rådhus

Investeringar 2022-2025

Samla framlegg til investeringar i perioden 2022-2025 er på 877,5 millionar kroner. Dei største investeringsprosjekta i perioden er:

- Nye idrettshallar på Bryne
- Ny symjehall
- Utvida overvasskapasiteten på Bryne
- Sanering av VA-anlegg
- Nye omsorgs-, barne- og avlastingsbustadar
- Utbetring av leikeplassar og ballbingar
- Gjera Storgata til gågate i 2024

Bryne, 28. oktober 2021

Trygve Apeland
Kommunedirektør

Aud Steinsland
Økonomisjef

2 Utviklingstrekk

Her vert nasjonale, regionale og lokale utviklingstrekk som har verknad for planperioden synleggjorde og vurderte.

2.1 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Norsk og internasjonal økonomi fekk seg ein knekk som følgje av pandemien.

Konsekvensane var store for mange personar, familiar og bedrifter. Norsk økonomi er nå ute av krisa sjølv om nokre bransjar fortsatt er påverka. Det er gjeve statlege midlar for å trygga arbeidsplassar og bedrifter. Krisa har også ført til stor innovasjon og omstilling og mange nye bedrifter er starta.

Betringa i norsk økonomi er forsterka av låge renter og svak valuta – noko som stimulerer til investeringar og eksport. Landet er ein liten open økonomi og er avhengig av ei normalisering også hos handelspartnarane våre.

I Norge er aktiviteten nesten tilbake på same nivå som før pandemien og arbeidsløysa nasjonalt er nå 2,7 %. Det er også forventa høgare sysselsetting i 2022.

Arbeidsløysa i Rogaland var ved utgangen av august 2021 på 2,6 % (2020: 4,5 %) og for dei tre jærkommunane er arbeidsløysa på mellom 2,0 % og 2,1 % (2020: 3,3 % og 3,9 %).

Det har i pandemiperioden vore vanskeleg for utanlandsk arbeidskraft og flyktningar å koma til landet. Dette har ført til låge innvandringstal, noko som igjen slår ut i låg folkevekst. På dette området er det forventa ei gradvis normalisering i perioden. Kor fort det går er usikkert. Fødselstala i landet er hittil i år høgare enn tidlegare. Folkeveksten hittil i år er 0,2 % - noko som er lågt i historisk samanheng.

2.2 Folketalsutvikling

Folketalet i kommunen var ved utgangen av 2020 på 19 106. Dette er lågare enn tidlegare framskrivingar.

Når me skal framskriva folketalsutviklinga i kommunen ser me på planane for bustadbygging i kommunen. Me tek omsyn til om det er einebustadar, rekkehus eller blokkleilegheiter då dette har betyding for kor mange som bur der. Det er nå planlagt stor utbygging i både Bryne og på Kvernaland. Sjølv når utbyggingsplanane er strekt over fleire år enn det utbyggjarane ser for seg, så vert det stor utbygging. Dette er svært usikre tal då bustadane først vert bygde når det er marknad for dei. Forhold som påverkar utbygging er om det er optimisme i næringslivet og nok nye arbeidsplassar, men endringane kan også koma brått som for eksempel finanskrisa i 2008, oljekrisa i 2014, flyktningekrisa i 2015 og pandemien.

Det som er viktig å vita med ei framskriving, er at tala vert meir og meir usikre til lengre perspektivet er. Tala er også sikraste i den eldste delen av befolkninga enn for dei yngste som kanskje ikkje er fødde ennå. Me kan framskriva folketalet over 80 år med relativ stor sikkerheit, men å framskriva folketalet over 90 år er mykje meir usikkert då det er for få personar til å få ei statistisk framskriving å stola på.

Alder	Pr. 31.12 2020	Framskriving				Auke i % 2020-2025	Auke i % 2020-2033
		2021	2025	2029	2 033		
0-2 år	679	665	719	774	836	5,9 %	23,1 %
3-5 år	763	771	720	780	840	-5,6 %	10,1 %
6-12 år	2 013	1 982	1 853	1 793	1 888	-7,9 %	-6,2 %
13-15 år	761	818	910	849	803	19,6 %	5,5 %
Sum 0-15 år	4 216	4 236	4 202	4 196	4 367	-0,3 %	3,6 %
16-19 år	960	946	1 102	1 188	1 139	14,8 %	18,6 %
20-66 år	11 487	11 622	12 222	13 149	14 141	6,4 %	23,1 %
Sum 16-66 år	12 447	12 568	13 324	14 337	15 280	7,0 %	22,8 %
67-79 år	1 759	1 835	2 109	2 305	2 498	19,9 %	42,0 %
80-89 år	576	583	710	896	1 066	23,3 %	85,1 %
90 år og over	108	124	164	185	226	51,9 %	109,3 %
Sum 67 år +	2 443	2 542	2 983	3 386	3 790	22,1 %	55,1 %
Sum	19 106	19 346	20 509	21 919	23 437	7,3 %	22,7 %

Kjelde: Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

Framskrivinga av barn i aldersgruppa 0-2 år viser nedgang i første del av perioden for så å auka gradvis. Tala er baserte på høgare fødselsfrekvens og høgare netto innflytting enn me har hatt dei siste åra. Folketalet 3-5 år går ned med 5,6 % i økonomiplanperioden. Barn i barneskulealder får ein nedgang heilt fram til 2029. Elles er det verdt å merka seg at veksten i innbyggjarar over 67 år ligg på 55,1 % fram til 2033. Størst auke er det for dei over 90 år som aukar med 109,3 %.

Tettstadar	pr. 31.12 2020	Framskriving				Auke i % 2020-2033
		2021	2025	2029	2033	
Bryne	10 843	11 032	11 865	12 678	13 536	24,8 %
Kvernaland	3 668	3 732	4 041	4 488	4 968	35,5 %
Lyefjell 1)	2 756	2 754	2 777	2 896	3 066	11,3 %
Undheim	1 201	1 190	1 200	1 238	1 256	4,6 %
Hognestad	639	638	627	618	611	-4,4 %
Sum	19 106	19 346	20 510	21 918	23 437	22,7 %

1) Inkludert Vestly

Kjelde: Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

I tabellen ovanfor ser me ut frå forventa bustadbygging kor veksten i kommunen kjem. På Lyefjell, Kvernaland og Bryne er det store utbyggingsområde, og i tillegg kjem store transformasjonsområde på dei to sistnemnde.

3 Økonomi

Når kommunedirektøren utarbeider økonomiplanen ligg styringssignal i statsbudsjettet til grunn for forventa pris- og lønnsvekst, utvikling i skatteinntektene og rammetilskotet. I statsbudsjettet og kommuneopposisjonen får kommunen også signal om nye reformer. Økonomiplanen vert lagt fram i faste 2022-prisar og endringar frå 2022 er dermed reelle endringar i inntekter eller aktivitetsendring i utgifter.

Økonomiplanen bygger elles på føresetnadar i vedteke styringsdokument som Kommuneplan 2018-2030, Samfunnssdelen av kommuneplan 2015-2027, Timeplan 2021-2024, Årsrapport 2020, tertialrapportar i 2021 og andre politiske vedtak i løpet av året.

3.1 Statsbudsjettet 2022

Det økonomiske opplegget for kommunesektoren for 2022 kjem fram i statsbudsjettet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Prioriteringane er:

- Levande lokaldemokrati
- Sterke distrikt
- Modernisering av landet
- Trygge og gode buforhold

Regjeringa meiner at ein viktig føresetnad for levande lokaldemokrati er å spreia makt og bygga samfunnet nedanfrå. Kommunar og lokalsamfunn skal få meir rom for å styra saker som vedkjem dei sjølv og samfunnsutviklinga deira.

Når veksten vert rekna vert alle ekstraordinære tilskot som følge av pandemien haldne utanfor. I statsbudsjettet er det lagt opp til denne veksten i kommunesektoren sine frie inntekter for 2022:

	Milliardar kroner
Vekst i frie inntekter	2,00
Herav kommunane	1,60
Herav fylkeskommunane	0,40
- meirkostnad demografi	-0,90
- meirkostnader pensjon	-0,40
- satsingar innanfor veksten	-0,20
Auka handlingsramme kommunesektoren	0,50

Veksten i frie inntekter for kommunesektoren er på 2 milliardar kroner fordelt med 1,6 milliardar på kommunane og resten på fylkeskommunane. Denne veksten skal dekka auka demografi- og pensjonskostnadene. I tillegg er det lagt føringar på at 100 millionar kroner skal brukast til barnekoordinator og 100 millionar kroner til rådgjevande einingar for russaker.

Kommunane får nye oppgåver frå 2022 og den viktigaste endringa er i barnevernet som vert kompensert med 1,3 milliardar som ikkje er rekna inn i tabellen over.

Kommunane får ei plikt til å betala for kostnadene til forvaltning og drift av helsenettet, inkludert grunndata og helseID, kjernejournal, e-resept og helsenorge.no. Plikta gjeld

uavhengig av bruk. Kommunane får kompensert 322 millionar kroner for dekka kostnaden for 2022. Auken i kostnadene framover må kommunane dekka av eiga ramme.

Rammetilskotet er redusert med 462 millionar kroner på grunn av redusert kapitaltilskot og redusert pensjonskompensasjon til private barnehagar, sjå omtale under 3.2.2 «Tilskot til private barnehagar»

Det er i statsbudsjettet føreslått å auka communal eigendel utover inflasjonsjustering for ressurskrevjande tenester, med 50 000 kroner per brukar. Reduserte utgifter for staten vert om lag 300 millionar kroner. Dette er ikkje trekt ut i oversikta over auka handlingsramme i tabellen då dette gjeld øyremerka midlar.

3.2 Rammer og føresetnadar

Kommunedirektørens budsjettforslag (Alle beløp i millionar kroner)	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Økonomiplan				Endring 2021-2022
			2022	2023	2024	2025	
Skatteinntekter	563,3	614,5	657,8	668,8	677,2	684,0	7,0 %
Rammetilskot	507,6	473,8	504,7	512,0	516,6	518,4	6,5 %
Eigedomsskatt		0,5	2,3	4,1	6,2	7,8	
Andre driftsinntekter	384,1	312,2	338,4	342,8	345,3	347,4	8,4 %
Sum driftsinntekter	1 455,0	1 401,0	1 503,2	1 527,7	1 545,3	1 557,6	7,3 %
Driftsutgifter	1 484,3	1 352,1	1 449,1	1 469,6	1 479,4	1 483,4	7,2 %
Brutto driftsresultat	-29,3	48,8	54,1	58,1	65,9	74,2	10,8 %
Finansinntekter							
Renteinntekter	10,9	8,6	9,2	9,9	10,1	10,3	7,3 %
Utbytter og gevinst/tap fin plass.	35,5	36,5	37,9	39,1	39,7	40,2	4,0 %
Renteutgifter	24,3	27,6	27,1	31,2	35,0	40,6	-1,6 %
Avdrag på lån	55,3	58,6	60,6	64,9	67,7	71,8	3,4 %
Netto finansutgifter	-33,2	-41,1	-40,6	-47,1	-52,9	-61,9	-1,3 %
Motpost avskrivningar	87,6	8,6	9,3	10,9	11,9	13,3	8,8 %
Netto driftsresultat	25,1	16,3	22,8	21,9	24,9	25,6	40,2 %
Netto fondsbruk	10,5	-1,6	0,4	1,0	1,0	-	
Overført til investeringar	14,6	17,9	22,4	20,9	23,9	25,6	25,5 %
Årsoverskot	0,0	0,0	0,0	-0,0	-0,0	0,0	
Overført til investering i % av skatt og rammetilskot	1,4 %	1,6 %	1,9 %	1,8 %	2,0 %	2,1 %	
Netto driftsresultat i % av driftsinntektene	1,7 %	1,2 %	1,5 %	1,4 %	1,5 %	1,6 %	

3.2.1 Inntektsføresetnadar

Skatteinntekter og rammetilskot

Summen av inntektsskatt, formueskatt og statlege rammeoverføringer utgjer saman med egedomsskatten, kommunen sine frie inntekter. Det vil sei at bruken av midlane ikkje er retta inn mot bestemte utgiftsformål. Skatt og rammetilskot er justerte med forventa lønns-, pris- og folkevekst. Skatteinngangen er budsjettert med 97,5 % av landsgjennomsnittet per innbyggjar, noko som er ein auke på 1,5 prosentpoeng frå 2021-budsjett. Skatteinnbetalingane for Time per utgangen av august 2021 ligg på 98,5 % av landsgjennomsnittet. Før oljekrisa var skatteinntektene på 106 % av landsgjennomsnittet. Kommunen har i 2021 nærma seg landsgjennomsnittet igjen og kommunedirektøren budsjetterer med ei varig betring i skatteinntektene samanlikna med andre kommunar.

Det kommunale skattøyre vil frå inntektsåret 2022 verta redusert med 1,2 prosentpoeng til 10,95 %. Skatteveksten for landet samla i 2021, er nå forventa å verta på 11,7 %. Med endringa i skattøyre vert budsjetterte skatteinntekter for landet redusert med 0,1 % frå 2021 til 2022. Dette må gjerast for at skattane ikkje skal utgjera meir enn 40 % av samla inntekter.

Rammetilskotet er basert på objektive kriterium der mellom anna alder betyr mykje. Det er folketal per 1. juli kvart år som dannar grunnlag for rammetilskotet. Frå 01.07.2017 til 01.07.2020 har antal barn i alder 0-5 år gått ned med 156 barn. Det er ingen ytterlegare nedgang i 2021. Dette betyr ein nedgang i rammetilskotet dei siste åra på om lag 11 millionar kroner for førskulebarn.

Andre inntekter

Av andre inntekter kjem 61 millionar kroner frå brukarbetaling og 66,1 millionar kroner frå husleigeinntekter og sal av tenester. Betalingssatsane for 2022 er prisjusterte, sjå vedlegg «Prisar 2022». I rekneskapen vert i tillegg momskompensasjonen inntektsført. Me har valt å ikkje budsjettera momskompensasjonen då inntektene går mot tilsvarande utgift og er eit nullsumspel. Refusjonsinntekter for sjukdoms- og svangerskapsfråvær er heller ikkje budsjetterte då inntektene i stor grad vert brukte til innleige av vikarar.

Gebyr for sjølvkosttenestene feiing, vatn, avløp og renovasjon utgjer 73,8 millionar kroner. Store investeringar i overvasshandtering, utskifting av kommunale VA-anlegg og store investeringar i IVAR-regi påverkar gebyrsatsane.

Ulike øyremerka statstilskot utgjer 59,4 millionar kroner i inntekt i 2021. Dei største inntektene gjeld 48,4 millionar kroner til ressurskrevjande tenester og integreringstilskot til flykningar på 16 millionar kroner. I tillegg får me mellom anna statstilskot til introduksjonsordninga for flykningar, barnevern, helsestasjon og rente- og avdragskompensasjon. Det er i framlagt statsbudsjett fremma forslag om auka communal eigenandel for ressurskrevjande tenester. For Time kommune vil forslaget bety ei redusert inntekt på 1,7 millionar kroner. Kommunedirektøren har i framlagt økonomiplan med føresetnad om at dette forslaget ikkje vert vedteke då ny regjering har signalisert eit anna fokus på desse kostnadane.

Kommunen har ansvar for fleire interkommunale tenester, jamfør kapittel 8.2, og betaling frå samarbeidande kommunar og refusjonar frå fylkeskommunen er budsjettert til 47,7 millionar kroner. Frå 2022 får me heilårsverknad av Vardheia ungdomsskule, idrettshall og turnhall som kommunen skal drifta på vegne av Klepp og Time. Frå hausten 2023 står nye idrettshallar klare for utelege til fylkeskommunen.

Kommunen har ein frikraftavtale med Lyse etter salet av Maudal kraft. Krafta vert brukt i eiga verksemد i kommunen. Kraftprisen var i 2020 rekordlåg medan den i 2021 har vore rekordhøg. I budsjettet er det lagt opp til eit normalår. Verdien som i 2022 er budsjettert til 1,4 millionar kroner, vert likevel inntektsført som frikraft og utgiftsført slik at kommunen sitt energiforbruk kan samanliknast med andre kommunar. Inntekter på 1,4 millionar kroner frå kommunen sine justeringsretts-avtalar med private utbyggjarar er også inntektsførde her.

Finansinntekter

Det er budsjettert med eit rentenivå på 1,25 % i 2022 og aukande til 2 % i 2025. Dei same føresetnadane er også nytta på finansutgiftene.

Etter signal frå Lyse er utbytte budsjettert til 37,9 millionar kroner i 2022 og aukande til 40,2 millionar kroner i 2025.

Lyse får eit svært godt resultat i 2021 på grunn av høge energiprisar. Det kan derfor vera grunnlag for eit ekstraordinært utbytte i 2022. I så fall tilrår kommunedirektøren at desse midlane går til reduksjon av budsjettet lånepoptak.

Kommunen har ved utgangen av august 2021 plassert 17,7 millionar kroner i aksjar for å oppnå høgare avkastning enn bankrenter.

Eigedomsskatt

Det vart i budsjettvedtaket for 2021 innført eigedomsskatt på kraftanlegg, vindkraftverk og kraftnett etter eigedomsskattelova § 3 bokstav c, frå 2022.

Denne skatten er i økonomiplanen auka med 1 promille kvart år – frå 1 promille i 2021 til 5 promille i 2025.

3.2.2 Utgiftsføresetnadar

Lønns- og prisutvikling

Kalkulert prisvekst på kommunale tenester er, som i statsbudsjettet, sett til 2,5 %.

Lønnsveksten er forventa å verta på 3,2 %. Prisveksten er kalkulert til 1,6 %. Tenesteområda har fått full kompensasjon for lønnsvekst, men berre delvis for prisveksten.

Pensjonskostnadar

Pensjonspremien er usikker. Størrelsen er avhengig av framtidig lønns- og grunnbeløpsvekst. Lønnsveksten i 2022 vil avhenga av utviklinga i pandemien og me legg her regjeringa sine føresetnadar til grunn. Premien er ikkje minst avhengig av avkastninga i pensjonsordninga. I 2022 har me budsjettet med 12 % for lærarar, 20 % for sjukepleiarar og 18 % for andre kommunalt tilsette.

Premiefondet er ved utgangen av fjaråret på 76,8 millionar kroner. Premiefondet får tilført midlar når avkastninga i pensjonselskapet vert høgare enn garantert rente. Me budsjetterer med å bruka 54 millionar kroner av premiefondet i perioden. Premiefondet kan berre nyttast til å betala pensjonskostnadar.

Tilskot til private barnehagar

Tilskotet til private barnehagar for 2022 er basert på rekneskapen for 2020 og justert for forventa prisvekst for to år.

Kommunen kompenserer dei private barnehagane for alle former for statleg innførte reduksjonar i betalingssatsar som søskenmoderasjon, gratis kjernetid for 2-5 åringar og redusert foreldrebetaling for låginntektsfamiliar.

I tilskotet for 2022 er det nytta pensjonspremie på 11 % som ligg i framlegget til statsbudsjett. Dette er ein reduksjon på 2 prosentpoeng frå tidlegare års sats. Bakgrunnen for reduksjonen i pensjonskompensasjon er at dei fleste private barnehagar har lågare kostnad enn det dei får kompensert. Barnehagar med høgare sats kan søka kommunen om høgare tilskot. Det vert ei overgangsordning slik at enkeltståande barnehagar får ei nedtrapping over to år.

Kapitaltilskotet til private barnehagar er ikkje vorte redusert som følje av rentenedgangen me har hatt dei siste åra. Dette vert nå teke omsyn til i kapitaltilskotet for 2022.

Finansutgifter

Samla lån er ved utgangen av 2020 på 1548 millionar kroner. Me har sikra renta på om lag 20 % av låneporteføljen, 22 % vert dekka av utlånsrenter og 17 % vert dekka av eigedomsavgifter og andre refusjonar. Rentebinding gjer at renteendringar ikkje får full effekt straks.

Låneopptak til investeringar og lån til vidareutlån (startlån) vert nedbetalt over 30 år.

Lønnsreserve

Det er for 2022 sett av 28 millionar kroner i lønnsreserve. Dette inkluderer lokalt lønnsoppgjer for 2021, sentralt lønnsoppgjer for dei fagforeiningane som gjekk ut i streik og lønnsoppgjer for 2022. Av reserven gjeld bare 9,3 millionar kroner lønnsoppgjeret i 2022. Dette bygger på føresetnaden i statsbudsjettet.

Årslønnsveksten for 2021 er på 2,8 % der noko først får verknad frå 01.10.2021. Dette betyr at det er stort såkalla «overheng» til 2022. Det vil sei at med eit lønnstillegg på 1,7 % i 2022, vil årlønna for 2022 likevel auke med 3,2 % samanlikna med årlønna for 2021.

3.3 Nøkkeltal og risikoanalyse

Omprioritering og effektivisering

Nye standardarar for reinhald medfører ein reduksjon på 2 årsverk.

Overføring til investering

Kommunen har som målsetting å setta av 2 % av sum skatt og rammetilskot til finansiering av investeringane. I framlagt økonomiplan er det avsett mellom 1,6 % og 1,9 % til delfinansiering av investeringane.

Økonomiske nøkkeltal

I tabellen under er vedtekne måltal viste saman med kva kommunedirektøren har lagt inn i økonomiplanen for 2022-2025.

Finansielle nøkkeltal	Vedtatte måltal	Økonomiplan			
		2022	2023	2024	2025
Overført til investering	2,0 %	1,9 %	1,8 %	2,0 %	2,1 %
Netto driftsresultat	1,5 %	1,5 %	1,4 %	1,5 %	1,6 %
Dispositionsfond	min 6%	5,5 %	5,5 %	5,4 %	5,3 %
Netto lånegjeld betalt av frie inntekter	max 60%	57,2 %	57,1 %	57,8 %	58,5 %
Lånefinansiering av investeringane	max 50%	62,7 %	55,2 %	49,7 %	53,8 %

Det framlagte budsjettet viser eit netto driftsresultat, korrigert for netto avsetning til bunde fond, som er mellom 1,4 % og 1,6 %. Kommunen har mål om 1,5 % i netto driftsresultat.

Med netto driftsresultat i samsvar med måltalet, får me overført meir midlar frå drift til finansiering av investeringane. Eigedomsskatten som ei ny inntekt bidreg til betre resultat.

Investeringane i heile perioden er så høge at kommunen ikkje klarer målsettinga om eigenfinansiering av investeringane på minst 50 %. I 2022 vert investeringane finansierte med 62,7 % i nye låneopptak og gjennomsnittet i perioden er 55,5 %.

Me held oss innanfor målet om maksimal 60 % netto lånegjeld betalt av frie inntekter då store investeringar i vass- og avløpssektoren vert dekka av gebyrinntekter.

Disposisjonsfondet er litt under målsettinga på minimum 6 % av driftsinntektene. Det er ikkje budsjettert med nye avsetningar, men eventuelle framtidige overskot vert avsette til disposisjonsfond.

Netto driftsresultat

Kommunen budsjetterer med eit netto driftsresultat på 22,4 millionar kroner i 2022. I resten av perioden ligg driftsresultatet mellom 20,9 og 25,6 millionar kroner.

Risikoanalyse

Langsiktig gjeld	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Økonomiplan			
			2022	2023	2024	2025
Nye lån	115,7	81,3	183,8	116,2	147,2	139,7
Avdrag	65,7	68,6	70,6	74,9	77,7	81,8
Brutto gjeld 31.12.	1 548,2	1 560,9	1 674,1	1 715,4	1 784,9	1 842,8
Ansvareleg lån Lyse	105,0	99,2	93,4	87,6	81,8	76,0
Husbanklån til utlån	224,3	252,3	267,3	282,3	297,3	312,3
Andre utlån	9,2	9,2	9,2	9,2	9,2	9,2
Ubrukte lånemidlar	29,5					
Netto gjeld 31.12.	1 180,2	1 200,2	1 304,2	1 336,3	1 396,6	1 445,3
Avløp, vassverk, renovasjon	268,4	300,0	363,4	390,2	435,4	473,1
Kompensasjon skulebygg	35,9	30,3	24,7	19,1	13,5	7,9
Eldrereform	23,2	21,5	19,8	18,1	16,4	14,7
Netto renteberande gjeld 31.12.	852,7	848,4	896,3	908,9	931,3	949,6
Folketall 31.12.	19 106	19 346	19 600	19 850	20 100	20 500
Netto gjeld per innbyggjar i kr	61 771	62 039	66 541	67 320	69 483	70 502

Kommunen har hatt store investeringar og har høg gjeld per innbyggjar. Gjelda fortset å auka i planperioden. Netto renteberande gjeld i forhold til driftsinntekter ved utgangen av 2020 var på 59 %. Tabellen om økonomiske måltal viser at denne held seg relativt stabil i perioden.

Kommunen er med høg gjeld utsett for renterisiko. Dersom renta aukar meir enn budsjettet vil det gje store utslag i kostnaden for kommunen. Ein auke på 1 prosentpoeng vil gje auka årlege nettokostnadene på 7 millionar kroner.

I tillegg til oppstillinga ovanfor har interkommunale selskap teke opp gjeld som kommunen hefter for. For Time gjeld dette i særleg grad IVAR (interkommunalt vann, avløps- og renovasjonsverk) der kommunen ved utgangen av 2020 hefta for 222,1 millionar kroner.

Kommunen har dei siste åra auka utlåna av startlån til etablering. Me har i dag små problem med innkrevjing av renter og avdrag. Når bustadane vert selde, dekker vanlegvis salssummane startlånet.

Kommunen har budsjettet med stort utbytte frå Lyse. Lyse har i dag fleire bein å stå på. Kor viktig kraftproduksjonen er for selskapet sitt resultat varierer mykje etter kraftprisen.

Ytterpunktet har me fått i 2020 med historisk låg kraftpris medan det i 2021 har vore ein historisk høg kraftpris.

Me har budsjettet med at Lyse betaler 650 millionar kroner i utbytte for 2022 og at dette aukar kvart år til 690 millionar kroner i siste år i perioden. Dette er noko høgare enn det som ligg i eigarstrategien, men sett i lys av gode resultatet så er forventningane auka. Time kommune sin del av utbytte er på 5,832 %.

4 Folkehelse

4.1 Status og utfordringar

God folkehelse vert skapt gjennom god samfunnsutvikling. Det er ei rekke forhold som påverkar helsa til innbyggjarane, som arbeid, utdanning, bustad, fysisk og sosialt miljø. Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som kan verka inn på denne for å kunna planlegga og gjennomføra effektive tiltak.

Folkehelseinstituttet gjennomførte saman med fylkeskommunen i 2020 «Folkehelseundersøkelsen 2020» i alle kommunane i Rogaland. Eit tilfeldig utval av innbyggjarar vart spurde om livskvalitet, trivsel og eigenvurdert helse. I Time svara 3156 innbyggjarar og det gjev ein svarprosent på om lag 50 %.

Innbyggjarane i Time er nøgde med nærmiljøet, kultur- og idrettstilbod, butikk og andre servicetilbod. På ein skala frå 0 til 10 så har 90 % svara at dei har ein livskvalitet på 5,4 eller høgare.

Eit av spørsmåla var knytt til økonomiske utfordringar og korleis dette påverka helsa og livskvalitet. Opplever ein å ha därleg økonomi, så kan tiltak som er med og dempar opplevinga av økonomiske problem vera eit viktig tiltak.

Folkehelseprofil for Time kommune 2018-2021 har fem prioriterte område. Desse er viste under. I perioden har det vorte sett inn tiltak på alle dei prioriterte områda. Statistikk og erfaringar viser at det har vore ei positiv utvikling sidan 2018. Folkehelsearbeid er eit langsiktig arbeid, der systematisk arbeid over tid er det som gjev resultat. For Time sin del vil fortsatt satsing på tidleg innsats for barn og unge og gjennomføring i vidaregåande opplæring vera viktige universelle folkehelsetiltak. Folkehelseprofilen skal reviderast i 2022.


Folkehelseprofil for Time kommune 2018-2021 har fem prioriterte område:

Utfordringar	Prioriterte område
Aukande førekomst av psykiske plager og lidingar, spesielt blant unge	
Fråfall i vidaregåande skule	Psykisk helse
Høg del unge uføre	
Aukande grad av unge i låginntektsfamiliar	
Aukande sosiale helseforskellar	Inntektsskilnadar
Høgare andel sosialhjelpmottakarar 20-66 år enn nabokommunar, fylket og landet	
Utrygge skulevegar	Skulevegar
Størst auke i den eldste delen av befolkninga	Eldreressursen
Låg dekningsgrad av nærturterren og naturområde	
Låg fysisk aktivitet blant innbyggjarane generelt	Aktivitetsmangfold
Aukande førekomst av overvekt og fedme	

For å kunna imøtekoma utfordringane som kjem i frå folkehelseprofilen og folkehelseundersøkinga er det avgjerande at tenesteområda samskaper på tvers, og er villig til å sjå på tiltak som kan medføra at ein må jobba på nye måtar.

Oppvekstprofil 2021 for Time kommune viser at det er færre unge med innvandrarbakgrunn som fullfører vidaregåande opplæring samanlikna med alle som gjennomfører. Dette må følgast opp for å identifisera moglege årsaker og samanhengar. Flyktingtenesta i Time og Klepp er frå 01.01.21 slått saman og lokalisert på Bryne kompetansesenter. Målet er mellom anna å styrka integreringsarbeidet når det gjeld arbeid og utdanning.

Det er ein stadig større del av elevar som fullfører vidaregåande opplæring. Statistisk sentralbyrå har, frå publiseringa i 2020, endra måleperiode for gjennomføring frå fem år for alle utdanningsprogram, til fem år for studieførebuande og seks år for yrkesfag. Det er derfor berre samanliknbare tal for dei to siste åra. Figuren under viser tal og utvikling for Rogaland og jærkommunane dei to siste åra.



Nytt mål for gjennomføringsgrad vert sett til 90 %, noko som inneber at fram i tid skal 9 av 10 elevar fullføra vidaregåande opplæring.

I Revisjonsrapporten frå 2021 knytt til kommunen sitt arbeid med psykisk helse for barn og unge vert prosjektet «Laget rundt læraren og eleven» spesielt trekt fram som eit viktig førebyggande tiltak i arbeidet med mellom anna å styrka barn og unge si psykiske helse. Ulike profesjonar som er tilgjengelege rundt barn og unge, er ein viktig faktor i det førebyggande arbeidet og for å ha kompetanse når behov oppstår. Det må vurderast om denne måten å organisera tverrfagleg samarbeid også bør inn på andre område.

Statistikk syner ei svakt stigande kurve når det gjeld unge i alderen 15-24 år som tek kontakt med fastlege eller legevakt for psykiske plagar. Bryne vidaregåande skule har om lag 1600 elevar og er ein viktig arena for å førebygga psykiske plagar hos ungdom. Ungdommane set stor pris på at helsesjukepleiarar er til stades og har ei open dør. For skuleåret 2020/2021 har halvparten av førespurnadene vore knytt til psykisk helse.

For å styrka arbeidet med eldreressursen er Frivilligsentralen, Velferdssenteret, Sivdammen catering og frivilligkoordinator i institusjon slått saman til ei eining og lokalisert på Sivdamsenteret under namnet «Frivilligsenter og kafe». Kommunen har fokus på arbeidet med å verta eit meir aldersvennleg samfunn og samarbeider med Klepp kommune om ein fireårig handlingsplan. Representant for Senior- og Brukarrådet er med i prosjektgruppa.


I økonomiplanen ligg det ikke fleire tiltak som skal vera med og legga til rette for aktivitetsmangfald. Mellom anna to nye idrettshallar, tilrettelegging for friluftsliv og ein ny bane for frisbeegolf i kommunen.

Det er få trafikkulykker i Time. Likevel er det mange elevar som opplever at skulevegen er utrygg. Det kan vera manglende lys eller fortau, mykje trafikk eller stor fart. Ny gatebruksplan for Bryne vil ta omsyn til kor mjuke trafikantar beveger seg. Handlingsplan for trafikktryggleik skal steg for steg gjera skulevegane tryggare.

Det er innafor alle tenesteområda tiltak som gjeld utfordringar som kjem fram av folkehelseprofilen. Dei er merka med [«Folkehelse»](#).

4.1.1 Barnefattigdom

Time har hatt auke i barnefattigdom i perioden 2014 til 2018. Den same auken ser me i nabokommunar og fylket. Time ligg likevel langt under landsgjennomsnittet og har hatt ein nedgang i talet på barnefattigdom frå 2018 til 2019 og ligg om lag 1 % lågare enn Rogaland. Det er usikkert i kor stor grad større arbeidsløyse og fleire utanfor arbeidslivet i pandemien vil påverka dette. Det er positivt at arbeidsløysa i august 2021 er tilbake på det same låge nivå som i mars 2020.



Kjelde: SSB

Det viktigaste tiltaket for å redusera barnefattigdom er det langsigte arbeidet med å få fleire til å fullføra vidaregåande opplæring og å arbeida for at flest mogleg skal ha eit arbeidsforhold det går ann å leva av.

Ut frå funn «Folkehelseundersøkinga 2020» er det eit viktig tiltak når det gjeld barnefattigdom å redusera opplevinga av dårlig økonomi.

Tiltak som kommunen har per i dag:

- Jærkortet. Samarbeid mellom Klepp, Time og Hå kommune og gjev gratis tilgang til utvalde kultur- og idrettsaktivitetar. NAV administrerer og finansierer ordninga. Totalt 150 kort per kommune, som kan brukast på tvers av kommunane.
- Redusert foreldrebetalning i barnehage for låginntekstfamiliar.
- Gratis kjernetid i barnehage for 2-5 åringer i låginntekstfamiliar.
- Gratis internett for familiar med barn i grunnskulealder som tek imot sosialhjelp.
- Utstyrssentral for frilufts- og idrettsutstyr.
- Leksehjelp på biblioteket i samarbeid med Bryne Røde Kors.
- Samarbeidsprosjekt «ALLE MED» med eigen koordinator for å inkludera barn og unge i idretts- og fritidsaktivitetar i heile kommunen.
- Kommunen bruker årleg 25 millionar kroner til startlån og 1,5 millionar kroner i etableringstilskot for å få familiar med låg inntekt inn på bustadmarknaden.
- Det vert frå 2022 til 2023 gradvis innført at barnetrygda ikkje skal tella som inntekt når sosialhjelpa vert utmåla.
- Alle elevar får eigen iPad.
- Redusert foreldrebetalning for låginntektsfamiliar for barn på 1. til 4. trinn i SFO.

Generelle tiltak, som biblioteket og alle gratis tilbod som finns der eller tilgang til friområde og aktivitetstilbod i nærmiljøet, er tiltak som alle kan nytta seg av uavhengig av økonomisk situasjon. NAV gjev i tillegg støtte til ulike tiltak til barn og unge ut frå individuelle vurderingar.

Tiltaka er plasserte i dei respektive tenesteområda.

4.2 Mål for langtidsperioden

- Psykisk helse: færre elevar skal rapportera om psykiske plager og lidingar i neste UngData-undersøking.
- Inntektsforskjellar: Innbyggjarar skal kunna bruka allmenne tilbod i kommunen uavhengig av inntekt.
- Skulevegar: Alle elevane skal ha ein trygg skuleveg.
- Eldreressursen: Minst 50 % av innbyggjarane over 70 år skal vera med på frivillig arbeid.
- Aktivitetsmangfold: Aktive innbyggjarar i nærmiljøet.

5 Tenester

Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan				Endring 2021-2022
	2020	2021	2022	2023	2024	2025	
Oppvekst	495 544	496 530	527 009	531 622	531 972	531 022	6,1 %
Omsorg	314 254	315 959	342 446	347 976	351 826	353 076	8,4 %
Samfunn	182 233	179 212	186 395	189 580	189 115	189 145	4,0 %
Stabstenester	68 134	68 374	71 338	71 438	71 493	71 833	4,3 %
Sum netto driftsutgifter	1 060 165	1 060 075	1 127 188	1 140 616	1 144 406	1 145 076	6,3 %

Time kommune	31.12.2021	Nye	Redusert	31.12.2022
Oppvekst	596,6	12,3	0,0	608,8
Omsorg	405,3	7,4	0,0	412,7
Samfunn	175,8	2,8	-2,3	176,3
Stabstenester	51,7	0,6	0,0	52,2
Arsverk i alt	1 229,4	23,0	-2,3	1 250,1

5.1 Oppvekst

Tenesteområdet omfattar 24 verksemder. Av desse er 10 grunnskular (4 ungdomsskular og 6 barneskular med skulefritidsordning), 8 kommunale barnehagar (ein med avdeling open barnehage), helsestasjon (med jordmorteneste, skulehelseteneste og familiesenter), barnevern, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), Time kulturskule, Bryne kompetansesenter (vaksenopplæring) og felles flyktningeteneste for Time og Klepp. I tillegg er det 1 privat skule (1-10) og 9 private barnehagar i Time. Tenesteområdet har og styrka barnehagetilbod og Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggande Tiltak (SLT), som begge er organiserte inn i fagstab Oppvekst.

Tenesteområdet skal gje opplæring til barn og unge i samarbeid med foreldre og føresette, driva førebygging og gje hjelpe- og støttetiltak, slik at alle barn og unge er i stand til å meistra utfordringar i livet saman med andre.

5.1.1 Status og utfordringar

Med dei fødselstala og tal for innflytting me har i dag, vil kommunen i komande periode ha god kapasitet i barnehagane, men med ulik fordeling mellom dei ulike delane av kommunen. Ny revisjon av barnehagebruksplan vert utarbeidd i 2022, og vil gje ei oppdatering av data og behov av moglege endringar.

Mot slutten av perioden vil også skulane verta påverka av endringa i folkeveksten. Endringane vil gje redusert elevtal på dei lågaste trinna, og trykket på skulane sentralt på Bryne vil endra seg. Dette vart omtala nærmare i skulebruksplan 2020-2028. Ny skulebruksplan skal leggast fram i 2024.

Barnevernsreforma 2022, som òg vert kalla oppvekstreforma, vil i praksis prega alt arbeid i Oppvekst i åra framover. Reforma understøttar retninga Time kommune har jobba i dei siste åra, der kommunen skal vera ein aktivt aktør for å gje best mogleg tilbod til barn og unge og deira føresette. Oppvekstreforma vil prega tekst og satsingar som vert omtala i økonomiplanen for 2022-2025.

I perioden vil tenesteområdet òg vidareføra arbeidet med mellom anna endringar knytt til ny barnehagelov og implementering av nytt læreplanverk i grunnopplæringa.

Time kommune har saman med kommunane Klepp, Hå og Gjesdal starta arbeid med utvikling av samhandlingsmodell knytt til oppgåva som barnehagemyndigkeit. Kommunane har fått innovasjonsmidlar frå Statsforvaltaren til arbeidet.

Arbeid med digitalisering vert vidareført i perioden. Satsingane omhandlar fagsystem for dei ulike einingane i Oppvekst, inkludert skuleadministrative- og barnehageadministrative-program. På sikt vil desse løysingane bidra til betre kvalitet for brukarane, sikra gode prosessar og auka effektiviteten.

Tenesteområdet Oppvekst skal inngå i den heilskapelege satsinga knytt til heiltidskultur i Time kommune. Kontinuerlig arbeid med HMS og oppfølging av sjukemelde skal prioriterast.

Felles tiltak – arbeid på tvers

Tenesteområdet vil i perioden halde fast på hovudlinjene i satsingane, slik som tidlegare år.

[Strategiplan Oppvekst 2016-2022](#) har fem hovudområde som legg føringar på satsinga i Oppvekst:

- Oppvekst i utvikling
- Fleirkulturelt samfunn
- Tidleg innsats
- Oppvekst i informasjonssamfunnet
- Organisasjon og leiing

Barnevernsreforma 2022 stadfestar arbeidet Oppvekst har hatt dei siste åra. Oppvekst har fokus på samarbeid på tvers av verksemndene for å nytta den samla kompetansen i Time på ein god og ressurseffektiv måte. Det skal vera tett samarbeid med dei andre tenesteområda i kommunen for å fremja eit bra oppvekstmiljø, der organisatorisk inndeling ikkje skal vera eit hinder for samhandling. Tiltaka til fritidsavdelinga i tenesteområdet Samfunn, og tenesteområdet Omsorg er vesentlege i dette arbeidet og må sjåast i samanheng med tiltaka i Oppvekst.

Arbeid på tvers i Oppvekst betyr at me skal ha brukaren i fokus og nytta kompetansen i dei ulike verksemndene til det beste for brukaren. Helsestasjon, barnehagane og skulane er grunntenestene i Oppvekst. Dei skal gje eit allmennpedagogisk tenestetilbod som gjev støtte til alle føresette, og såleis kan førebygga seinare utfordringar.

Målsettinga i heile Oppvekst er å vri tenkinga frå å vera problemfokusert på individnivå, til å verta systemfokusert og gjelda alle. Denne dreininga ser me på som avgjerande for å få til eit gjennomgåande godt oppvekstmiljø for alle barn og unge i Time kommune.

Viktige satsingar knytt til tidleg innsats i perioden vil vera:

- [«Inkluderande barnehage og skolemiljø»](#). Dette er ei statleg satsing og Time kommune har delteke i tre ulike puljar. Nokre av dei saman med dei andre kommunane på Jæren. Me har tru på at arbeid på tvers av barnehagar og skule og samarbeid med nabokommunane våre gjer oss betre og meir kompetente i arbeidet med å førebygga krenkande åfferd. Saman med kommunane på Jæren har me utvikla nettstadane «[Trygt og godt barnehagemiljø](#)» og «[Trygt og godt skolemiljø](#)».

- «**Laget rundt læraren og eleven**», starta som eit lokalt innovasjonsprosjekt i 2017 med mål om å arbeida førebyggande gjennom tverrfaglege team på alle skulane. Time kommune fekk våren 2019 tildelt 6,9 millionar kroner i prosjektmidlar knytt til nasjonal folkehelsesatsing til prosjektet for perioden 2019-2023. Prosjektet vert følgt av forsking gjennom VID vitenskaplege høgskule i Sandnes.
- «**Utviklingstøttande praksis på småbarnsavdelingane**» er eit utviklingsarbeid som starta opp hausten 2020. Time har saman med Gjesdal, Klepp og Hå fått ressursar til å bruka inn i prosjektet via Kompetanseløftet på området spesialpedagogikk og inkluderande opplæring. Samarbeidspartar er PPT, universitet, høgskule og Statlig spesialpedagogisk teneste (Statped). Prosjektet er i første omgang tildelt 1,5 millionar kroner frå fylkesmannen i 2020, med føringar om tilsvarende tildeling i 2021. Målet med prosjektet er å heva kvaliteten på den allmennpedagogiske praksisen på småbarnsavdelingane for å:
 - gje alle barn gode utviklingsmogleigheter
 - på sikt redusera behovet for spesialpedagogisk hjelp seinare i livet

- **Etablering av verktøyet BTI (Betre tverrfagleg innsats)**, som er ein modell som skal sikra best mogleg samhandling mellom dei ulike tenestene. Arbeidet starta i 2019, og målsetting er å koma i gang med å implementera i verksemdene og blant brukarane frå januar 2022.



Nivå 3: Beskriver mer omfattende tverrfaglig samarbeid mellom flere tjenester.

Nivå 2: Beskriver enkelt tverrfaglig samarbeid mellom fortrinnsvis to tjenester

Nivå 1: Beskriver innsats innenfor hver enkelt tjeneste

Nivå 0: Avklarer om det er grunn til bekymring.

- **Etablering av ungdomsteam** er rigga som eit toårig prosjekt med mål om å jobba fram permanent organisering frå 2023. Teamet skal vera operativt og arbeida med ungdom i alderen 12-20 år. Teamet skal bestå av og samla allereie eksisterande ressursar og jobba på tvers av tenester i alle tenesteområda. Koordinator for tverrfagleg arbeid/SLT skal inngå i teamet og har eit koordinerande ansvar. Teamet skal vera eit tilbod som, mellom anna, skal nyttast i arbeidet med ungdommar med utfordringar knytt til rus, kriminalitet, åtferd og psykisk helse og elevar med alvorleg skulefråvær som fell utanfor allereie etablerte tenester. Teamet vert utvida for å kunna jobba førebyggande inn mot barnevernsreforma som trer i kraft januar 2022.

Barnehage

I Time kommune var det per 15.12. 2020 1117 barn i barnehagane. Dette er ein nedgang på 34 barn sidan 15.12.2019. Dei siste åra har det vore reduksjon i talet på barn i kommunale og private barnehagar. Framskriving av barnehagebehovet i planperioden syner fortsatt ein nedgang før talet stabiliserer seg i slutten av perioden. Det er knytt stor usikkerheit til framtidige fødselstal i kommunen. Kommunen vil i hovudsak ha god kapasitet på barnehageplassar i heile planperioden.

Barnehagebruksplan skal reviderast i løpet av våren 2022. Det vil då mellom anna verta vurdert behov for Nyland barnehage, som i dag vert nytta til open barnehage.

I satsinga på tidleg innsats og auka kvalitet i barnehagesektoren, har Time kommune i [Kvalitetsplan for barnehagane 2017-2022](#) ei målsetting om at 50 % av bemanninga skal ha ei pedagogisk utdanning innan 2022. Etter innføring av ny pedagognorm i 2018, ligg dekningsgraden nå på 46 %. For å nå målsettinga må ein auka talet på pedagogisk personale i barnehagane dei neste åra. Dette løyser me ved å gjera om ledige fagarbeidarstillingar til barnehagelærarstillingar.

Vedtekne endringar i barnehagelova, som gjeld frå 01.01.2021, medfører større endringar for barnehageområdet.

- Det vert innført eit krav til likebehandling og uavhengigheit av kommunen si oppgåve som barnehagemyndigkeit. Rolla som barnehagemyndigkeit skal sikra at både kommunale og private barnehagar driv verksemda i medhald til krav i lov og forskrifter for området. Fram til 01.01.2021 har barnehagesjef hatt denne rolla i tillegg til eigarrolla. Som barnehagemyndigkeit må kommunen gjennomføra rettleiing og tilsyn på dette for både kommunale og private barnehagar. Det pågår nå eit arbeid for å etablera eit samarbeid med jærkommunane knytt til tilsyn.
- Barnehagane skal ha eit internkontrollsysten for å sikra krava i barnehagelova §1 og §2, barnehagen sitt formål og innhald. For å imøtekomma disse krava tek ein i bruk eit nytt elektronisk internkontrollsysten, EIK. Programmet er introdusert for styrarane, og dei er i gang med å tilpassa dette til eiga eining.

Barnehagane vil i dei komande åra som ein del av tidleg innsats ha fokus på barns trivsel. Satsinga vil ha tre fokusområde; leik og læring, medverknad og inkludering, og inneheld to prosjekt:

- Time kommune deltek i satsinga «Utviklingstøttande praksis på småbarnsavdelingane». Dette arbeidet er eit samarbeid mellom kommunane Time, Gjesdal, Klepp og Hå. Time kommune har motteke 1,5 millionar kroner for 2020 og forventar det same beløpet i 2021. Det skal utarbeidast ein felles kunnskapsplattform som skal utviklast på grunnlag av forsking og barnehagane sine erfaringar frå praksis. Målet er å auka kvaliteten på det allmennpedagogiske arbeidet for å kunna jobba førebyggande og gje eit godt tilbod til alle barn og dermed redusera behovet for spesialpedagogisk hjelp. PPT i dei ulike kommunane vil vera viktige samarbeidspartar i dette arbeidet.
- [«Inkluderande barnehage og skolemiljø»: Alle kommunale barnehagar og nokre av dei private har delteke i ulike puljer. Me har tru på at arbeid på tvers av barnehagar og](#)

skule og samarbeid med nabokommunane våre gjer oss betre og meir kompetente i arbeidet med å førebygga krenkande åtferd.

Andre pågående satsingar:

- Satsinga med etablering av Marte Meo praktikarbarnehagar fortsett i perioden. Me legg opp til to nye praktikarbarnehagar kvart år.
- Time kommune er ein del av region sør (Sandnes, Jæren og Dalane) i den nasjonale ordninga «Regional ordning for kompetanseutvikling» (Rekom). Staten har lagt opp til ein modell der Statsforvaltaren, kommunar og universitetssektoren forpliktar seg til eit tettare samarbeid. Regionen får tilført statlege midlar til dette arbeidet. I tillegg ligg det føringar om at kommunane sjølv bidreg med 30 % av kostnaden. Kostnaden for Time kommune vil vera på 100 000 kroner og skal brukast på tiltak i både kommunale og private barnehagar. Region sør har valt ut to område som ein vil ha fokus på i perioden 2020-2022. Områda er leiing og barnehagebasert kompetanseutvikling.
- Digital praksis i Time-barnehagane: Det er sett i gang eit arbeid for å auka den digitale kompetanse ute i barnehagane.
 - Felles barnehageadministrativt system (BAS) som inneholder kommunikasjonsverktøy og digitale barnemapper for alle kommunale barnehagar. I tillegg inneholder systemet felles opptakssystem for kommunale og private barnehagar. Implementering startar hausten 2021, med mål om å vera i gang frå januar 2022.
 - PUST-prosjekt: To pilot-barnehagar deltek i eit prosjekt i samarbeid med UiS. Målet er å styrke barnehagelæraren sin profesjonsfaglege digitale kompetanse, for å betre kunna nytta teknologi i det pedagogiske arbeidet saman med barna.

Undervisning

Innhaldet i skulane vert styrt av Læreplanverket (LK20), som består av overordna del, fag- og timefordelinga og læreplanar i fag. Læreplanverket er forskrift til opplæringslova.

Elevtalsutvikling og kapasitet

Det er 2787 elevar som går på skulane i Time. Dette er ein auke på 154 elevar frå i fjar. Årsaka til den markante auken kjem av dei 99 elevane på 8 og 9 trinn tilhøyrande Klepp kommune som nå går på Vardheia ungdomsskule. Talet på elevar tilhøyrande Time kommune er 2633 elevar, som er ein auke på 55 elevar frå i fjar. Prognosane viser at veksten etter kvart stopper opp, og elevtalet vil gå nedover. Veksten frå august 2022 er estimert til 20 elevar, og det er lagt inn ein auke i kostnadane i 2022 på 400 000 kroner.

Det er kapasitet for vekst på dei fleste skulane. Status i sentrumsskulane er at Bryne skule har fått noko større tilvekst enn prognosen tilsa. Her nærmar ein seg kapasiteten på 525 elevar. Elevtalet ved Rosseland skule samsvarar med prognosene, og har med bygg D (gamle Time vidaregåande skule) god kapasitet.

Sak om utfordringar knytt til forfatninga ved Hognestad skule var del av Skulebruksplanen 2020-2028. I saksutgreiingane er det lagt til grunn at Hognestad skule skal ha ein tilsvarande standard som dei andre skulane i Time.

- Politisk vedtak i [KS-080/20](#) var følgjande; “*Drifta på Hognestad skule blir oppretthalde. Kommunestyret ber administrasjonen greie ut korleis Hognestad skule kan rehabiliterast for ein betydelig lågare sum enn det som er beskreve i saka*”.
- Det kom fram av ny konseptutgreiing av ulike løysingar for Hognestad skule at vedtaket ikkje kunne realiserast til ein betydeleg lågare sum.
- Nytt vedtak i saka i KS-050/21 er: “*Kommunestyret ber kommunedirektøren greia ut moglege alternativ for vidare drift på Hognestad skule. Sak vert lagt fram for politisk handsaming våren 2022*”.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som jobbar fram moglege alternativ for vidare drift. Arbeidsgruppa består FAU-leiar, verneombod, rektor ved Hognestad skule og representantar frå egedomsavdelinga og skuleadministrasjonen. Sak vert lagt fram våren 2022. Kostnadars knytt til rehabilitering av Hognestad skule må tas med i neste økonomiplan.

Time kommune har samarbeidsavtale med Klepp på Orstad læringssenter om 4 plassar knytt til alternativ opplæringsarena for elevar med spesielle behov. Det er i Timeskulen behov for at det er tilgjengeleg fleire plassar. Problemstillinga vart behandla i [KS-080/20 Skulebruksplan 2020-2028](#), og legg til grunn at Time kommune arbeider saman med Klepp kommune om ei felles løysing med omfang lik 10 elevar frå kvar kommune. Klepp kommune vil vurdera spørsmålet i sin skulebruksplan. Om det våren 2022 ikkje føreligg konkrete planar for kva tid og korleis dette tilbodet skal koma i drift, vil administrasjonen i Time vurdera å utgreia etablering av ei eiga ATO-avdeling i Time.

Vardheia ungdomsskule starta skuleåret 2021-2022 med 8. og 9. trinn. Frå august 2022 vil skulen ha elevar på alle trinn. Dette medfører at det vil vera nye prosessar knytt til tilsettingar og overføringar våren 2022. Time og Klepp kommune har ulik innordning knytt til skulekrinsar. Time kommune har fritt skuleval, mens Klepp kommune har vedtekne skulekringsgrenser der elevar frå Orre og Tu-krinsen skal til Vardheia ungdomsskule. Det er utforma føringar og sett frist for søker mellom skulane i Time kommune til 1. desember, slik at ressursane kan dimensjonerast mellom skulane før tilsettingar. Utvidinga med 10. trinn skuleåret 2022 medfører auka kostnadars som vert refundert frå Klepp i tråd med inngått avtale.


Føringar og rammer

Lærarnorma som vart innført i 2017 på skulenivå medfører at store delar av ressursane må brukast på å innfri lovkravet knytt til dette. Med ein skulestruktur som i Time kommune med fleire mindre skular fordrar det eit større budsjett, og auka kostnadars for kommunen for å innfri lovkrav som ligg ut over lærarnorma.

I behandlinga av skulebruksplanen jamfør sak [KS 080/20 - Skulebruksplan 2020-2028](#) vart det vedteken vidare drift på Hognestad skule. Grunna utfordringar knytt til størrelsen på klasserom som gjev avgrensingar på antal elevar i enkelte rom, må skulen tilførast meir lærarressursar enn ordinær lærarnorm sett som standard. Som ein konsekvens av dette må det settast inn to ekstra stillingar på skulen for å sikra lærardekning.

Den nye læreplanen LK 20 omfattar også 10. trinn frå 2021-2022. Innhold i alle fag er endra og det er behov for innkjøp av bøker og digitale læremiddel på alle trinn på skulane. Dette

gjer særleg utslag i auka kostnadane knytt til driftskostnadene for digitale læreverk og læremidlar. Det er lagt inn ei auke til digitale lærermiddel på 100 000 kroner i 2022, og dette skal aukast gradvis til 600 000 kroner i perioden 2021-2023.



Talet på elevar med vedtak om spesialundervisning i Time kommune har gått frå 6,7 % i skuleåret 2016/2017 til 6,4 % i 2020/2021. Dersom ein inkluderer spesialundervisninga i private skular er denne på 6,5 %. Grafen syner at nedgangen i dei kommunale skulane dei siste fem åra har vore størst på ungdomstrinnet. Målet er å legga til rette for ei tilpassa opplæring som medfører at færre elevar har behov for sakkunnig vurdering og vedtak om spesialundervisning. I dette er det også eit mål å setta inn ressursar tidleg som eit verkemiddel for å unngå aukande behov.

Vidare syner dei siste tala at gjennomsnittleg timetal per elev som får spesialundervisning har gått opp med 12,6 årstimar. Time kommune ligg nå på 135,7 årstimar per elev, medan Klepp har 141,9 årstimar og Hå har 149,0 årstimar per elev (tal henta frå KOSTRA).

Gjennomgang av sakkunnige vurderingar, vedtak og ressursbruk syner at tildelingane til skulane er mindre enn faktiske utgifter. Som ein konsekvens av dette er det lagt inn eitt årsverk knytt til spesialundervisning med verknad frå august 2022.

Førebyggande arbeid og organisering

Det er forskriftsfesta i §1-4 i opplæringslova at elevar på 1.-4. trinn har rett på intensiv opplæring i lesing, skriving eller rekning ved behov. Det har til nå ikkje vore sett av eigne ressursar til dette tiltaket. Det er behov for spisskompetanse på skulane, og det vil verta lagt til rette for at lærarar som skal følga opp dette skal vera del av den nasjonale lærarspesialistordninga. Det er lagt inn to årsverk i 2022 som skal aukast til fem årsverk i perioden for å innfri dette.

Innføringstilbod for elevar på 1.-10. trinn vert gjeve ved Bryne skule og Bryne ungdomsskule. Her får nytilkomne elevar tilbod om opplæring inntil to år etter at dei har kome til Norge.

Fleirspråklege elevar har etter opplæringslova §2.8 rett på tospråkleg fagopplæring og/eller morsmålsundervisning så lenge dei har behov for dette. For å sikra ei god innføring for desse elevane ser ein at det er behov for å lysa ut etter lærarar innanfor språka arabisk og dari. Det er lagt inn eit årsverk med verknad frå 01.01.2022 for tilsetting av personale med denne kompetansen knytt til innføringsklassane i Time.

Det vert jobba systematisk med overgangsarbeid mellom ungdomsskulane og vidaregåande skular for å auka gjennomføringsgraden i vidaregående opplæring. Trendutviklinga over tid syner at fleire elevar gjennomfører og fullføringsgraden målt i 2021 etter 5/6 år er 86,8 %. Dette er eit bra resultat, men me har kunnskap og informasjon som medfører at vårt neste mål framover er at ni av ti elevar skal fullføra opplæringa. Sjølv om gjennomsnittleg gjennomføringsgrad er god, kjem det fram at denne statistikken ikkje er representativ for våre fleirspråklege elevar. Siste måling synte at berre 55 % av desse fullførte vidaregående opplæring. Det skal arbeidast tverrfagleg for å søka å finna tiltak som kan medføra ei positiv utvikling på denne statistikken.

Partssamarbeid på tvers av kommunar med universitets- og høyskolesektoren
«Desentralisert kompetanseutviklingsordning» (DEKOMP, nasjonal satsing): Timeskulen deltek gjennom Jærskulen som del av region sør (Sandnesskulen, Jærskulen og skulane i Dalane) i den nasjonale ordninga «Desentralisert kompetanseutvikling». Det vil i tillegg til desentraliserte midlar verta søkt om forskingsmidlar som kan vera med på å forsterka og utvida arbeidet med å utvikla læringsopplegg som baserer seg på problembasert læring til fleire skular i 2022.

«Resilient»: Som del av arbeidet med temaet psykisk helse er ungdomsskulane på 9. trinn i Time del av forskingsprosjektet «Resilient». Dette er eit samarbeid med Universitetet i Stavanger, Jærskulen, Sandnesskulen og Stavangerskulen som har fått innvilga 20 millionar kroner til prosjektet i perioden 2019-2022.

«Digital didaktisk undervisningsplanlegger for lærarane» (DigUp): Time som prosjekteigar saman med Jærskulen har fått innvilga 7 millionar kroner i perioden 2019-2022 til eit innovasjonsprosjekt i offentleg sektor via FINNUT. Hovudmålet er å utvikla ein forskingsbasert, nettbasert og gratis tilgjengeleg digital didaktisk undervisningsplanleggar for lærarar (DigUp) i samarbeid med Universitetet i Stavanger og praksisfeltet. Det er utvikla ein prototype av planleggaren som nå er open for uttesting for alle lærarane. Tilbakemeldingar som kjem inn i denne fasen skal brukast til å endra og justera innhald fram til våren 2022.

«Laget rundt læraren og eleven»: Time har i perioden 2019-2023 fått 6,93 millionar kroner i tilskot i folkehelsemidlar knytt til prosjektet. I prosjektet vert det samarbeidd med VID vitenskapelige høyskole som driv følgeforsking på prosjektet. Det er etablert eitt “Lag” som består av sosiallærar, helsesjukepleiar, ppt-kontaktperson, spesial pedagogisk koordinator og rektor på kvar av skulane. Dette har ført til at det er god kompetanse på kvar skule i arbeidet med førebyggande tiltak knytt til læringsresultat og læringsmiljø. Ei aukande utfordring som ein ikkje har dekka gjennom profesjonsfellesskapet i “Laget” har vore nok kompetanse knytt til barn og unge som har det vanskeleg, der dette kjem til uttrykk i utfordrande åtferd. Som ein konsekvens av dette er ressursar som tidlegare vart nytta i samarbeidet med Klepp knytt til

Eirik Raude-senteret fordelt ut på skulane, og det er tilsett sosialfaglege ressurspersonar med denne kompetansen. Intensjonen med dette tiltaket er at skulane skal ha den kompetansen som trengs i eigen organisasjon for å kunna setta inn gode førebyggande tiltak, og kunna jobba operativt med saker når dei oppstår. Dette arbeidet vil vera ein viktig del for å kunna lukkast med barnevernsreforma og oppvekstreforma som skal settast i verk i 2022.

Barnevern

I 2022 startar innføring av ny barnevernslov og ho skal vera sett i verk frå 2023. I den nye lova kjem det tydeleg fram at barnevernstenesta skal arbeida målretta for barns rett til medverknad og å føra tilbake barn til sine føresette etter omsorgsovertaking. Det vert også stilt kompetansekrav til tilsette i barnevernstenesta.

Ansvaret for å sjå på tilbod til barn og unge i ein heilskap og ansvar for førebyggande arbeid skal forankrast i kommuneleiinga. Kommunestyret skal jamleg vurdera om kvaliteten og bemanninga i barnevernstenesta er god nok.

Frå 01.01.2022 trer barnevernsreforma (også kalla oppvekstreforma) i kraft. Reforma tilfører barnevernstenesta nye oppgåver knytt til rekruttering og oppfølging av fosterheimar og ei auke i kostnadene knytt til kjøp av statlege tiltak som institusjonsplassar og beredskapsheim. Dette gjer at kommunen i større grad enn fram til nå må arbeida saman for å lukkast med å gje rett hjelp til rett tid, og at terskelen for kva saker som skal inn til barnevernstenesta vert høgare.

Det er sett av ressursar til styrking av barnevernstenesta i tillegg til styrking av andre tenester i Oppvekst for å møta utfordringa med at terskelen inn til barnevernet vert høgare. Tenesta vert styrka med 3 årsverk til felles tiltaksavdeling. To av desse vert dekka av Klepp og Hå. Vidare er det ei styrking med 0,5 årsverk knytt til nye oppgåver.

Førebuande ungdomsoppfølging i Oppvekst vert styrka med eit årsverk. Det vert og anbefalt å følga opp satsinga med «Laget rundt læraren og eleven» når prosjektperioden for satsinga er ferdig i 2023. Det vert i den samanhengen foreslått å oppretthalde prosjektstillingane i PP-tenesta og skulehelsetenesta permanent.

Helsestasjon- og skulehelsetenesta

Ifølge SSB er ca. 98 % av alle barn i Norge i kontakt med helsestasjonen første leveåret og regelmessig fram til skulestart. Det første leveåret i barnets liv er helsestasjonen for dei aller fleste den einaste offentlege instans som regelmessig møter barnet og familien. Helsestasjon og skulehelsetenesta vil vera ein viktig arena i arbeidet med barneverns- og oppvekstreforma.

Dei siste åra har det vore satsa på å gje alle helsesjukepleiarar og jordmødre vidareutdanning i Newborn behavioral observation, NBO, for å gje foreldra auka kjensle av meistring og tolka signalar til sitt eige spedbarn. Dette er i tråd med kommunen si satsing på tidleg innsats og oppvekstreforma.

Det pågående arbeidet knytt til barneverns- og oppvekstreforma, understøttar mykje av dei satsingane som allereie er sett i gang.

Time kommune har dei tre siste åra fått tilskot frå Helsedirektoratet for å auka ressursane til jordmor og helsesjukepleiar i skulehelsetenesta.

- Tilskotet har ført til auka tilbod om heimebesøk av jordmor til nyfødde innan tre døgn etter utskriving frå sjukehuset.
- Tilskotet har òg vore nytta til å gjennomføra satsinga «Laget rundt læraren og eleven», der helsejukepleiar er ein nøkkelperson på skulen.
- I tillegg vart tenesta styrka med ei fireårig prosjektstilling som vert finansiert av statlege folkehelsemidlar som vart innvilga våren 2019. Prosjektet vert avslutta våren 2023, og vil då gå over i fast kommunalt finansiert heimel.

Saman med kommunane Stavanger og Sandnes, tilbyr Time satsinga Nurse Family Partnership (NPF), som og vert kalla «Familie for første gong». Dette er eit program for særleg oppfølging av risikoutsette vaksne som vert foreldre for første gong. Frå hausten 2021 har Time kommune inngått ein vertskommuneavtale med Sandnes kommune, som har overteke arbeidsgjevaransvar for teamet. Programmet er fullfinansiert over statsbudsjettet via Barne- og familielidirektoratet. Time kommune sine årlege kostnadar ved deltaking er 14 500 kroner som er vår del av kostnadene til lokale for teamet.

Forvaltningsrapport som omhandla psykisk helse for barn og unge slo fast at det må verta betre samhandling mellom helsestasjon og barnehagane. Dette arbeidet er allereie starta, og vil vera eit viktig element i det førebyggande arbeidet som og vert knytt til barneverns- og oppvekstreforma.

Kulturskulen

Hausten 2021 hadde kulturskulen 670 undervisningsplassar, og tilboda ved skulen er veldig populære.

Nasjonal rammeplan for kulturskulen, «Mangfold og fordypning», ligg til grunn for undervisning, drift og utvikling. For å halda oppe arbeidet med å utvikla tilboda deltek alle tilsette i kompetansehevingsprogrammet Kul-VFL; «Vurdering for læring i kulturskulen» (Norsk kulturskoleråd/Høyskolen Innlandet) i skuleåret 2021-2022.

Det er eit mål at Kulturskulen skal ha ein viktig støttefunksjon og rolle i arbeidet for gode og helsefremjande oppvekstvilkår for barn og unge i Time kommune. Skulen vil fortsetta arbeidet med integrering og inkludering, og har dei siste åra hatt stor auke av søknadar frå elevar med særlege behov og elevar med framandspråkleg bakgrunn. Samarbeidet med skulane og kommunen sin «Alle Med»-koordinator har vore ein viktig årsak til dei gode resultata.

Det er stor etterspurnad om elevplassar i kulturskulen, og fleire deltek på fleire tilbod. Dette saman med auke i elevtalet på Bryne skule, gjer at ein i komande økonomiplanar må sjå på løysingar for framtidige lokalitetar for kulturskulen.

Flyktningetenesta Time og Klepp

Time kommune har ansvar for å busetta flyktningar etter politiske vedtak, syta for introduksjonsprogram, haldningsskapande arbeid, nettverksbygging og integreringsarbeid. For å styrka integreringsarbeidet vart flyktningetenestene i Time og Klepp frå januar 2021 slått

saman til ei felles flyktningteneste med Time kommune som vertskommune. Det vil framover vera viktig å få til gode rutinar for samarbeid mellom dei to kommunane.

På grunn av pandemien tilrådde Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) eit mottak på berre 13 flyktningar i 2020. Fem av desse kom til Time. Grunna dette vart Time kommune oppmoda om å ta imot 28 flyktningar i 2021. Det er krevjande å dimensjonera ei robust teneste når mottak av flyktningar varierer så mykje. Slik tenesta er organisert nå, vil det vere tenleg at busettingstala igjen stabiliserer seg på mellom 20 og 25 flyktningar i begge kommunar i planperioden.

I 2021 kom ein integreringslov med nye krav til innhaldet i introduksjonsprogrammet for flyktningar. Lova krev mellom anna at kommunane skal gje opplæring i livsmeistring og foreldrerettleiing til deltakarane. Flyktningtenesta Time og Klepp vil framover arbeida for at lovkrava vert følgde opp på ein god måte.

Det vart i 2020 gjennomført ein forvalningsrevisjon om integrering av flyktningar. Flyktningtenesta Time og Klepp vil, med bakgrunn i denne revisjonen, sjå på om det er mogleg å etablira ei fadderordning for flyktningar med praksis i kommunale einingar. Dette er i tråd med kommunen sin Plan for mangfald og integrering.

Tenesta er samlokalisert med Bryne kompetancesenter, og det er viktig for alle partar og deltagande kommunar at samhandling mellom einingane skal styrkast. Mellom anna skal det etablerast eit gjensidig og forpliktande samarbeid som både styrker kvalitet, kompetanse og ressursutnytting.

Bryne kompetancesenter

Opplæringa ved Bryne kompetancesenter (BKS) er delt inn i to område:

- Grunnskuleopplæring for vaksne (FVO) inkludert spesialundervisning etter opplæringslova
- Norsk og samfunnuskunnskap for vaksne innvandrarar etter introduksjonslova frå 2003 og integreringslova frå 2021.

Time kommune har vertskommuneavtalar om norsk og samfunnuskunnskap for vaksne innvandrarar og grunnskuleopplæring for vaksne med Klepp og Hå kommune. Bryne kompetancesenter overtok verksemda frå Hå opplæringssenter hausten 2020. Overføringa fører til fleire elevar knytt til norsk og samfunnsfag frå Hå kommune. Samtidig vart BKS styrka med tre lærarstillingar som vart overførte frå Hå kommune.

Ny samarbeidsavtale om mellom anna bemanning, finansiering og drift er utarbeidd av samarbeidskommunane, og skulen driv etter denne frå og med hausten 2021. Den nye avtalen inneber mellom anna at alle dei tre kommunane bidreg likt økonomisk, og Time kommune ber derfor mindre risiko enn tidlegare.

Reduksjon i talet på flyktningar i alle jærkommunane dei siste åra har ført til mindre behov. Statstilskotet er redusert, refusjonen frå Klepp og Hå er redusert og tenestetilbodet på BKS har tilpassa seg nye føresetnadar i perioden. Det er nå varsla at flyktningemottaket på Nærland i Hå skal opnast igjen for å ta i mot 200 flyktningar. Dette vil medføra ein vesentleg auke i deltakarar på Bryne kompetansesenter framover.

Bryne kompetansesenter deltek i eit nasjonalt forsøksprosjekt og har fått tilskot i eit treårig prosjekt for å testa ut ei modulstrukturert opplæring for vaksne kalla «Forberedande vaksenopplæring» (FVO) på grunnskulenivå. Føremålet er å legga tilbodet til rette på ein meir fleksibel måte slik at deltakarane kan koma raskare gjennom grunnskulen. Fleksibiliteten inneber at deltakarane kan ta grunnskule samtidig som dei lærer seg norsk etter introduksjonslova og integreringslova. I tillegg skal forsøket gjera vaksne utan formell utdanning meir rusta til å koma seg inn i vidaregåande opplæring eller arbeid. Eit nasjonalt mål er at denne gruppa skal få ein meir varig tilknyting til arbeidslivet. Forsøket varer til hausten 2023.

Pedagogisk-psykologisk teneste

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) er ei støtteteneste som greier ut spesielle behov hos barn, unge og vaksne. PPT skal gjennom systemretta arbeid rettleia skular og barnehagar i tilpassing av ordinært tilbod, og gjev råd om både allmennpedagogiske og spesialpedagogiske opplæringstiltak.

Time kommune har over tid arbeidd med å endra praksis i tråd med anbefalingane gjevne i rapporten «[Inkluderende fellesskap for barn og unge](#)». Målet er å få ned talet på barn som har behov for spesialpedagogisk hjelp gjennom å førebygga og løysa fleire behov gjennom allmennpedagogiske tiltak i barnehagar og skular.

PP-tenesta har ei viktig rolle i innovasjonsprosjekta «Inkluderande barnehage og skolemiljø» og «Laget rundt læraren og eleven» (jamfør kap. 5.1.1). Tenesta er styrka med ei fireårig prosjektstilling knytt til «Laget rundt læraren og eleven» som vert finansiert av statlege folkehelsemidlar. Det er eit mål at denne stillinga vert gjort permanent etter at prosjektperioden vert avslutta i 2023.

I forbindelse med ny skule som er etablert som eit samarbeid mellom Time og Klepp er det tilført ei stilling på 20 % som vert dekka av Klepp. Time PPT har hovudansvaret for system og individoppfølging på den nye skulen. PPT har ein kontaktperson på skulen, men stillinga er førebels ikkje lyst ut.

5.1.2 Mål for langtidsperioden

«Strategiplan oppvekst 2016–2022» er grunnlaget for satsinga i komande periode. Dei fem hovudpunktene gjev ei klar retning for val og prioritering av tiltak i dei ulike einingane. Strategiplanen skal reviderast i første del av økonomiplanperioden.

Hovudpunkt i Strategiplan 2016-2022	Tiltak
Oppvekst i utvikling	<p>Det er handlingsrom til å nytta kapasitet i eksisterande bygg på ein effektiv måte.</p> <p>Nytte forskings- og evidensbasert kunnskap i arbeidet med systemendringar med barnet i sentrum</p>
Fleirkulturelt samfunn	Bygga system frå mottak til god integrering av flyktningar
Tidleg innsats	<p>Ha system og rutinar for å identifisera behov og setta i gang tiltak (Folkehelse)</p> <p>Ha system og rutinar som sikrar tverrfagleg samarbeid (Folkehelse)</p> <p>Einingane vektlegg universelle tiltak som skal føra til ein reduksjon av behov og omfang av spesialpedagogiske vedtak med 35% (Folkehelse)</p> <p>Trygga føresette i Time</p>
Oppvekst i informasjonssamfunnet	Utvikla barn og unge som har eit reflektert forhold til bruk av digitale og sosiale media (nettnett og psykisk helse) (Folkehelse)
Organisasjon og leiing	<p>Stimulera og legga til rette for at verksemleiarar tek master i leiing</p> <p>Ved rekruttering skal det tilsettast personell med formell kvalifikasjon i stillingar i Oppvekst</p>

5.1.3 Tiltak i 2022

Det vil i 2022 vera to område i Strategiplan oppvekst 2016-2022 som vil ha fokus og verta prioriterte. Desse er "Tidleg innsats" og "Organisasjon og leiing". Det skal også gjennomførast ein revisjon av Strategiplanen som skal ferdigstillast innan utgangen av året.

Felles tiltak i Oppvekst

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak	Samarbeid mellom:
Tidleg innsats	<p>Auka samhandling i tenestane knytta til iverksetting av føringar og lovkrav knytt til barnevernsreforma/ oppvekstreforma</p> <p>Implementera verktøya BTI (Betre tverrfagleg innsats) og Stafettloggen i organisasjonen (Folkehelse)</p> <p>Gjennomføra pulje fem i den statlege satsinga med fokus på inkluderande barnehage og skulemiljø (IBS) (Folkehelse)</p> <p>Følga opp prosjektet «Laget rundt læraren og eleven» i samarbeid med helsestasjonen og PPT på alle skulane (Folkehelse)</p> <p>Utarbeiding av ny overordna språkplan for barnehage og skule</p> <p>PPT skal saman med fagstab testa ut nye tiltak for å få ned delen av barn med spesialpedagogisk hjelpe i barnehagane og skulane (Folkehelse).</p>	<p>Heile Oppvekst</p> <p>Fagstab Oppvekst</p> <p>Skule, bhg, PPT</p> <p>Skule, PPT, skulehelse- teneste</p> <p>PPT, bhg, skule</p> <p>PPT, fagstab</p>
Oppvekst i informasjons-samfunnet	Alle verksemder i Oppvekst skal nytta Microsoft 365 som hovedplattform for dokumenthandtering og samhandling.	Alle
	Sikra at alle verksemder har nødvendig digital kompetanse og utstyr	Alle

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak	Samarbeid mellom:
Organisasjon og leiing	Revidering av Strategiplan for oppvekst	Oppvekst

Barnehagar

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	Tilpassa antal barnehageplassar ut frå søkarar Ny barnehagebruksplan i 2022 Kompetent personell – 50 % pedagogstillingar
Fleirkulturelt samfunn	Barnehagane skal konkretisera korleis dei skal arbeida systematisk med språkopplæring til fleirspråklege barn.
Tidleg innsats	Satsing i alle barnehagar knytt til tema; leik og inkluderande barnehagemiljø (Del av hovudfokus 2019-22 «Barns trivsel») (Folkehelse) To nye barnehagar skal verta Marte Meo praktikarbarnehagar. Starta opp arbeidet med satsinga «Småbarnsavdelingar av høg kvalitet» (Folkehelse) Barnehagane Lyefjell, Monsanut, Vestly Idrettsbarnehage, Maurtuå og Jærbarnehagen (privat) startar opp i prosjektet «Inkluderande barnehage og skulemiljø» (Folkehelse).
Oppvekst i informasjonssamfunnet	To barnehagar skal delta i eit profesjonsfagleg utviklingsprosjekt (PUST) kring temaet “Teknologi i barnehagen”. Planlegga for overgang til digitale barnemapper i 2021 med implementering i 2022
Organisasjon og leiing	Utarbeida ny kvalitetsplan for barnehagane, når ny strategiplan for oppvekst er vedteken Alle styrarar skal delta i den regionale kompetansestrategien «Leing i alle ledd», som er ein del av satsinga i kompetanseplanen for Region Rogaland Sør (ReKom). Resertifisera Class-observatørar og testa ut bruk av Class i barnehagane. Me vil også sertifisera nye observatørar, slik at me kan nytta dette verktøyet som for eksempel ståstadsanalyse og ved tilsyn.

Undervisning

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	Ha minimum 20 lærarar som deltek i vidareutdanningstilbodet «Kompetanse for kvalitet» jamfør Kompetanseplan skule.
Fleirkulturelt samfunn	For at fleire elevar som er fleirspråklege skal gjennomføra vidaregåande opplæring, skal det i fagstab utarbeidast eit kunnskapsgrunnlag for å setta inn tiltak på området (Folkehelse).
Tidleg innsats	<p>Stimulera og legga til rette for funksjon som lærarspesialist etter modell 2 i begynnarpoplæringa på 1.-4. trinn for ein lærar på kvar av barneskulane (Folkehelse).</p> <p>Det skal oppretta lesenettverk på tvers av skulane</p> <p>Utarbeida ny overordna språkplan for barnehage og skule</p> <p>Ungdomsskulane skal legga ein plan for korleis dei skal ta i bruk kunnskapen dei tileigner seg i prosjektet «Resilient» i samarbeid med Universitetet i Stavanger (Folkehelse)</p> <p>Gjennom prosjektet «Laget rundt læraren og eleven» skal den enkelte skulen utforma ei oversikt på grønt, gult og rødt nivå på deira skule. Kven gjer kva, til kva tid, med kven? (Folkehelse)</p>
Oppvekst i informasjons-samfunnet	<p>Skulane skal testa ut bruk av planleggingsverktøyet DigUp i personalet</p> <p>Ta i bruk løysing for digitale elevmapper</p> <p>Operasjonalisera mål i strategi for pedagogisk bruk av læringsteknologi</p>
Organisasjon og leiing	<p>Rektorane på alle skulane skal ha vidareutdanning i elev- og arbeidsrett</p> <p>Utforma og følga opp leiarstrategi for sin organisasjon</p>

PPT, Barnevern, Time kulturskule, Bryne Kompetancesenter (BKS,) Helsestasjon, skulehelseteneste og familiesenter (HSF), Flyktningtenesta

Hovudpunkt i Strategiplan	Tiltak
Oppvekst i utvikling	Lokalisering av kulturskulen for å møta kapasitetsutfordring ved Bryne skule og i kulturskulen
Fleirkulturelt samfunn	Laga rutine som sikrar samhandling og overgangar mellom Flyktningtenesta, skule/barnehage og helsestasjon i forbindelse med busetting av nye flyktningar i kommunen. (Folkehelse).
Tidleg innsats	<p>PPT skal fortsetta å arbeida på systemnivå og ute i organisasjonane (Folkehelse).</p> <p>Kompetansen til helsesjukepleiar skal nyttast meir på systemnivå for alle elevane (Folkehelse).</p> <p>Systemarbeid helsestasjon og barnehage (vidareføra arbeid knytt til utviklingsstøttande praksis i småbarnsavdelingar og etablering av fast kontaktperson) (Folkehelse).</p> <p>Ungdomsteamet skal arbeida universelt på ungdomsskulane og skal bidra med tiltak inn mot individ/gruppe når det gjeld åtferd, skulefråvær og ungdomsoppfølging (SLT) (Folkehelse).</p>

Hovudpunkt i Strategiplan	Tilak
	Det skal lagast rutine for samhandling mellom barnevern og skule/barnehage. BTI-modellen skal vera i bruk i alle verksemder.
Oppvekst i informasjons-samfunnet	Sikra nødvendig digital kompetanse og utstyr og nytt Microsoft 365 som hovedplattform for dokumenthandtering og samhandling
Organisasjon og leiing	Kulturskulen nyttar deltaking i Kul-VFL til å utvikla verksemda som lærande organisasjon. Utvikling av verksemndplanar som baserer seg på tilstandsrapport, kunnskap og analyse i alle verksemder

5.1.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Oppvekst Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan				Endring 2021-2022
	2020	2021	2022	2023	2024	2025	
Administrasjon	6 835	8 008	7 528	7 653	7 653	7 653	-6,0 %
Pedagogisk psykologisk teneste	7 126	7 381	7 518	7 851	8 318	8 318	1,9 %
Barnehagar	178 705	171 204	180 497	182 147	182 997	183 247	5,4 %
Undervisning	232 820	239 631	250 946	253 274	252 774	251 574	4,7 %
Vaksenopplæring	2 576	3 039	3 325	3 325	3 325	3 325	9,4 %
Flyktningstenesta	8 720	8 926	8 918	8 918	8 918	8 918	-0,1 %
Kulturskule	6 453	6 490	6 809	6 809	6 809	6 809	4,9 %
Helsestasjons- og skulehelseteneste	14 578	15 205	15 105	15 438	15 905	15 905	-0,7 %
Førebyggjande arbeid ungdom	171	1 632	2 865	3 195	3 195	3 195	75,6 %
Barnevern	37 096	35 014	43 498	43 012	42 078	42 078	24,2 %
Tenester utanfor ord. kommunalt ansvar	464	0	0	0	0	0	
Sum netto driftsutgifter	495 544	496 530	527 009	531 622	531 972	531 022	6,1 %

5.1.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

Endringane i framlagt statsbudsjett for 2022 som er innarbeidde i budsjettramma for tenesteområdet er omtala berre under dette delkapitlet. Bruken av desse midlane må ein koma tilbake til. Det er auka usikkerheit knytt til endleg statsbudsjett for 2022 grunna regjeringsskifte.

Auka utgifter og reduserte inntekter

- Endringar knytt til nye oppgåver og ansvar i barnevernstenesta og til førebuande arbeid - barnevernsreforma 2022/oppvekstreforma
 - Kompensera bortfall av øyremerka tilskot, 2,8 millionar kroner
 - Kompensera bortfall av refusjon ved institusjonsplassering, 1,3 millionar kroner
 - 3 årsverk knytt til felles tiltaksavdeling for kommunane Time, Klepp og Hå. (To av dei vert refundert av Klepp og Hå) frå januar 2022
 - 0,5 årsverk knytt til oppfølging fosterheim frå januar 2022
 - 1,0 årsverk knytt til førebyggande ungdomsoppfølging frå januar 2022
 - 2,0 stillingar knytt til laget rundt læraren og eleven. Prosjektstillingar i skulehelsetenesta og PP-tenesta vert permanente frå hausten 2023
- 0,1 stilling knytt til rådgjevar i stab Oppvekst frå 2022. Vert finansiert av prosjektmiddel (DigUp) i 2022 og vert permanent frå 2023

- Opptrapping av ressursar knytt til stilling i ungdomsteamet. Siste del i utfasing av prosjektfinansiering. Stillinga vert permanent frå 2023.
- 1,3 lærarårsverk frå hausten 2022 på grunn av forventa elevtalsvekst
- 2,0 lærarårsverk ut over lærarnorm på Hognestad skule grunna skulen sin fysiske utforming.
- 1,0 årsverk knytt til morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring i innføringsklassane ved Bryne skule og Bryne ungdomsskule frå januar 2022
- 1,0 lærarårsverk styrking spesialundervisning i grunnskule frå august 2022
- 2,0 lærarårsverk knytt til lov pålagt tiltak, tidleg innsats 1.-4.trinn frå august 2022
- 0,2 årsverk til PPT, knytt til elevar på Vardheia ungdomsskule, vert refundert av Klepp
- 0,25 årsverk til skulehelsetenesta, knytt til elevar på Vardheia ungdomsskule vert refundert av Klepp
- Opptrapping av vidareutdanning for lærarar, auka med 50 000 kroner i 2022 og ytterlegare med 150 000 kroner i 2023
- Opptrapping digitale læremiddel (lisenskostnad), auka med 100 000 kroner i 2022, og ytterlegare med 250 000 kroner i 2023
- Auka lisenskostnad knytt til fagprogram i verksemndene, samla 392 000 kroner
- Fleire barnehagelærarar med opptrapping frå 2023 for å nå målet om at 50 % av dei barnehagetilsette skal vera barnehagelærarar innan 2025
- Statsbudsjett 2022: Ein ny naturfagtime frå 01.08.2022 og budsjettet er justert med 345 000 kroner i 2022 og 760 000 kroner frå 2023.
- Statsbudsjett 2022: Styrka kompetansen i barnevernet med 180 000 kroner per år frå 2023.
- Statsbudsjett 2022: Det er sett av 270 000 kroner årleg til styrking av barn og unges psykiske helse.

Reduserte utgifter og auka inntekter

- Statsbudsjett 2022: Redusert kapitaltilskot til private barnehagar med 700 000 kroner per år
- Statsbudsjett 2022: Redusert tilskot til private barnehagar på grunn av endra pensjonssats frå 13 % til 11 %. Reduksjon på 1,2 millionar kroner i 2022 og aukande til 1,6 millionar kroner frå 2024.

5.1.6 Oversikt over personalressursar

Oppvekst	31.12.2021	Nye	Redusert	31.12.2022
Administrasjon	7,1			7,1
Pedagogisk psykologisk teneste	8,9	0,2		9,1
Barnehagar	166,9			166,9
Undervisning	327,91	7,3		335,2
Vaksenopplæring	21,0			21,0
Flyktningetenesta	8,0			8,0
Kulturskule	11,8			11,8
Helsestasjons- og skulehelseteneste	20,4	0,3		20,7
Førebyggjande arbeid ungdom	2,3	1,0		3,3
Barnevern	22,3	3,5		25,8
Årsverk i alt	596,6	12,3	0,0	608,8

5.2 Omsorg

Tenesteområdet omfattar administrasjon, institusjonsteneste, heimeteneste og rehabilitering, miljøteneste, psykisk helse- og rusarbeid, aktivitets- og servicetenester og samhandling.


Framskrivinga viser auke i behov for omsorgstenester for kvart år framover. Utviklinga i helse- og omsorgstenesta, auke i talet på eldre og innbyggjarar med behov for ressurskrevjande tenester er hovudårsaka.

For å sikra berekraftig økonomi vil kommunedirektøren planlegga for lågast mogleg vekst i samla utgifter for tenesteområdet. Den venta auken i behov vil handterast gjennom å styrka dei lågare trinna i omsorgstrappa, og at nye og eksisterande tiltak vert rigga på ein driftseffektiv måte. Målet er å levera gode tenester av god kvalitet til ein lågare kostnad. Fagleg trygge medarbeidarar og leiarar er viktig i dette arbeidet, samt ein open og tett dialog med brukarar og pårørande.

For at kommunen skal ivareta innbyggjarane sine behov fram mot 2040, er kommunen avhengig av å planlegga og dimensjonera helse- og omsorgstenestene. Vidare oppfølging av tiltaka i Bustadplan 2020-2040 vert viktig i dette arbeidet. Det same gjeld tiltaka i handlingsplanen «Leve hele livet» og «Plan for demensomsorga i Time kommune 2021-2025».

Omsorg vil i planperioden styrka tilbodet på dei lågaste trinna i omsorgstrappa ved at kommunen gjev tenestene etter Beste Effektive Omsorgs Nivå (omsorgstrappa).

Omsorgstrappa



5.2.1 Status og utfordringar

I 2018 starta Omsorg arbeidet med å redusera utgiftene med bakgrunn i drifts- og ressursanalysen frå Agenda Kaupang. Den største gevinsten låg i å redusera behovet for institusjonsplassar, samt kostnad per plass. Dette vert gjort ved å styrka dei lågare trinna i omsorgstrappa og ha fokus på velferdsteknologiske løysingar.

Pandemien har gjeve tenesteområdet økonomiske og administrative utfordringar. Nokre av tiltaka vedtekne i Timeplan 2021-2024 er forsinka eller utsette til 2022.

Endringar i sjukdomsbildet inneberer at det vert stadig fleire brukarar med samansette behov. Mange av desse er unge og har behov for tenester store delar av livet. Sjølv om det er forventa at fleire eldre vil ha betre helse, vil mange ha behov for helsetenester. Tal på innbyggjarar med kognitiv svikt er aukande. Framskrivingar for Time kommune viser at tal på personar med demenssjukdom vil auka frå 281 personar i 2020 til 429 personar i 2025 (tal frå demenskartet.no).

Endringar i spesialisthelsetenesta, med sterkt reduserte liggetider og omlegging til dag poliklinikk og dagbehandling, gjev kommunen fleire oppgåver, både med omsyn til kompetansekrav og omfang av tenesteyting. Dette krev heilsakaplege og koordinerte tenester, både i kommunen og spesialisthelsetenesta.

Det har vore ei auke i innbyggjarar med behov for langtidsplassar. I tillegg har Time kommune betalt for fleire utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta. For å imøtekoma behovet, vart det opna tre midlertidige institusjonsplassar i juni. Behovet er vedvarande, og kommunedirektøren tilrår derfor å vidareføra desse plassane permanent frå 2022.

For å utsetta behovet for institusjonsplass er det nødvendig med eit tilpassa dag- og aktivitetstilbod for eldre. Time kommune har fått tildelt tilskot frå Statsforvaltaren for 2021 for å motverka einsemde hos heimebuande. Tilskotet vert nytta til å prøva ut tilrettelagt dagtilbod som «Inn på tunet». Kommunedirektøren ønsker å vidareføra dette tiltaket. «Inn på tunet» er eit godt supplement til dei kommunale dagtilboda, og særsmid med tanke på yngre personar med demenssjukdom.

Det har vore ei auke i tenester hos yngre personar med behov for omfattande tenester. Samtidig har refusjonar knytt til ressurskrevjande tenester vorte redusert.

Auka behov for tenester, fleire utbyggingsprosjekt og større krav til kvalitet og omstilling bidreg til høgt arbeidspress i Omsorg. Det er store endringar innan digitale helseverktøy med høgare krav om dokumentasjon og journalføring. Felles kommunalt journalsystem skal utarbeidast og det skal innførast kjernejournal i dei kommunale tenestane. Dette er utfordrande både for innbyggjarane, tilsette og leiarar. For å kunna ivareta heiltidserklæring, vert det stilt krav til leiing og god kompetanse innan ressursstyring.

Omsorg vil i heile planperioden arbeida for å auka gjennomsnittleg stillingsstørrelse, redusera sjukefråvær og styrka kompetansen hos tilsette og leiarar. Institusjon planlegg å prøva ut årsturnus i ei avdeling, med mål om å auka heiltid og redusera sjukefråvær.

Samarbeid med pårørande står sentralt i tenesteytinga, og vil vera fokus i alle verksemndene i planperioden. Kommunedirektøren vil legga fram ein pårørandestrategi for Utval for levekår i 2022.

Bustadplan 2020-2040 er eit godt styringsverktøy, og planen vil verta evaluert innan 2022.

Oppfølging av bustadplanen

Kommunestyret vedtok Bustadplan 2020-2040 15.09.2020. I planen er det planlagt å bygga ut avlastingsbustaden med fire plassar. Grunna avslag frå Husbanken er prosjektet forsinka. Årsaka til avslaget er, ifølge Husbanken, at bygget ikkje er integrert i ordinært bustadmiljø og at bygga er for institusjonsprega. Dette er utfordrande då behovet for avlasting til barn er aukande. Arbeidet med utgreiing av alternative løysningar har starta.

Nytt foreldreinitiativ etter modell av Foren burettslag er under utgreiing. Fleire pårørande har meldt interesse for eit slikt tilbod. Planen legg til grunn at foreldreinitiativet skal byggast på Svertingstad. I etterkant har fire føresette trekt seg ut og ønsker eit eige tilbod på Kvernaland. Bustadplan 2020-2040 syner at nye bufellesskap ikkje skal vera mindre enn seks bueiningar for å sikra berekraftig drift. Det vert arbeidd vidare med å finna gode løysningar i samarbeid med Husbanken. Kommunedirektøren vil i 2022 legga fram eit forslag om å bygga eit foreldreinitiativ saman med barne- og avlastningsbustad på Svertingstad. I planperioden vil det verta vurdert moglege løysningar for liknande samdriftsprosjekt på Kvernaland.

Time kommune har behov for fleire heildøgns omsorgsbustadar for eldre. Ved å etablera fleire omsorgsbustadar, vil kommunane kunna redusera framtidige behov for institusjonsplassar.

Utgreiing av utbygging ved Kvernaland omsorgssenter startar i slutten av planperioden. Kommunedirektøren vil og sjå på moglegheiter for å etablera legesenter på same stad.

Kommunedirektøren tilrår at planar om gangbrua mellom Sivdamheimen og Sivdamsenteret vert teke ut av planen. Gangbrua var eit tiltak for å utsetta behov for nattevakter i omsorgsbustadar på Sivdamsenteret. Utgreiing syner at gangbru vert kostbart sett opp mot forventa gevinst.

Vestbygget ved Bryneheimen var planlagt med fem leilegheiter. Kommunedirektøren tilrår at det vert lagt til rette for tre leilegheiter. Leilegheitene vil då kunna nyttast av eldre innbyggjarar med redusert buevne og behov for tilrettelagt bustad.

Kommunen kjøper i dag fleire eksterne heildøgntenester for personar med alvorleg psykiske lidingar.

Det er auke i talet på personar med langvarige innleggingar i spesialisthelsetenesta som slit med å bu i eigen bustad. Kommunen har fire delvis bemanna omsorgsbustadar for menneske med alvorleg psykisk liding. Det er svært lite samanlikna med andre kommunar, og dekker ikkje dagens og framtidas behov. Planar for utbygginga av Kolheiabufellesskap for innbyggjarar med alvorleg psykisk helsevikt har starta. Det var planlagt fire nye bueiningar,

men grunna tomtestørrelsen er det berre plass til tre nye bueiningar. Omregulering av tomta har ført til at bygginga vert forsinka med eit år.

Ifølge Bustadplanen skal det byggast robuste små bustadar som ligg utanfor eit ordinært bustadområde, men likevel sentrumsnært i forhold til offentleg kommunikasjon, helse- og servicetenester. Time kommune har kjøpt ei tomt på Re til dette formålet. Grunna pandemien er tiltaket forsinka. Arbeidet er nå starta, og første møte med naboor er gjennomført. Bustadane vil tidlegast stå ferdig i 2023.

For å sikra gode og trygge bumiljø, viser erfaringar frå andre kommunar at det er gevinstar ved å tilsetta miljøvaktmeister som hjelper leietakar med enkle vedlikehaldsoppgåver og praktisk burettleiring. Kommunedirektøren tilrår at dette tiltaket vert utsett til 2023.

Arbeid med utgreiing av ny sjukeheim startar i 2024.

Administrasjon og tenestekontor

Tenesta består av kommunalsjef Omsorg, fagstab, kommunepsykolog, lærlingar, kreftkoordinator og Teneste- og samordningskontor.

Teneste- og samordningskontoret arbeider med å sikra rett teneste til rett tid, jamfør omsorgstrappa.

Det vert viktig i planperioden å sikra at både tilsette og leiarar har ressursar for å kunne gje gode tenester til innbyggjarane, samt sikra eit godt arbeidsmiljø og ein attraktiv arbeidsplass. Kommunedirektøren ønsker å styrka organisasjonen med ein rådgjevar som ivaretak heiltidsarbeidet, samt kompetanseheving innanfor turnusarbeid og digitalt journalsystem. Stillinga føreslås finansiert i 2022 ved unytta midlar frå 2021 og innarbeid i ordinær drift frå 2023.

Kommunepsykologen sine arbeidsoppgåver har vorte omprioritert under pandemien. Målet er at denne stillinga skal nyttast både på brukar- og systemnivå. I 2022 vil kommunedirektøren utarbeida eit mandat for stillinga, og arbeida for at arbeidsoppgåvene vert godt kjent i organisasjonen.

Kommunen vert i statsbudsjettet for 2022 pålagt å betala for kostnadene til forvaltning og drift av helsenettet, inkludert grunndata og helseID, kjernejournal, e-resept og helsenorge.no. Påleggget gjeld uavhengig av bruken. Det er i statsbudsjettet rekna ein kostnad på 322 millionar kroner. Kommunane får kompensert for kostnaden for 2022, men må sjølv dekka auka kostnadene ut over i perioden.

Institusjonstenester

Tenesta har 79 langtidsplassar (8 av plassane er for ektepar/sambuarar), 15 korttids- og rehabiliteringsplassar, dagsenter for personar med demenssjukdom og demenskoordinator.

I KS 085/19 Årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vart det vedteke å legga ned fem institusjonsplassar i korttidsavdelinga Sivdamheimen 2. etasje. Kommunedirektøren vurderte då at det truleg er behov for å opna dei nedlagte institusjonsplassane i 2024. Etter ein lang


periode med pandemi er situasjonen annleis. Time kommune opplever auke i behov for institusjonsplassar. Kommunedirektøren ser behov for å opna dei nedlagde institusjonsplassane gradvis frå 2022.

Omsorg har arbeidd med å få ned kostnadane per institusjonsplass. Åra 2020 og 2021 er vanskelege å samanlikna grunna ekstrautgifter knytt til pandemien. I slutten av planperioden vil utgreiinga for bygging av ny institusjon starta opp. Framskrivinga syner auke i behovet for institusjonsplassar.

Med lågare dekningsgrad aukar talet på bebuarar med store helseutfordringar. Derfor er det lagt inn auke i bemanninga i planperioden.

Omsorg har fokus på ernæring for eldre som mottek kommunale tenester i form av heimeteneste og institusjon. For å systematisera og kvalitetssikra ernæringsarbeidet, har Omsorg søkt om tilskot frå Helsedirektoratet til prosjektstilling for klinisk ernæringsfysiolog over tre år. Prosjektet inngår i samarbeidet med Klepp kommune. Vertskommuneavtalen med Klepp kommune om levering av mat skal evaluerast i planperioden. Kommunedirektøren tilrår å oppretta ei stilling som ernæringsfysiolog gjennom omprioriteringar innanfor eksisterande rammer i Omsorg. Stillinga vil verta kombinert med andre oppgåver.


Dagtilbodet er ein viktig del av det kommunale omsorgstilbodet, gjev avlastning for pårørande, og kan utsetta behov for institusjonsplass. I 2021 fekk kommunen midlar frå Statsforvaltaren til å prøva ut dagtilbodet Inn på tunet. Målgruppa er yngre personar med demenssjukdom. Kommunedirektøren tilrår at tilboden vert vidareført i planperioden, og vil ha ein kostnad på 210 000 kroner årleg.



Denne tabellen viser driftsutgifter per institusjonsplass inkludert barne- og avlastingsbustad. Kommunen har redusert kostnaden til sjukeheim, men då behovet for barne- og avlastingsplassar er auka har kostnadane auka per plass.

Heimeteneester og rehabilitering

Tenesta omfattar heimesjukepleie, kvardagsrehabilitering, praktisk bistand/heimehjelp, dagsenter for eldre og omsorgsbustad.



Time kommune gjev heimeteneester til 24,3 % av alle over 80 år. Dette samsvarer godt med nabokommunane, men er lågare enn KOSTRA gruppe 7. Folketalsframskrivinga viser stor auke i innbyggjarar over 80 år. Utan endring i tenestene vil kostnadane auke proposjonalt med folketsutviklinga.

Det er auke i behov for heimesjukepleie, praktisk hjelp og omsorgsbustad. Det er forventa langt fleire 80-,90,- og 100-åringar. Dette er aldersgrupper som i gjennomsnitt nyttar mykje helsetenester, både kommunalt og regionalt. Fleire ønsker å tilbringa siste levetida heime med hjelp frå heimetenesta. I tillegg er det auke i behovet for tenester til personar med komplekse diagnosar og kroniske sjukdommar.

I 2022 vil ein evaluera tiltaket kvardagsrehabilitering, og sjå på andre moglege måtar å organisere tenesta på. Dette er ei oppfølging av tiltak i handlingsplanen «Leve hele livet». Kompetansehevande tiltak innan ernæring, palliasjon og velferdsteknologi vil stå sentralt. Tryggleiksalarmar og ulike sensorar som for eksempel døralarm, tråkkematte er det eit aukande behov for.

Omsorg har som mål å arrangere årleg seminar for pensjonistar med temaet «Korleis kan ein sjølv ta grep for å leva eit godt liv?».

Miljøtenester

Tenesta består av døgnbemanna omsorgsbustadar, brukarstyrt personleg assistanse (BPA), fritidskontaktar, barnebustad, avlasting, tilrettelagt aktivitetstilbod, eksterne institusjonsplassar og butilbod.

I Time kommune, som i resten av landet, har det over fleire år vore auke i talet på innbyggjarar med behov for heildøgntenester i eit livsløpsperspektiv. Dette skuldast blant anna utviklinga i helse- og behandlingstilbodet. Fleire av tenestemottakarane har auke i behov for lovpålagte tenester, og kommunedirektøren tilrår ei auke i ramma på 2,4 årsverk.

I 2021 vart det etablert eit nytt omfattande einetiltak, som gjev eit total nettokostnad på om lag 4 millionar kroner. Det er auka behov for bustadar for barn med store hjelpebehov og auka behov for avlasting. I vedteken bustadplan 2020-2040 ligg det inne planlagt utbygging av Kvernaland barn- og avlastningsheim for å dekka dette behovet. Husbanken godkjente ikkje planen. Kommunedirektøren arbeider med å finna andre løysingar. Driftsutgiftene for avlasting vil auke i planperioden.

Dei siste åra har det vore auke i behovet for private avlastarar, fritidskontaktar og omsorgsstønad. Dette er viktige tiltak for å avlasta pårørande. Kommunedirektøren tilråderfor ei auke i budsjettet.

Psykisk helse og rusarbeid

Tenesta består av døgnbemanna bufellesskap, ambulerande team og Meistringssenteret. I tillegg inngår utgifter til ACT-teamet ved Jæren distriktspsykiatrisk senter, som er ein modell for å gje oppsøkande og heilskaplege tenester til menneske med alvorlege psykiske lidingar, samt kjøp av midlertidige bustadar og tilskot til private lag og foreiningar.

Målet i planperioden er å vidareutvikla ettervernsarbeidet, auka gruppetilbodet og sikra eit tilgjengeleg og fleksibelt tenestetilbod i tråd med omsorgstrappa.

Tidlegare vedteken bustadplan vert følgt opp, men grunna pandemien er fleire av prosjekta forsinka. Det er lagt inn styrking av bemanning for å følga opp bebuarar i dei nye bustadane. Fleire innbyggjarar med utfordrande åtferd gjev auka kostnadar. Det er behov for å sjå på organisering av tenesta og dette arbeidet vil starta i 2022.

Time kommune gjev økonomisk tilskot til private lag og foreiningar som yter tenester til innbyggjarane. Det er eit supplement til det kommunale tenestetilbodet. Kommunen har fått fleire søknadar som kommunedirektøren ikkje har prioritert i budsjettet. Time kommune har styrka tenesta innan psykisk helse og rusarbeid og avtalen som Time kommune har med jærkommunane og Stiftelsen Huset (Funkishuset) vil derfor revurderast. Funkishuset driv eit lågterskeltilbod for rusmiddelavhengige der kommunen gjev ei driftsstøtte på 220 000 kroner årleg. Avtalen går ut året 2022. Veiledningsenteret Rogaland for pårørande til personar med rusmiddelavhengighet eller psykisk sjukdom får to kroner i driftsstøtte per innbyggjar. Jæren Mental helse får 10 000 kroner i støtte per år.

Aktivitet og servicesenter

Tenesta består av Time frivilligsenter kafe og aktivitet, kommunalt vaskeri, sysselsettingstiltak, Svendsenhuset og kommunalt tilsette sjåførar.

Ombygginga av det kommunale vaskeriet har starta.

Time frivilligsenter, kafé og aktivitet har budsjetterte salsinntekter som ikkje er realistiske. Kommunedirektøren føreslår å redusera desse med 300 000 kroner for å få eit realistisk budsjett. Omlegging av drifta ved Svendsenhuset til meir brukarstyrte tenester er årsak til reduksjon i budsjettet.

Samhandling

Jåren øyeblikkelig hjelp (JØH) er eit godt tilbod og alternativ til sjukehusinnlegging for innbyggjarane med forverring av sjukdomstilstand og kjent diagnose.

5.2.2 Mål for langtidsperioden

- Styrka dei lågare trinna i omsorgstrappa (Folkehelse)
- Styrka frivillig arbeid og eldreressursen (Folkehelse)
- Styrka samarbeid med pårørande
- Auka gjennomsnittleg stillingsprosent
- Redusera sjukefråværet
- Følga opp tiltaka i Bustadplan 2020-2040
- Følga opp handlingsplan til reforma «Leve hele livet»
- Følga opp plan for demensomsorga i Time kommune 2021-2025
- Følga opp avtalen Demensvennleg samfunn
- Implementera og nyttiggjera velferdsteknologi
- Styrka kompetansen på leiarar og tilsette
- Levera tenester på rett nivå til rett tid med god kvalitet
- Evaluera og følga opp vertskommuneavtalen med Klepp kommune om ernæring og matproduksjon

5.2.3 Tiltak i 2022

- Revidera «Strategiplan Omsorg»
- Evaluera og følga opp Bustadplan 2020-2040
- Følga opp heiltidserklæringa
- Greia ut behovet for samarbeidsutval for omsorgstenestene
- Gjennomføra brukarundersøkingar
- Etablira nytt tiltak i Vestbygget
- Evaluera kvardagsrehabilitering
- Evaluera organisering av verksemda rus- og psykisk helsearbeid
- Styrka kompetanse ressursstyring og elektronisk journal
- Ta i bruk velferdsteknologi i fleire verksemder
- Utarbeida ein pårørandestrategi
- Oppretta ei stilling som ernæringsfysiolog

5.2.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Omsorg Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			Endring 2021-2022	
	2020	2021	2022	2023	2024		
Administrasjon og tenestekontor	10 470	10 794	12 254	12 454	12 354	12 454	13,5 %
Institusjonstjenester	73 336	71 899	75 134	76 174	76 174	76 824	4,5 %
Heimetenester og rehabilitering	85 349	86 759	89 827	90 577	92 077	92 077	3,5 %
Miljøtenester	110 217	110 720	125 096	126 646	128 846	129 346	13,0 %
Psykisk helse og rusarbeid	24 408	25 582	30 162	31 872	32 122	32 122	17,9 %
Aktivitets- og servicetenester	7 138	6 585	6 066	6 066	6 066	6 066	-7,9 %
Samhandling	3 336	3 620	3 907	4 187	4 187	4 187	7,9 %
Sum netto driftsutgifter	314 254	315 959	342 446	347 976	351 826	353 076	8,4 %

Høgt lønnsoppgjer, auka turnustillegg og auka pensjonssats gjev auka lønnskostnadar på om lag 9 millionar kroner i Omsorg. Nye føringar for refusjon innan ressurskrevjande tenester gjev ein ekstrakostnad på om lag 2 millionar kroner. Kostnad knytt til to nye einetiltak gjev

ein nettokostnad på om lag 6 millionar kroner. Auka press på tenestene har ført til meirkostnad i alle verksemndene.

5.2.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

Endringane i framlagt statsbudsjett for 2022 som er innarbeidde i budsjetttramma for tenesteområdet er omtala berre under dette delkapitlet. Bruken av desse midlane må ein koma tilbake til. Det er auka usikkerheit knytt til endeleg statsbudsjett for 2022 grunna regjeringsskifte.

Auka utgifter og reduserte inntekter

- Nødvendig helsehjelp i Miljøtenesta 2,4 årsverk med delvis refusjon 2022
- Omsorgsbustadar Vestbygget 1 årsverk 2022
- Drift for utvida dagtilbod for personar med demenssjukdom 200 000 kroner
- «Inn på tunet» for unge personar med demenssjukdom 210 000 kroner 2022
- Omsorgsstønad, fritidskontakt og private avlastalarar 750 000 kroner 2022
- Styrka heimetenesta 1 årsverk 2022
- Robuste bustadar Re 1 årsverk 2023
- Kjøp av barnebustad med refusjon 3,9 millionar kroner 2022
- Kolheia 1 årsverk 2023
- Redusera kjøp av tenester ved utbygging av Kolheia 500 000 kroner 2023
- Styrka heimetenesta 1 årsverk 2023
- Auka pleietyngde institusjon 1 årsverk 2023
- Opna tre nedstengde institusjonsplassar 1,5 millionar kroner 2022
- Prosjektleiar foreldreinitiativ og barn/avlastningstilbod Svertingsstad 1 årsverk 2024
- 1 årsverk for å styrka ressursstyring, elektronisk journalsystem og velferdsteknologi frå 2022. Finansiert med prosjektmidlar for 2022
- Auka behov for ressurskrevjande tenester innan rus og psykisk helse 2 millionar kroner
- Redusert tilskot «Recovery» og ettervernstiltak rus og psykisk helse
- Statsbudsjett 2022: Betaling til staten for forvalting og drift av helsenettet til ein kostnad av 1,1 millionar kroner i 2022. Beløpet vil auka utover i perioden.
- Statsbudsjett 2022: Midlar til ein barnekoordinator frå hausten 2022 med 350 000 kroner i 2022 og 630 000 kroner frå 2023.
- Statsbudsjett 2022: Midlar til «Rådgivande eining for russaker» med 350 000 kroner.

Reduserte utgifter og auka inntekter

Ingen større reduserte utgifter eller auka inntekter.

5.2.6 Oversikt over personalressursar

Omsorg	31.12.2021	Nye	Redusert	31.12.2022
Administrasjon og tenestekontor	12,0	1,0		13,0
Institusjonstenester	98,7	2,0		100,7
Heimetenester	92,9	1,0		93,9
Miljøtenester	156,7	2,4		159,1
Psykisk helse og rusarbeid	35,5	1,0		36,5
Aktivitet- og servicetenester	9,6			9,6
Årsverk i alt	405,3	7,4	0,0	412,7

5.3 Samfunn

Tenesteområdet har som oppgåve å driva og utvikla allmenne tiltak og tenester for innbyggjarane. Dette vert gjort i tråd med intensjonane i lov og regelverk innanfor dei økonomiske rammene kommunen har. Innbyggjarane skal vera sikra førebyggande helsearbeid, nødvendig helsehjelp, hjelp til nødvendig livsopphald, bibliotek-, kultur- og fritidstilbod, kommunaltekniske tenester, planlegging, utbygging, drift- og vedlikehald av kommunale bygg, anlegg og uteområde og dessutan nødvendig oppfølging av landbruks-, miljø- og kulturverninteresser.

5.3.1 Status og utfordringar

Handtering av pandemien har prega store delar av 2021 og vil nok også gjera det utover i 2022. Norge er nå over i ein ny fase, som handlar om normal kvardag og samtidig auka beredskap. Testing vil mellom anna vera ein del av beredskapen framover. Handtering av pandemien har sett beredskapsarbeidet på prøve, og vist at kommunen er førebudd på å møta uventa utfordringar.

Jordvern og jordvermmål for kvar enkelt kommune har hatt fokus dei siste åra. Dette er særleg aktuelt i dei store landbrukskommunane på Jæren. Regjeringa kom med oppdatert jordvernstrategi og forsterka jordvernmål våren 2021. Korleis og i kva grad nyleg godkjende overordna arealplanar og Regionalplan for «Jæren og Søre-Ryfylke 2050» skal vurderast i så måte, er eit relevant spørsmål i åra framover. Kommunedirektøren vil ta initiativ overfor Klepp og Hå kommunar for å koma fram til felles prinsipp for fastsetting av eit kommunalt jordvernmål for Time kommune.

Arealdelen fase 2, Kvernaland, Frøyland og Kalberg vart godkjent i kommunestyret i juni 2021. Fagrafjell kraftstasjon opnar i 2023, og det er stor interesse for å sjå på moglegheitene dette gjev regionen.

Godkjend planstrategi for inneverande valperiode vart godkjend i 2020 og viser mellom anna til store utfordringar framover i høve områdeplanlegging. Plankapasiteten er styrka i 2021.

Arbeidsløysa i regionen har hatt ei positiv utvikling i 2021. I august 2021 er arbeidsløysa i Time tilbake på same låge nivå som i mars 2020, og total arbeidsløyse var 2,4 %. Optimismen i regionen sitt næringsliv er god og etterspurnaden etter arbeidskraft er stor. Utfordringa ligg i at det ikkje er godt samsvar mellom bedriftene sitt behov for kompetanse og den kompetansen mange av dei som er ute av arbeidslivet har. NAV har derfor auka fokus på kompetanseheving som verkemiddel i tillegg til dei meir tradisjonelle fokusa på helse og rask tilbakeføring til arbeid. Nedgangen i utbetaling av sosialhjelp har halda fram i 2021, og det vert arbeidd systematisk med å forsterka dette med fokus på arbeid og aktivitet.

I 2021 vedtok Time kommunestyre (KS-033/21) å inngå framtidig legevaktsamarbeid med kommunane Klepp og Hå og å avslutta samarbeidet med Sandnes legevakt.

Vertskommunesamarbeid om legevakt på Jæren skal gjelda frå 01.06.22.

Det er utfordringar i rekrutteringa til fastlegeordninga. Kvernaland legesenter er omgjort frå privat næring til kommunalt drifta legesenter frå 2021. Kommunedirektøren håper at dette,

saman med økonomiske tilskotsordningar frå kommunen og Helsedirektoratet, kan medverka til betre rekruttering av fastlegar.

Det har vorte investert i nye kommunale og private idrettsbygg/anlegg dei siste åra. I tillegg kjem to nye idrettshallar i tilknyting til Timehallen dei komande åra. Bygging av symjehall vil skje mot slutten av planperioden.

Det er ikkje lagt opp til vidare utgreining av Nye Storstova dei nærmaste åra.

Kommunen har frå 2021 igjen overtatt det fulle ansvaret for drift av vass- og avløpstenestene frå IVAR IKS. Renovasjonstenesta er det framleis IVAR IKS som drifter på vegne av kommunen.

I samsvar med vedtaket i sak 025/18 i Arbeidsmiljøutvalet, vil det i 2022 bli satt i gang arbeid med evaluering av organisasjonsstrukturen i Samfunn. Kommunedirektøren vil vurdere endringar i organiseringa viss evalueringa viser behov for dette.

Folkehelse

Den administrative delen av folkehelsearbeidet er lagt til Samfunn. Det betyr mellom anna ansvar for å utarbeida ein fireårig folkehelseprofil for kommunen og følga opp «partnarskap for folkehelse» saman med fylkeskommunen.

Det er utarbeidd nye partnarskapsavtalar som gjeld frå 2022 mellom kommunane og fylkeskommunen. Formålet med partnarskapet er å samordna folkehelsearbeidet i Rogaland og arbeida med felles målsetting om å fremja god helse og utjamna sosiale helseforskellar. Som del av avtalen skal det årleg utarbeidast ein handlingsplan for bruk av partnarskapsmidla.

Folkehelseprofil for Time for perioden 2018-2021 skal reviderast for ein ny fireårsperiode. Relevant statistikk og lokalkunnskap vil danna grunnlaget for ny folkehelseprofil.

Beredskap

Kommunen har i pandemien fått god trening i krisehandtering og beredskapsarbeid. Samarbeidet med jærkommunane har vore særstakt viktig for å redusera konsekvensane av pandemien. Samarbeidet har i periodar også inkludert Nord-Jæren, ut frå at dette er ein felles bu- og arbeidsregion.

Opplæring i krisehandtering, evaluering av uønska hendingar og beredskapsøvingar har stort fokus i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Kommunen har låg terskel for å setta krisestab når uønska hendingar skjer. Involverte leiarar og relevante støttefunksjonar er med på møta i kriseleiinga. Kommunedirektøren har valt å bruka ein metode der me har særleg fokus på kva konsekvensar denne hendinga kan få, for å få eit felles situasjonsbilde og for å danna eit grunnlag for samordning av tiltak.

Heilskapleg ROS-analyse er revidert og gjeld for perioden 2021-2024. Det er utarbeidd ein handlingsplan som inneholder tiltak som skal følgast opp i økonomiplanarbeidet, og tiltak av meir organisorisk eller planmessig art. Beredskapsplan for Time kommune skal reviderast.

Det same skal fagberedskapsplanar innan helse, omsorg og smittevern, jamfør Planstrategi 2019-2023.

Plan og utbygging

Plan og utbygging har ansvar for overordna planar, samferdselsplanlegging, arealplanlegging og alle investeringsprosjekt innanfor bygg og anlegg.

Kommuneplanens arealdel vart politisk godkjend i juni 2021.

Arbeidet med ei avgrensa revidering av kommunedelplan for Bryne sentrum (sentrumsplanen) starta i 2020. Planprogrammet vart fastsett i april 2021. Førstegongsbehandling er planlagt første halvår 2022.

Det pågår fleire reguleringsprosessar i Bryne sentrum. Arealdelen til kommuneplanen er saman med sentrumsplanen, styrande for arbeidet. Det vert arbeidd med ny gatebruksplan for Bryne, men val av løysingar må skje parallellt med avklaringar rundt framtidig gågate i Storgata og parkeringsløysing for Bryne sentrum. Dette arbeidet vil verta innarbeidd i revisjonen av sentrumsplanen.

Godkjend planstrategi for inneverande valperiode viser mellom anna fleire oppgåver framover når det gjeld områdeplanlegging.

Ved utgangen av 2021 er det i alt 18 investeringsprosjekt som pågår innanfor bygg og anlegg. Mange av dei strekker seg over fleire år. Det er forventa oppstart av seks nye prosjekt i 2022.

Samfunns- og landbruksforvaltning

Alt forvaltningsarbeid innan landbruk, byggesak, geodata, veg, trafikk, grøntområde, avløp, vatn og overvatn er nå samla i denne forvaltingseininga.

Det er eit uttrykt mål at samordninga av forvaltingssakene skal verta betre for innbyggjarane og dei næringsdrivande. Utfordrande forvaltingssaker skal handterast i positiv og klargjerande dialog med søkerar. Det er stort fokus på god service og behandling av saker innan lovpålagnede saksbehandlingsfristar.

Revidert landbruksplan godkjend i 2017 legg føringar for landbruksforvaltninga. Ny «Jordvernstrategi for matfylket Rogaland» vart godkjend i Fylkestinget i 2019. Målet for Rogaland er at omdisponering av jordbruksareal skal vera under 400 dekar i året. Strategien vil legga klarare føringar for jordvern i plan- og landbruksforvaltninga.

Arbeidet med å gjennomføra godkjend «Tiltaksplan for Håelva» i samarbeid med Hå kommune, samt å slutføra arbeidet med «Tiltaksplan for Orrevassdraget» i samarbeid med Klepp kommune vil ha prioritet dei komande åra.

Klima og miljø skal synleggjera og prioriterast i planperioden, og arbeid med revisjon av kommunedelplan for energi og klima 2011-2022 er starta opp. Planen vil verta omarbeidd frå ein kommunedelplan til ein temaplan kor også miljø ingår som tema (Temaplan for klima og miljø 2022-2032). Planen har fokus på medverknad og skal mellom anna innehalda konkrete tiltak mot reduksjon av klimagassutslepp, bevaring av naturmangfold, energieffektivisering og

klimatilpassing. Planprogrammet var på høyring sommaren/hausten 2021. Fastsetting av planprogrammet er planlagt hausten 2021, og endelig godkjenning av planen er planlagt hausten 2022.

I parkeringstenesta er talet på parkeringsautomatar i Bryne redusert ut frå plassering, parkeringsinntekter og faktiske driftskostnadene med kvar automat.

Geodata har i hovudsak hatt lik ordremengd årleg over fleire år, og er dimensjonert etter dette framover. Ressursar til byggesak vert auka for å sikra kvalitet og effektivitet i byggesaksbehandlinga. Tilsyn og ulovlegheitsoppfølging er viktige lovpålagede oppgåver som har høg prioritet i neste periode.

Oppfølginga av planen for rehabilitering av leikeplassar vil gå over mange år. Godkjende tiltak på Lye vert ikkje ferdige i løpet av 2021. Plan for Bryne er under utarbeiding. Kvernaland står for tur etter Bryne.

Brannvern


Rogaland brann og redning IKS har ein ny beredskapsanalyse under utarbeiding. Denne legg føringar for brannstasjonsstrukturen. Ny beredskapsanalyse og revidert brannstasjonsstruktur kjem til behandling til deltakarkommunane i 2022.

Styret i Rogaland brann og redning IKS har føreslått ein auke på 8,2 % frå 2021 til 2022. Godt og vel halvparten skriv seg frå auka husleige. Det vert i 2022 opna ny brannstasjon på Schankeholen i Stavanger, ny brannstasjon på Finnøy og ny mellombels stasjon på Klepp. Husleiga vil auka ytterlegare til 2023 når ny brannstasjon i Lervig i Stavanger vert teke i bruk. Dagens brannstasjon i Stavanger vert fasa ut frå 2024 og me får heilårsverknad frå 2025, noko som gjev reduserte husleigekostnadene.

Kommunedirektørane har gjeve brannvernet ei auka ramme på 6,04 % for 2022. Dette inkluderer også pris- og lønnsjustering. Resten av behovet må finansierast med effektivisering, omdisponering eller bruk av eit romsleg disposisjonsfond.

Det vil koma ei sak om ny eigarbrøk/fordelingsbrøk der folketalet per 01.01.2022 blir lagt til grunn. Stipulert ut frå folketal per 30.06.21 får Time kommune ein eigarbrøk på 5,87 %.

Helse og rehabilitering



KOSTRA-tala syner at Time har noko lågare fastlegedekning per 10 000 innbyggjarar enn samanliknbare kommunar (gruppe 7). Tilsvarande tal for årsverk fysioterapi per 10 000 innbyggjarar syner at Time ligg 2,6 årsverk under. I forhold til nabokommunane er dekninga meir lik for begge yrkesgruppene.

Nasjonale og lokale rekrutteringsvanskår tilseier at kommunen mellom anna må tenka langsiktig for å rekruttera framtidige fastlegar.

Kommunestyret vedtok i KS-sak 066/20 dato 15.09.20 at Kvernaland legesenter endrar driftsform frå privat næring til kommunal drift som eit tiltak for å rekruttera og behalda fastlegar. Frå 01.01.21 har legesenteret hatt kommunal drift og kostnadene for driftsåret vert tekne med i framtidig budsjett.

Kommunen deltek i eit prosjekt kalla “ALIS Vest” og får prosjektmidlar som kompenserer for deler av ei stilling over ein periode på fem år til ALIS (allmennlege i spesialisering). Ei slik stilling vil kunna hjelpe på rekruttering til fastlegar i privat næringsdrift og er lokalisert til Bryne. Det vert budsjettet for stillinga i femårsperioden 2021-2025.

I den nasjonale handlingsplanen for å styrka fastlegeordninga er eit av tiltaka å auka basistilstket for fastlegar med eit knekkpunkt på 1000 listepasientar gjeldande frå mai 2020.

Ny spesialistordning for legar i allmennteneste med forskrift frå 01.09.2017 inneber ei omstrukturering av ansvar og oppgåver for kommunen. Mangel på fastlegar og rekruttering av nye er ei utfordring for både Time kommune og landet generelt. Det er behov for å sjå på organiseringa av arbeidet rundt fastlegeordninga, samt drifta av Kvernaland legesenter, og å vurdere styrking av ressursane til å administrere denne. Kommunedirektøren har iverksett eit evalueringssarbeid knytt til dette.

Det ligg inne ressursar for avtale om samarbeid om interkommunalt ambulant rehabiliteringsteam (IKART) i Sør-Rogaland med Stavanger som vertskommune. Målet er å kunna gje eit godt rehabiliteringstilbod til brukarar mellom 18 og 67 år med komplekse problemstillingar og omfattande funksjonsfall. Avtalen gjeld ut 2022.


Frisklivsentralen prøver nå ut prosjektet «Friskliv Ung Jæren» med målgruppa unge i alderen 16-26 år. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time, og er støtta med midlar frå Statsforvaltaren ut 2021. Psykisk helse er hovudfokus for prosjektet, og NAV Klepp-Time er ein sentral aktør for rekruttering og samarbeid rundt målgruppa. Frisklivsentralen har nutta om lag 0,25 årsverk til prosjektet i prosjektperioden. Det er ønskeleg å styrka samarbeidet med NAV Klepp-Time etter prosjektperioden, jamfør tiltak i kap. 5.3.3 under Helse og sosialtenester. I langtidsperioden er det føreslått å styrka Frisklivsentralen frå 1,4 årsverk til to årsverk i 2023, og vidare arbeid med Friskliv Ung er ein del av denne styrkinga. Samtidig har ein erfart før pandemien at tverrfagleg samarbeid og pågang av deltakarar til tilbod, krev auke i ressursar for å oppretthalda ei robust teneste. Arbeidet med Friskliv Ung kan verta sett på vent eller måtte redusera tilbodet til ei eventuell styrking i 2023.


I 2016 vart det oppretta ein heimel for privat fysioterapi på Kvernaland legesenter, jamfør Levekår-sak 024/16 dato 01.06.16. I saka er det skreve at fagleg isolering er ei ulempe med å etablera eit fysioterapitilbod med berre ein heimel. Det er ikkje ønskeleg på lang sikt grunna mellom anna at fagleg utvikling, robust teneste og kvalitet på tenesta vert dårlegare enn om det var eit større fagmiljø. Det er lagt inn forslag i langtidsperioden om å styrka tilboden frå 2023.

Det er ei nasjonal og lokal satsing på at eldre skal bu lengst mogleg i eigen bustad. Dette krev mykje tilrettelegging av hjelphemiddel frå folketrygda. Kommunen er ansvarleg for formidling, montering og reparasjonar av hjelphemiddel, jamfør samarbeidsavtale mellom NAV Hjelphemiddelsentral og kommunen. Etter initiativ frå kommunane Klepp og Sola ser me på mogelegheita for eitt felles hjelphemiddellager for desse tre kommunane. Kommunedirektøren vil leggja fram ei eiga sak om dette.

Sosialtenester/NAV Klepp-Time

NAV Klepp-Time vil styrka fokuset på intensjonane med samanslåinga, som vart bremsa av pandemien. Hovudprioriteringar på kommunal side for tenesteeininga vert framleis å fortsetta arbeidet med å redusera talet på unge vaksne som tek imot sosialhjelp. Dette vil me gjera gjennom å gje tenester på tvers, vidareutvikla kvalifiseringsordninga og auka overgangen til arbeid og utdanning for brukarar med minoritetsbakgrunn som mottek sosialhjelp.





Utviklinga dei siste åra i begge dei ovannemnde indikatorane held fram i positiv retning. Tala til Time ligg nå under Hå og Sandnes og enten jamt med eller under kostra-gruppe 7. Løyvingane til sosialhjelp er som følge av den gode utviklinga i 2020 og 2021 redusert ytterlegare i 2022, men det er tatt høgde for at barnetrygd ikkje lenger skal reknast som inntekt ved utmåling av sosialhjelp.

Kultur

Kommunestyret vedtok i 2019 ny «Kulturplan 2019-2027 – Time kommune». Planen har tre satsingsområde: «Nye Storstova», «Haugtussa-veka» – ei vidareutvikling av Garborgdagar, og «Kulturstiar i Time» – tilrettelagde turar med kunst og kultur av høg kvalitet. Kulturplanen skal inspirera, motivera og gje retning for arbeidet med å vidareutvikla kulturkommunen Time.

Det vart i åra 2019-2021 gjort enkelte bygningsmessige utbetringer av kulturhuset Storstova. I tillegg vart ein del av utstyret oppgradert. Det vart innført ei ny ordning med husleigetilskot for lokale lag og organisasjoner, for å stimulera til auka bruk. Det er i perioden sett av midlar til rehabilitering av foajeen og til nødvendig oppgradering av utstyr. Arbeidet med «Nye Storstova» er lagt på is.

Etter ein god start i nye lokale for Bryne kino, har dei siste åra vore prega av pandemisituasjonen med smittevernrestriksjonar og liten tilgang på nye filmar, med sviktande besök og inntekter som resultat.

Framover er utfordringa for så vel kulturhuset som kinoen, å vinna tilbake publikum. Arbeidet med marknadsføring og sal av førestillingar og salar er nyleg styrka ved omdisponering av personellressursar. Storstova, Bryne Mølle og Bryne kino er alle attraktive som arenaer for møte, konferansar med meir.

Time bibliotek har teke i bruk eit nytt og meir publikumsvennleg biblioteksystem. Biblioteket har i løpet av 2021 vorte meir tilgjengeleg ved innføring av «meirope bibliotek», noko som betyr utvida tilgang for brukarane i tidsrom der biblioteket ikkje er bemanna. Biblioteket vil framover arbeida målretta for å realisera visjonen om å vera ein oase for kunnskap og oppleving.

Det er ei viktig oppgåve å følga opp kommunedelplanen for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv med årleg revisjon av handlingsprogrammet og prioritering av anlegg og andre tiltak. Den nye Vardheihallen med eigen turnhall vart teken i bruk i 2021. Det er i perioden sett av midlar til ny dobbel idrettshall og ny symjehall på Bryne. Rehabilitering av fasaden på Timehallen må samkøyrast med bygging av ny idrettshall. I tillegg kjem midlar til ei rekke friluftslivs- og nærmiljøanlegg.

Det er sett av midlar til 0,5 årsverk for å gjera «Alle med»-prosjektstillinga fast. Erfaringar så langt viser at tiltaket bidreg til at barn og unge, uavhengig av familien sin økonomi, vert inkluderte i lag og organisasjoner.

Arbeidet med ein eigen frivilligstrategi for samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor held fram i 2022.

Eigedom, vegar og grøntanlegg


Alt reinhaldsarbeid og vedlikehaldsarbeid for veg, grønt/park, friområde, gravplassar og alle kommunale eigedommar og bygningar er samla i tenesteeininga Eigedom. Frå 2021 har også alt vedlikehaldsarbeid for vass- og avløpstene vorte innlemma i eininga.

Kommunen har framleis noko etterslep når det gjeld reasfaltering av kommunale vegar og gater. Innsatsen her har vore styrka nokre år, så det er håp om at etterslepet vil verta redusert dei neste åra. På grunn av meir arbeid etter oppgraderinga av Fritz Røed parken i Bryne sentrum og utvida gravplass ved Time kyrkje i 2019, har det i 2021 vorte auka ressursar til vedlikehald av nemnde område.


Det er i 2020 gjort forsøk på å redusera reinhaldskostnadane ved å endre noko på kvalitet og frekvens på skular og administrative lokale. Erfaringane så langt er positive både for brukarane av bygga og dei tilsette. Denne standarden er nå innført på alle skular og kontorbygg, og det er spart inn tre årsverk i reinhaldsavdelinga. Eitt årsverk er overført til drift av gravplass og to årsverk er redusert i budsjettet frå 2022.

Dei siste åra har det vorte arbeidd ein heil del med å auka stillingsprosenten til reinhaldarane. Det er nå 23 av 48 tilsette som har 100 % stillingar, og heile 40 av 48 som har 80 % stilling eller meir. Vurderinga er no at ein har nådd grensa for å auka fleire av reinhaldarstillingane, då det har vore utfordrande å få reinhaldskabalen til å gå opp grunna tilgjengelegheta i dei kommunale bygga mellom kl. 10.00 og 14.00. Det har vorte meir krevjande å leia, og brukarane av dei kommunale bygga må vera endå meir fleksible i høve reinhaldstidspunktet på dagen. I tillegg så kan det også generera noko meir dødtid.

Det er sett av ressursar til å bytta ut lysmaster til LED dei neste åra, noko som vil føra til mindre energibruk og vedlikehaldskostnadane, jamfør forslag til investeringsbudsjett.



KOSTRA-tala for 2020 viser at Time i hovudsak er på same nivå med areal til egedomsforvaltning per innbyggjar som Hå, Klepp og aktuell KOSTRA-gruppe.



Driftsutgifter til egedomsforvaltning er om lag på same nivå som nabokommunar og aktuell KOSTRA-gruppe.

Vatn, avløp og renovasjon

VAR-tenestene vert frå 2021 ivaretakne i nært samarbeid mellom Plan og utbygging, Samfunns- og landbruksforvaltning og Eigedom.


Hovudtiltaka i Hovudplan for vatn og avløp 2016-2025 har fokus på å sikra robust vassforsyning til heile kommunen, sanering av gammalt og dårlig leidningsnett og handtering av overvatn. Ei lang rekke overvass- og saneringstiltak er nå definerte, og fleire av tiltaka er under utføring og planlegging, sjå kapittel 7. Vassforsyningstryggleiken vil betrast ved samankopling mellom Klepp og Time i forbindelse med skuleutbygginga i Vardheia. I tillegg skal det i åra framover planleggast og arbeidast med å etablera ei tosidig vassforsyning til forsyningsområdet Lyefjell.

Det er framleis alt for høgt tap/lekkasje av vatn i nettet. Dette betyr høgare pris på fakturert vassmengd. Det er ei prioritert oppgåve framover å gjennomføra tiltak for å redusera tap/lekkasje i vassnettet.

Framleis går det alt for mykje avløpsvatn til reining samanlikna med det kommunen vert fakturert for av vatn av IVAR IKS. Mengdene aukar betydeleg når det er store nedbørsmengder. Det er ei prioritert oppgåve framover å gjennomføra tiltak for å redusera mengda avløpsvatn som må reinsast, og sikra at meir av dette går i overvassnettet.

Kommunane har plikt til å føre tilsyn og kontroll med private avløpsanlegg. Per 01.01.20 er det registrert 316 private avløpsreinseanlegg i Time kommune. Kommunedirektøren vil våren 2022 legge fram sak som skisserar opplegget for opprydding i forureining frå private avløpsreinseanlegg i område med spreidd busetnad.

IVAR IKS utfører framleis renovasjonstenesta for oss etter ny samarbeidsavtale frå 2021.



Gebyrgrunnlag og inntekter viser eit mindre avvik. Dei etablerte henteordningane for hushaldsavfall inngår i gebyrgrunnlaget.

Behandlingsavgifta til IVAR IKS for restavfall og våtorganisk avfall aukar med høvesvis 15 % og 10 % i 2022. Grunnlaget for auken er blant anna utfordrande og upårekna utfordringar i oppstarten av to store og krevjande anlegg, samt tidlegare års underskot (som det står om i økonomiplanen 2022-25 til IVAR). Ettersorteringsanlegget for restavfall har stabil drift for sorteringsdelen, men det er framleis oppstartsvanskar i produksjonen av salbare plastpellets, som det vert jobba mykje med for å løysa. Frå 2023 vil behandlingsavgifta for restavfall auka med ytterlegare 8,7 %. Dette vil påverka renovasjonsgebyret i 2022 og truleg også i 2023. Det vil verta brukt 1,5 millionar kroner av tidlegare avsette fondsmidlar for renovasjon, slik at gebyrauka vert på 60 kroner for eit basisabonnement.

Henteordninga for grovavfall og farleg avfall vart auka i 2021. For hageavfall har hentefrekvensen vore noko redusert på grunn av kapasiteten til Renovasjonen (utførar). Dette vil derimot ordna seg i 2022.

IVAR IKS jobber med ei løysing der kommunane truleg må skilja hageavfall frå matavfall. Oppstartsdato for dette er ikkje bestemt, men kan skje i 2023. Då hageavfall er billigare å behandla enn matavfall, er det ikkje forventa at dette vil påverka gebyret i stor grad.

5.3.2 Mål for langtidsperioden

- Redusera konsekvensane av barnefattigdom ([Folkehelse](#))
- Følg opp godkjend planstrategi for denne valperioden innanfor økonomiske rammer
- Bryne sentrum skal utviklast som regionsenter, i tråd med ny regionalplan og med urbane kvalitetar i samsvar med sentrumsplanen
- Ha ein nullvisjon med tanke på trafikkulykker ([Folkehelse](#))
- Legga til rette for at ein aukande del av persontransporten skjer med buss, bane, til fots og på sykkel ([Folkehelse](#))
- Vera pådrivar og samarbeidspart for å vidareutvikla kollektivtilbodet mellom Bryne og andre byar og tettstadar ([Folkehelse](#))
- Godkjend landbruksplan, nasjonal og regional jordvernsstrategi skal vera grunnlaget for behandling av forvaltningssaker i landbruket
- Vasskvaliteten i vatn og bekkar på Jæren skal oppfylla krava i EU sitt vassdirektiv
- Sikra nødvendig rekruttering til fastlegeordninga
- Redusera talet på unge sosialhjelpmottakarar og langtidsmottakarar av sosialhjelp ([Folkehelse](#))
- Redusera talet på brukarar med flyktningbakgrunn som mottek sosialhjelp ([Folkehelse](#))
- Følg opp nasjonal målsetting om at 65 % av flyktningane skal vera i arbeid eller utdanning eitt år etter avslutta introduksjonsprogram ([Folkehelse](#))
- Gje publikum eit mangfoldig kultur- og filmtilbod og styrka Bryne kino som ein attraktiv møtestad
- Styrka moglegitetene for idretts- og friluftsaktivitetar, og sørga for aktiv bruk av nye idrettshallar ([Folkehelse](#))
- Sikra god tilgang på område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv ved utbygging og fortetting ([Folkehelse](#))
- Optimalisera og redusera energibruken i kommunale bygg
- Sikra ei effektiv, sikker og miljøvenleg renovasjons-, vass- og avløpstjeneste som dekker hushalda og næringslivet sine behov
- Etablera tosidig vassforsyning til forsyningssområdet Lyefjell
- Skifte ut minimum 1 % av kommunale vass- og avløpsleidningar årleg

5.3.3 Tiltak i 2022

- Evaluera organisasjonsstrukturen i Samfunn

Folkehelse

- Laga handlingsplan for bruk av partnarskapsmidla ([Folkehelse](#))
- Fullføra arbeidet med revisjon av Folkehelseprofil for kommunen ([Folkehelse](#))
- Følg opp funn i «Folkehelseundersøkinga 2020» i plan- og tiltaksarbeid ([Folkehelse](#))

Beredskap

- Gjennomføra beredskapsøving som inkluderer kriseleiinga
- Gjennomføra opplæring i krisehandtering og beredskapsøving for leiarar i verksemder som ikkje har fått opplæring
- Følga opp tiltak i handlingsplanen i Heilskapleg ROS-analyse 2021-2024 Time kommune
- Revidera Beredskapsplan for Time kommune
- Revidera fagberedskapsplanar innan helse, omsorg og smittevern

Plan og utbygging

- Få godkjend (ny) Samfunnsdel til kommuneplanen 2022-2034 ([Folkehelse](#))
- Utarbeida gatebruksplan for Bryne ([Folkehelse](#))
- Revidera Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026
- Innføra eigedomsmodulen for å betre internkontrollsystemet for arealplanlegging

Samfunns- og landsbruksforvaltning

- Utarbeida «Tiltaksplan for Orrevassdraget» saman med Klepp
- Følga opp godkjend «Tiltaksplan for Håelva» saman med Hå
- Saksbehandlingstida for byggesak og geodata skal ligga godt innanfor føringane i nasjonale lovar og forskrifter
- Gjennomføra brukarundersøking for byggesaksbehandlinga
- Gjennomføra brukarundersøking innan landbruksforvaltninga
- Endeleg godkjenning av temoplan for klima og miljø
- Gjennomføra prioriterte tiltak i trafikksikringsplanen ([Folkehelse](#))
- Effektivisering i bruken av parkeringsautomatar
- Oppfølging og opprydding i etablerte reinseparkar

Brannvern

- Ny beredskapsanalyse og revidering av brannstasjonssstrukturen
- Endra selskapsavtalen slik at dagens folketal i dei ulike kommunane vert gjort gjeldande for kostnadsfordelinga for 2022

Helse- og sosialteneste

- Gjennomføra brukarundersøking for kommunal og privat fysioterapiteneste
- Gjennomføra brukarundersøking for ergoterapiteneste
- Prosjektperioden for «Friskliv Ung» går ut 2021 og frå 2022 skal det implementerast i ordinær drift ([Folkehelse](#))
- Delta i eit interkommunalt rehabiliteringstilbod til brukarar mellom 18 og 67 år med komplekse problemstillingar og omfattande funksjonsfall (IKART)
- Etablira eige brukarutval for NAV Klepp-Time
- Etablira og vidareutvikla tverrfaglege arbeidsmetodar for å støtta unge vaksne med samansette vanskar inn i arbeid eller utdanning ([Folkehelse](#))
- Etablira aktivitetsplikt for å utvikla språket til unge som mottek sosialhjelp og har språk som ei av hovudutfordringane for å koma i arbeid eller utdanning.
- Evaluera organiseringa av arbeidet rundt fastlegeordninga, og eventuelt styrka ressursane til å administrera denne.

- Barnetrygd skal ikke lenger reknast som inntekt ved utmåling av sosialhjelp. Delvis effekt i 2022 og full effekt i 2023 ([Folkehelse](#))

Kultur

- Gjera ferdig strategien for frivillig arbeid ([Folkehelse](#))
- Revidera kulturminneplanen (2020-2022)
- Gjennomføra brukarundersøkingar av kino, kulturhus og bibliotek

Eigedom, vegar og grøntanlegg

- Halda fram med utskifting av eldre veglys til LED lys, ENØK-tiltak
- Systematisera og digitalisera drifta av overvass-, veg- og grøntanlegg
- Ta i bruk ny miljøvenleg teknologi for vedlikehald av grøntområde
- Halda fram med tiltak og planar for oppgradering av kommunale leikeplassar ([Folkehelse](#))
- Vurdera kvalitet og frekvens innan reinhald som ledd i kostnadsreduksjon framover
- Gjennomføra nødvendige brannsikringstiltak etter tilsyn i kommunale bygg
- Vurdera leigesatsane for utlegebustadane i forhold til marknadsleiga for leigebustadar på Jæren

Vatn, avløp og renovasjon

- Få alle resterande abonnentar over på vassmålar
- Gjennomføra systematisk lekkasjesøking i leidningsnettet for vatn
- Gjennomføra systematisk søking etter framandvatn i avløpsnettet
- Syta for førebyggande tiltak for overvasshandtering i utsette område på Bryne
- Auka kvaliteten på innhald i brun dunk for våtorganisk avfall ved å gjennomføra eit prøveprosjekt med eigen hageavfallsdunk
- Auka henteordningsfrekvensen for grovavfall til kvar veke og farleg avfall til 6. kvar veke
- Ta i bruk tekniske verktøy for handtering av tømming og serviceoppdrag i renovasjonstenesta, blant anna styringsverktøy og elektronisk nivåmåling
- Starta arbeidet med opprydding i forureining frå private avløpsreinseanlegg

5.3.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Samfunn	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Økonomiplan				Endring 2021-2022
			2022	2023	2024	2025	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Administrasjon	3 550	3 642	3 660	3 660	3 660	3 660	0,5 %
Plan og utbygging	2 790	2 577	3 141	3 391	3 391	3 391	21,9 %
Samfunns- og landbruksforvaltning	5 877	5 493	6 152	6 152	6 152	6 152	12,0 %
Brannvern	12 191	13 990	14 516	15 066	14 826	14 706	3,8 %
Helse og rehabilitering	38 346	36 862	38 524	38 934	39 159	39 159	4,5 %
Sosialtenester	27 214	27 506	28 724	30 024	29 824	29 824	4,4 %
Kultur	26 256	22 687	22 782	22 807	22 807	22 807	0,4 %
Eigedom	46 212	45 894	47 830	48 480	48 230	48 380	4,2 %
Vegar og grøntanlegg	19 797	20 561	21 066	21 066	21 066	21 066	2,5 %
Vatn, avløp og renovasjon	0	0	0	0	0	0	
Sum netto driftsutgifter	182 233	179 212	186 395	189 580	189 115	189 145	4,0 %

5.3.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

Endringane i framlagt statsbudsjett for 2022 som er innarbeidde i budsjettetramma for tenesteområdet er omtala berre under dette delkapitlet. Bruken av desse midlane må ein koma tilbake til. Det er auka usikkerheit knytt til endeleg statsbudsjett for 2022 grunna regjeringsskifte.

Auka utgifter og reduserte inntekter

- Tilskotet til Rogaland Brann og redning IKS er auka med 1 million kroner i 2022, 1,5 millionar kroner i 2023, 1,3 millionar kroner i 2024 og 1,1 millionar kroner i 2025. Kostnadsauken gjeld husleige for nye brannstasjonar.
- Auka utgifter til legevakt, 150 000 kroner
- Auka fastlønnstilskot for fastlegar i privat næring, 1 million kroner
- Statsbudsjett 2022: Auka fastlønnstilskotet med ytterlegare 170 000 kroner i 2022 og med heilårsverkand på 340 000 kroner frå 2023
- Styrking av kommuneoverlegefunksjonen, 0,2 årsverk
- Auka utgifter til Norsk pasientskadeforsikring, 200 000 kroner
- Styrking av drifta ved Frisklivsentralen med netto 200 000 kroner frå 2023.
- 600 000 kroner til miljøvaktmeister frå 2023.
- 225 000 kroner (50%) i auka driftstilskot til fysioterapi, Kvernaland og auka til 100 % frå 2024.
- Økonomisk sosialhjelp er auka med om lag 1 million kroner i 2022 og med 2 millionar kroner frå 2023 for å ta høgde for at barnetrygd ikkje lenger skal reknast som inntekt ved utmåling av sosialhjelp.
- Årlege driftsutgifter på om lag 4 millionar kroner for ny ungdomsskule, idrettshall og turnhall i Vardheia der Klepp refunderer 2,2 millionar kroner.
- Årlege netto lønnsmidlar på om lag 800 000 kroner til arealplanleggjar og byggesaksbehandlar frå 2022.
- 200 000 kroner årleg til Frivillige tiltak i landbruket (interkommunalt samarbeid).
- Auka tilskot på 617 000 kroner til andre idrettsanlegg.
- 150 000 kroner anna kvart år til reingjering av stolar i kino, Storstova og bibliotek frå 2023.
- Auka leigekostnadar på 0,6 millionar kroner til leige av nytt lager til NAV-tiltak, hjelphemidlar og renovasjon.

Reduserte utgifter og auka inntekter

- Innsparing på 1,2 millionar kroner til reinhald skule/rådhus.
- Utgifter til leige av private bustadar er redusert med 0,6 millionar kroner.
- Sosialhjelpa er redusert med 0,5 millionar kroner på grunn av positiv utvikling i 2021. Denne utviklinga er forventa å halda fram.
- Tilskotet til Rogaland brann og redning IKS er redusert med 0,5 millionar kroner som følge av at reelle folketal vert teke i bruk frå 2022.

5.3.6 Oversikt over personalressursar

Samfunn	31.12.2021	Nye	Redusert	31.12.2022
Administrasjon	3,0	0,2		3,2
Plan og utbygging	8,0	1,0		9,0
Samfunns- og landbruksforvaltning	11,7	1,0		12,7
Helse og rehabilitering	22,1			22,1
Kultur	26,2	0,5	-0,3	26,4
Vegar og grøntanlegg	17,5			17,5
Eigedom	75,5	0,1	-2,0	73,6
Vass, avløp og renovasjon	11,8			11,8
Årsverk i alt	175,8	2,8	-2,3	176,3

Hovudendringane i personalressursar er at Plan og utbygging er styrka med 1 årsverk arealplanleggar og Samfunns- og landbruksforvaltning er styrka med 1 årsverk byggesaksbehandlar. Det er netto redusert 1,9 årsverk innanfor reinhald (Eigedom). Flyktningtenesta er overført til Oppvekst og Næring er overført til kommunedirektøren, tilsvarende 5 årsverk.

5.4 Stab

Stabstenestene omfattar politiske organ og felles administrasjons- og stabsfunksjonar som omfattar heile kommunen. Det gjeld politisk sekretariat, dokumentsenter, innbyggarservice og kommunikasjon, kommuneadvokaten, digitalisering og utvikling, økonomi og rekneskap og lønn og personal.

Næringsarbeidet og Time kyrkjelege fellesråd vert òg omtala i dette kapittelet.

5.4.1 Status og utfordringar

Næring

Næringssamarbeidet Greater Stavanger er avslutta og er frå 2022 ute av økonomiplanen med heilårsverknad. Det pågår arbeid med fleire regionale næringsprosjekt for eksempel «Energihovudstaden», «Opplev Jæren» og regionalt reiselivsprosjekt i regi av Sandnes kommune. Det er ikkje sett av midlar til nye næringsprosjekt eller samarbeid i økonomiplanperioden. Dersom det vert behov for løyvingar vil kommunedirektøren legga fram eigne saker om dette.

Kommunen kjøper etableringsrettleiing for personar som ønsker å etablera nye verksemder frå Skape, som er eit partnarskap mellom alle dei 23 kommunane i fylket og Rogaland fylkeskommune.

Kommunestyret vedtok i behandlinga av økonomiplan 2021-2024 å fjerna stillinga som næringssjef med heilårsverknad frå 2022. Oppgåvene vert ivaretakne av kommunedirektør, ordførar og varaordførar. Det har høg prioritet å ha dialog med lokal og regional næringsforeining og aktørar som ønsker å bidra, eller allereie bidreg, til næringsutvikling og arbeidsplassar i kommunen. Det var opphavelig noko saksbehandling knytt til stillinga som næringssjef. Dette vart det ikkje sett av ressursar til.

Politiske organ


Budsjettløyvinga dekker dei folkevalte organa, politisk sekretariat og gjennomføring av val i kommunen. Størrelsen på løyvinga varierer med utgangspunkt i når det er valår.

Kommunen har over lengre tid hatt direkteoverføring av kommunestyremøta på internett. Under pandemien har ein òg nytta direkteoverføring av formannskapsmøta og utvalsmøta for å redusera frammøte av publikum. Dette vil ein fortsetta med for å vidareføra den låge terskelen for å følga med på møta. Det vert sett av budsjettmidlar til nødvendig utstyr og lisensar.

Handlingsplan for lokaldemokratiet vert i 2022 innarbeidd i kommuneplanen sin samfunnsdel for å redusera planmengda i kommunen.

Det var i 2021 budsjettert med ein dag opplæring for folkevalde, denne dagen vert gjennomført i 2022.

Administrasjon



Innbyggarservice og kommunikasjon

Innbyggarservice og kommunikasjon skal bidra til at kommunen kommuniserer på ein god og strategisk måte både internt i organisasjonen og eksternt mot innbyggjarane. Vidare skal avdelinga vera ein god rådgjevar for organisasjonen innan mellom anna mediehandtering og sosiale media, og sikra at kommunen er framtidsretta i kommunikasjonen med innbyggjarane.

Stadig meir av kommunikasjonen med innbyggjarane føregår digitalt. Det er derfor viktig at innbyggjarane våre på ein enkel måte kan finna og forstå informasjon frå kommunen i digitale kanalar. For å lykkas på dette området må me ha god kvalitet på det innhaldet me produserer, i tillegg til at innhaldet må vera tilpassa den enkelte kanal. Sentrale kanalar er nettsida og Facebook.

Samtidig som mykje skjer digitalt, er det også viktig å ivareta innbyggjarar som har utfordringar på dette området. Her har Innbyggarservice ein viktig rolle i si rolle som førstelinje både på sentralbord og i ekspedisjonen.

Grunna auka arbeidsmengde sjå Innbyggarservice og kommunikasjon vil kommunedirektøren styrka avdelinga med eit 0,25 årsverk, og saman med eksisterande og vakante ressursar etablera ein 100 % stilling.

Dokumentsenteret

Dokumentsenteret skal, i samarbeid med resten av organisasjonen, sikra at Time kommune sin dokumentasjon vert teken vare på for nåtid og framtid etter gjeldande lovar og reglar. Time kommune skal dokumentera vedtak og tiltak og ta vare på dokumentasjon av dei juridiske rettane og pliktane som personar, organisasjonar, bedrifter og offentlege organ har.

For å sikra dette må me sørga for at me bruker riktige system og prosessar, og at dei som skal nytta systema er i stand til å bruka dei. Arkivverket har eit mål om at innan 2025 skal ingen saksbehandlarar trenga å tenka på å arkivera. For å nå dette målet er det mange tekniske løysingar som må på plass.

Digitalisering og utvikling

Kommunen er ein deltakar i det regionale samarbeidet Digi Rogaland og deltek i faggruppene informasjonssikkerhet, e-helse, IT-drift, strategi og FKJ (Felles Kommunal Journal).

Me har òg eit medlem i arbeidsutvalet. Målet med samarbeidet er å bruka digitale verktøy for å gje betre tenester til innbyggjarar og næringsliv. Samarbeidet skal hjelpe kommunar å oppnå gevinstrealisering og innføra store nasjonale digitaliseringssprosjekt, for eksempel DigiHelsestasjon, DigiHelse, DigiSos og Min side.

I økonomiplanperioden vil Microsoft 365 (M365) verta innført i heile kommunen.

Kommunen sin infrastruktur må leggast til rette for bruk av digitale hjelpe midlar som for eksempel videomøte. Målet med innføringa av M365 er å få ein god plattform til samhandling, kommunikasjon og informasjon. Det skal innførast digitale elevmapper i skulen, og det vil verta innført koplinger frå skulesystemet til SvarUt-tenesta. Innføringa av velferdsteknologi er også eit stort satsingsområde i perioden. Fleire konkrete digitaliseringssprosjekt er omtala under dei enkelte tenesteområda.

Sikkerheit vil vera eit prioritert område i perioden, basert på dei store digitale “angrepa” på kommunale, statlige og private verksemder siste året.

Økonomiavdelinga

Kommunen har ei sentralisert økonomiforvaltning der avdelinga har ansvar for budsjett, rekneskap, rapportering, leiarstøtte, innkrevjing, innkjøp og utgreiingsarbeid.

Det har vore arbeidd mykje med å digitalisera arbeidsoppgåvene i avdelinga. Utsending av faktura skal verta enklare og innbyggjar skal motta faktura på den kanalen dei sjølv ønsker (e-faktura, avtalegiro, Vipps, digital postkasse eller papir). Me skal ta i bruk ein ny app som gjer godkjenning av innkjøp og faktura enklare. I tillegg skal me få ned tidsbruken på fakturamottak ved å utnytta ny funksjonalitet og automatisera fakturaflyten ytterlegare.

Time kyrkjelege fellesråd

Tilskotet til Time kyrkjeleg fellesråd er inflasjonsjustert. I tillegg er det lagt inn midlar til dagleg leiing og vedlikehald av Frøyland-Orstad soknet i tråd med innspelet frå fellesrådet (sjå vedlegg).

Det er sett av 2 millionar kroner til oppgradering av kyrkjene fordelt på 2023 og 2024.

Diverse fellesutgifter

I denne gruppa ligg dei frikjøpte tillitsvalte, kantina på rådhuset og etableringsstønad for økonomisk vanskeleg stilte.

5.4.2 Mål for langtidsperioden

- Digitalisera og effektivisera administrasjonen slik at Time kommune kan levera best mogleg teneste til lågast mogleg kostnad
- Samarbeida med aktørar som ønsker å bidra, eller allereie bidreg, til næringsutvikling og arbeidsplassar i kommunen
- All arkivering skal automatiserast innan 2025

- Avslutta bruken av papir i saksbehandling
- Digitalisera økonomiplan og rapportering
- Følga opp mål og tiltak for lokaldemokrati i samfunnsdelen til kommuneplanen
- Flytta programvare frå lokale serverar og ut i «sky»

5.4.3 Tiltak i 2022

Næring

- Delta i lokale og regionale næringsprosjekt
- Ha god dialog med eksisterande og potensielt nye næringsaktørar i kommunen

Politiske organ

- Legga formannskapssalen tilrette for direktesending av møte
- Folkevaltopplæring

Administrasjon

- Auka sikringsnivået på fagsystem
- Digitalisera interne papirskjema og redusera behovet for printing
- Erstattar dagens intranett med ny plattform
- E-signering i fleire system
- Forenkla fakturadistribusjon både for innbyggjarar og kommunen
- Effektivisera administrativ fakturaflyt

Time kyrkjelege fellesråd

- Styrka leiing og drift i Frøyland-Orstad sokn

5.4.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Stabstenerster	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Økonomiplan				Endring 2021-2022
			2022	2023	2024	2025	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Politiske organ	7 406	7 908	7 649	8 374	7 834	8 099	-3,3 %
Administrasjon	43 290	44 933	48 306	47 471	48 016	48 091	7,5 %
Jæren kemnerkontor	1 379	0	0	0	0	0	
Trussamfunn	9 525	8 461	8 833	9 043	9 093	9 093	4,4 %
Næring	2 662	1 643	885	885	885	885	-46,1 %
Diverse fellesutgifter	3 872	5 429	5 665	5 665	5 665	5 665	4,3 %
Sum netto driftsutgifter	68 134	68 374	71 338	71 438	71 493	71 833	4,3 %

5.4.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

Auka utgifter og reduserte inntekter

- Lisensar/bruksrett programvare er frå 2022 styrka med 0,5 millionar kroner
- Folkevald opplæring og studietur i 2022, 150 000 kroner
- Kommune- og fylkestingsvalet i 2023, 650 000 kroner
- Stortingsval i 2025, 450 000 kroner
- Streaming og Agenda live, 150 000 kroner
- Utskifting av IKT-utstyr er i drift budsjettert auka med 0,3 millionar kroner
- Styrka leiing og drift i Frøyland-Orstad sokn med 160 000 kroner i 2022 og aukande til 420 000 kroner frå 2024
- Styrka Innbyggarservice og kommunikasjon med 0,25 årsverk slik at ei stilling blir 100 %.

Reduserte utgifter og auka inntekter

- Reduksjon 1 årsverk på næring, heilårsverknad
- Utgifter til medlemskap i Greater Stavanger, heilårsverknad frå 2022.

5.4.6 Oversikt over personalressursar

Stabstenester	31.12.2021	Nye	Redusert	31.12.2022
Administrasjon	45,6	0,6		46,1
Diverse fellesutgifter	6,1			6,1
Årsverk i alt	51,7	0,6	0,0	52,2

6 Kommunen som arbeidsgjevar

6.1 Status og utfordringar

Pandemien har påverka Time kommune sine prioriteringar i 2021. Spesielt innan helse, omsorg, barnehage og skule. Mykje ressursar har gått til smittesporing, vaksinering og andre tilpassingar i drifta. Leiarar og tilsette har gjort eit godt arbeid under pandemien.

Sjukefråværet har vore lågt til tross for auka arbeidspress i fleire einingar. Time kommune har hatt eit tett samarbeid med jærkommunane og kommunane på Nord-Jæren i forhold til koronatiltak. Frivillige har bidrege til at Time har lukkast med vaksinering.

Under pandemien har det vore ein utstrakt bruk av heimekontor. Digitale løysingar bidrog til at fleire tilsette kunne utføra arbeidet heimefrå. Kommunedirektøren vil nytta desse erfaringane til å sjå på ulike løysingar med å jobbe heimefrå som ein del av fleksibel arbeidstidsordning.

Pandemien har gjort at arbeidet med ny arbeidsgjevarstrategi er utsett. Kommunedirektøren vil starta arbeidet i 2022. Time kommune vedtok ein heiltidsstrategi for Omsorg i 2019 og heiltid er og vil vera ei stor satsing framover. Dei sentrale partane i arbeidslivet har fornya erklæringa om heiltid - "Det store heiltidsvalget". Erklæringa er signert av KS og Fagforbundet, Norsk Sykepleierforbund, Delta og Fellesorganisasjonen. I Time jobbar partane med ei heiltidserklæring for heile kommunen. Time kommune manglar kompetanse i ressursstyring i forhold til å utarbeida og analysera gode og effektive turnusar. Den kompetansen er kritisk i forhold til satsinga på heiltid. Time kommune har som mål å skaffa den kompetansen.

Time kommune klarer å rekruttera til ledige stillingar. Kommunedirektøren ser likevel at det er vanskeligare å rekruttera til enkelte leiarstillingar. Det er få søkerar til mellom anna rektorstillingar og leiarstillingar innan Omsorg. Konkurransen mellom kommunane om kritisk personale som sjukepleiarar og lærarar vert hardare. Det er framleis for mange ukvalifiserte lærarar som underviser i timeskulen. Arbeidet med å behalda og rekruttera kvalifisert personell vil alltid vera eit viktig arbeid.

I perioden vil leiarutvikling vera ei satsing. Målet er å utvikla eit program for leiarane tilpassa Time kommune sitt behov med utgangspunkt i eigne leiarkjenneteikn og organisasjonskultur.

Arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern har høg prioritet. Auka bruk av digitale verktøy aukar risikoene for brot på sikkerheit og personvern. Implementering av dei reviderte kvalitetssikringsdokumenta for tilsette og leiarar vil vera det viktigaste tiltaket i å førebygga brot på rutinane.

Kompetanse

Grunna pandemien har det ikkje vore gjennomført så mange kurs for tilsette som planlagt. Samtidig har det vore utstrekkt bruk av digitale kurs/webinar i alle tenesteområda. Desse løysningane vil verta vidareførte i kombinasjon med fysiske kurs i framtida. Dette vil gje

tilsette større fleksibilitet og moglegheit for å tileigna seg kompetanse når det passar best. Kommunen brukar KS-læring som plattform for arrangement og e-læringskurs.

Time kommune vil vurdera å kjøpa eit kompetancesystem. Systemet vil gje leiarane eit verktøy som fortel kva kompetanse tilsette har og kartlegga behov og utfordringar i framtida. Pandemien har synleggjort behovet for ein oversikt over tilsette sin kompetanse i forhold til beredskap. I ei tid då etterspørselet etter helsepersonell var høg, var det vanskeleg å finna ut om kommunen hadde tilsette i andre tenesteområde med denne kompetansen.

Heiltidskultur

Arbeidet med å redusera deltid og utvikla ein heiltidskultur er ei viktig satsing i perioden. Heiltid bidreg til betre faglig stabilitet med kvalifiserte tilsette i store stillingar og gjev betre brukaropplevd kvalitet. Store stillingar vil også gje tilsette betre lønns- og pensjonsvilkår. Det er avgjerande å få til heiltidskultur for å møta endringane i demografien. I kampen om personale vil ein heiltidskultur virka positivt inn.

Det vart vedteke heiltidserklæring for Omsorg i 2019. I 2022 vil kommunedirektøren legga fram ny heiltidserklæring for heile Time kommune.

HMS og kvalitet

HMS-arbeidet er ein integrert del av det daglege arbeidet. Leiarar og tilsette er opptekne av å sørga for eit forsvarleg arbeidsmiljø. Grunnleggande arbeid som oppfølging av medarbeidarkartlegging, kvalitetsteam, vernerundar, medarbeidarsamtalar og HMS-planar er viktige HMS-aktivitetar. Det vert arrangert grunnleggande HMS-kurs for verneombod, leiarar og medlemmar av arbeidsmiljøutvalet (AMU) kvart år.

IA-handlingsplan og sjukefråvær

IA-handlingsplanen er forankra i nasjonal intensjonsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv 2019–2022, og i verdiane våre: ansvar, engasjement, optimisme og gjensidig respekt. Trepidssamarbeidet mellom tillitsvalde, vernetenesta og arbeidsgjevar i Time kommune er ein bærebjelke for arbeidet med å redusera fråværet, og avgjerande for at me skal nå måla me har sett oss. Førebygging og oppfølging av sjukefråvær er forankra i tillit, openheit, klarheit og løysningsfokus. Arbeidet med inkluderande arbeidsliv er nært knytta til kommunen sitt HMS-arbeid.

Kommunen har ein samla ambisjon om å redusera og halda sjukefråvær til eit nivå under 6,6 %. Dette målet må differensierast for dei enkelte tenesteområda og avdelingane.

Rekruttering

Rekruttering av nye medarbeidarar er ein av dei viktigaste oppgåvene til leiarane. Det er fokus på å gjennomføra ryddige og effektive rekrutteringsprosessar. Ofte vil rekrutteringsprosessen vera første møte med potensielle arbeidstakrar og det er viktig at Time kommune er ein profesjonell og attraktiv arbeidsgjevar.

Det er teke i bruk e-signering av arbeidsavtalar og framover vert det fokusert på å sikra ei god førebuing av nye medarbeidarar, kor relevant informasjon vil verta gjort tilgjengeleg før oppstart i kommunen.

Det er eit mål å verta betre i rekrutteringsprosessar. Time kommune vil gjennomføra interne kurs for leiarar, revidera tilsettingsreglementet og profesjonalisera tilsettingsprosessen mot kritiske stillingar med bruk av testing av kandidatar. Testane er preferansestestar som bidreg til å få eit breiare bilde av kandidaten sin kompetanse og personlege eigenskapar.

For å oppfordra til mangfold så inneheld alle stillingsannonser ei oppfordring til at alle som er kvalifiserte skal söka, uansett alder, kjønn, etnisitet, religion, funksjonsevne, seksuell orientering og kjønnsidentitet.

Lærlingar

I 2021 var det 92 søkerar til ledige læreplassar i Time kommune og 20 av desse fekk tilbod om læreplass.

Kommunen har 37 lærlingar fordelt på desse fagområda:

- Oppvekst: 10 lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget
- Omsorg: 18 lærlingar i helsefagarbeidarfaget
- Menn i helse: 3 deltakarar
- Byggdriftar: 1 lærling
- Institusjonskokk: 1 lærling
- IKT-faget: 1 lærling
- Fagbrev på jobb: 2 lærlingar i Omsorg og 1 lærling i Oppvekst

Eit av satsingsområda framover vil vera å nå måltalet på 38 lærlingar. Kommunen vil halda fram med «Lærlingskulen» som er eit viktig tiltak for å sikra god opplæring. Det same gjeld «Bli kjent dagen», som bidreg positivt på kompetansenivået og tryggleiken for lærlingane.

Time kommune er medlemsbedrift i NOOS (nettverk for fagopplæring i offentleg sektor). I 2019 vart lærlingkoordinator i Time kommune valt inn i landsstyret for NOOS. Nettverket skal styrka og vidareutvikla fagopplæring i offentleg sektor.

Likestilling og likebehandling

I 2022 skal Time kommune sin plan for likestilling og likebehandling evaluerast. I Time kommune skal alle ha like moglegheiter uavhengig av kjønn, etnisk bakgrunn og seksuell legning. I evalueringa vil det verta vurdert å ta planen inn i ny arbeidsgjevarstrategi.

Nokre av arbeidsplassane i kommunen har stor overvekt av det eine kjønn. Det er derfor eit mål å bidra til jamne ut denne, særleg retta inn mot rekruttering av menn i omsorgstenester, barnehage og skule.

Informasjonssikkerheit og personvern

Time kommune må ha ein god informasjonssikkerheit/IKT-sikkerheit. Det har vore ei rekke dataangrep på offentlege institusjonar i Norge. Dei mest kjende er angrepa mot Østre Toten

og Stortinget. Det er gjort nye investeringar i infrastruktur og andre tiltak som skal sikra kommunen best mogleg mot angrep utanfrå.

Eit tiltak er å implementera handbok for informasjonssikkerheit og personvern til tilsette og leiarar. Kompetansen til tilsette er ein kritisk faktor mot angrep utanfrå. Satsing på kompetanse og bevisstgjering vert hovudfokus i perioden. Ein aktiv bruk av avviksregistrering innafor informasjonssikkerheit og personvern i alle tenesteområda vert eit viktig mål. Oppfølging av avvik gjev stor læringseffekt.

6.2 Mål for langtidsperioden

- Vedta ein ny arbeidsgjevarstrategi som gjev Time kommune retning og rammer for å løysa endringane og utfordringane kommunen vil møta
- Sjukefråvær lågare enn 6,6 %
- Time kommune skal utvikla ein heiltidskultur
- Time kommune skal ha eit godt arbeidsmiljø som gjev god helse, engasjement og gode arbeidsresultat
- Dekka framtidig kompetansebehov gjennom kompetanseplaner og profesjonell rekruttering

6.3 Tiltak i 2022

- Implementera KS læring
- Utvikla eit leiarprogram
- Starta arbeidet med ny arbeidsgjevarstrategi
- Implementera handbok for informasjonssikkerheit og personvern
- Implementera heiltidserklæringa for heile kommunen
- Auka talet på lærlingar til 38
- Utarbeida reglar for fleksible arbeidstidsordningar, som for eksempel heimekontor
- Heva kompetansen på tilsetting

7 Investeringar for langtidsperioden og årsbudsjett for 2022

Når me har prioritert prosjekta i perioden 2022-2025, har me teke omsyn til politiske vedtak i førre økonomiplan og vedtak i løpet av 2021 som har konsekvensar for økonomiplanen.

Endring i klima dei siste åra har medført større nedbørsmengder og me har dei siste åra satsa på å auka kapasiteten på overflatevatn slik at me skal unngå oversvømde kjellarar. Denne satsinga held fram i planperioden.

Det ligg i denne økonomiplanen inne store satsingar på idrett med to nye idrettshallar på Bryne. Idrettshallane skal leigast ut til Bryne vidaregåande skule i skuletida. I tillegg ligg det i slutten av perioden inne investeringsmidlar til ny symjehall med forventa ferdigstilling til 01.01.2026.

7.1 Totaloversikt – netto finansieringsbehov og finansiering

Utgifter i millionar kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan			
	2020	2021	2022	2023	2024	2025		
Investeringsutgifter	260,3	296,4	250,6	162,5	243,2	210,6		
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	6,2	2,6	2,6	2,6	2,7	2,7		
Utlån av eigne midlar		0,5						
Avdrag på lån								
Netto finansieringsbehov	267,0	299,0	253,2	165,1	245,9	213,3		
Momskompensasjon	40,5	32,7	30,2	22,5	34,4	30,7		
Tilskot frå andre	84,8	85,1	28,5	17,2	30,6	36,5		
Sal	7,2	19,5	7,5	7,5	29,0	0,0		
Motatte avdrag på utlån av eigne midlar	5,8	14,5	5,8	5,8	5,8	5,8		
Bruk av lån	112,7	129,4	158,8	91,2	122,2	114,7		
Sum investeringsinntekter	251,0	281,2	230,8	144,2	222,0	187,7		
Vidareutlån	3,0	25,0	25,0	25,0	25,0	25,0		
Bruk av lån til vidareutlån	3,0	25,0	25,0	25,0	25,0	25,0		
Avdrag på lån til vidareutlån	10,4	12,0	10,0	10,0	10,0	10,0		
Motatte avdrag på vidareutlån	9,6	12,0	10,0	10,0	10,0	10,0		
Netto vidareutlån	0,8	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0		
Overføring frå drift	14,6	17,8	22,4	20,9	23,9	25,6		
Netto avs. eller bruk av bundne investeringsfond		2,2						
Netto avs. eller bruk av ubundne investeringsfond								
Dekning av tidlegare års udekka beløp		0,0						
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	16,8	17,8	22,4	20,9	23,9	25,6		
Framført til dekning i seinare år (udekka løyving)	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0		

Samla framlegg til investeringar i perioden 2022-2025 er på 877,5 millionar kroner.

Investeringane vert delvis finansierte med momskompensasjon og andre investeringsinntekter på til saman 274,6 millionar kroner. Me eigenfinansierer også delar av investeringane med driftsmidlar på 92,8 millionar kroner og avdraginnbetaling på utlån til Lyse på 23,2 millionar kroner.

Ny symjehall er nå lagt i 2024 og 2025 og i full drift frå 2026. Driftsutgifter er ikkje innarbeidde i budsjettet.

For å kunna gjennomføra investeringsplanen må 486,9 millionar kroner lånefinansierast. I tillegg tek me opp 100 millionar kroner i startlån til vidare utlån i perioden.

I planperioden er brutto investeringar til skular og barnehagar 19,9 millionar kroner, til omsorg 99,8 millionar kroner, til idrett og friluftsformål 266,7 millionar kroner og til veg og parkanlegg 60,1 millionar kroner.

Det er i perioden sett av netto 204 millionar kroner i vass- og avløpsinvesteringar. Desse investeringane vert finansiert med gebyrinntekter over driftsrekneskapen.

Me har valt å prioritera følgande større investeringsprosjekt:

- Barnebustad
- Omsorgsbustadar
- Utvida overvasskapasiteten i Bryne
- Sanering av gamle VA-anlegg
- Gjera Storgata til gågate og oppgradera gata i 2024
- Nye idrettshallar på Bryne
- Ny symjehall på Bryne

I tabellane som følger presenterer me investeringsprosjekta. Det er tenesteområdet Samfunn som har ansvaret for å gjennomføra bygge- og anleggsprosjekta og dei fleste andre investeringane.

7.2 Investeringsprosjekt – tabellar og omtale

Administrasjon og fellesprosjekt

Administrasjon og fellesprosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2022					Etter 2025
			2022	2023	2024	2025	
1101 IKT Investeringar - felles	14 000		3 500	3 500	3 500	3 500	
1107 Politiske rom, kultureining m.m.	1 700	500	1 200				
1111 Rådhuset C-bygg 3. og 4. etasje	20 500	500	5 000	15 000			
1214 Revisjon av elektriske anlegg	5 100	3 900	300	300	300	300	
1215 Enøk-tiltak	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
1219 Kartlegging av asbest i kommunale bygg	300		300				
1221 Tilfluktsromma - oppgradering	1 500		500	500	500		
1222 UU-tiltak bygg	900		300	300	300		
1905 Eigenkapital i KLP	10 700		2 600	2 650	2 700	2 750	
2246 Brannsikring bygg	4 000	3 500	500				
5924 Kartbasar - fly	750		750				
Sum administrasjon og fellesprosjekt	65 450	8 400	16 450	23 750	8 800	8 050	0

1101 IKT Investeringar – felles

I perioden er det budsjettert med i alt 14 millionar kroner til IKT investeringar for den samla kommunale tenesteytinga. Kontinuerleg oppgradering av programvare, oppgradering av hardware, innkjøp av nye program og opplæring på desse er ein vesentleg del av investeringane. Utbygging av trådlause nettverk i institusjonar og omsorgsbustadar for å kunna ta i bruk ny velferdsteknologi, vert ei prioritert satsing i perioden når skulane nå er «trådlause». Nye investeringar innan velferdsteknologi og digitalisering er heilt nødvendig for å kunna levera gode tenester til innbyggjarane våre. Dette er RPA tenester (robotisering), oppgradering til O365, sjølvbeteningsløysingar og opne data-prosjekt.

1107 Politiske rom, kultureining med meir

Det er sett av 1,7 millionar kroner i perioden 2021-2022 til nødvendige utbetringstiltak og utskifting av møblement/utstyr i formannskaps- og kommunestyresalen, samt i første etasje i rådhuset, A-bygget.

1111 Rådhuset C-bygg, 3. og 4. etasje

Det er sett av 20,5 millionar kroner til oppgradering av 3. og 4. etasje i rådhuset, C-bygget. Forprosjekt vert politisk behandla første halvår 2022.

1214 Revision av elektriske anlegg

I perioden 2022–2025 er det sett av 1,2 millionar kroner til nødvendig revisjon av elektriske anlegg etter tilsyn i den samla kommunale bygningsmassen.

1215 ENØK-tiltak

Det er sett av 6 millionar kroner i perioden til ENØK-tiltak i heile den kommunale bygningsmassen.

1219 Kartlegging av asbest i kommunale bygg

Kommunen har fått pålegg frå arbeidstilsynet om å kartlegga asbest eller materialar som inneholdt asbest i kommunale bygg.

1221 Tilfluktsromma – oppgradering

Prosjektet gjeld oppgradering av alle tilfluktsromma (6-7 stk.). Det er sett av 500 000 kroner årleg frå og med 2022.

1222 UU-tiltak bygg

Det er sett av 300 000 kroner kvart år i perioden for nødvendige UU-tilpassingstiltak i den samla bygningsmassen.

1905 Eigenkapital i KLP

Kommunen har pensjonsordning i KLP som er eit gjensidig selskap. Når forvaltningskapitalen aukar, aukar behovet for eigenkapital som me må ta vår del av.

2246 Brannsikring bygg

Prosjektet gjeld pålagt oppgradering av brannsikringstiltak i ulike kommunale bygg.

5924 Kartbasar – fly

Prosjektet gjeld periodisk oppgradering av kartbasar/kartgrunnlag i geovekstsamarbeidet i Rogaland.

Kulturbrygg og kulturanlegg

Kulturbrygg og kulturanlegg	Prosjekt Budsjett	Før 2022					Etter 2025
			2022	2023	2024	2025	
4309 Mindre ombyggingar kulturbrygg	2 400		700	700	500	500	
4454 Storstova - utstyr	8 213	7 713		250	250		
4454 Storstova - oppgradering	8 550	7 850		700			
4480 Kunstnarleg utsmykking av kommunale bygg	4 570	2 950	430	290	400	500	
4480 Kunstnarleg utsmykking av kommunale bygg - refusjon	-450	-450					
4481 Skulpturpark lys, skilt etc	800		800				
4516 Oppgradering av kyrkjene	2 975	975		1 000	1 000		
Sum kulturbrygg og kulturanlegg	27 058	19 038	1 130	3 740	2 150	1 000	0

4309 Mindre ombyggingar kulturbrygg

I perioden er det sett av i alt 2,4 millionar kroner til mindre ombyggingar og oppgradering av kulturbrygg. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

4454 Storstova – utstyr og oppgradering

Det er sett av 1,2 millionar kroner til utskifting av teknisk utstyr og slutføring av nødvendig oppgradering av Storstova i perioden.

4480 Kunstnarleg utsmykking av kommunale bygg

Til utsmykking av ferdigstilte kommunale bygg og anlegg i perioden er det i tråd med retningslinjene sett av i alt 1,6 millionar kroner i perioden.

4481 Skulpturpark lys, skilt etc.

Det er sett av 0,8 millionar kroner til lyssetjing av skulpturane og ny skilting i Fritz Røed skulpturpark. Parken er i dag fint belyst langs gangstiane, men skulpturane manglar lyssetjing og vert liggjande i mørke på kveldstid. Dessutan manglar parken nye og oppdaterte informasjonsskilt.

4516 Oppgradering av kyrkjene

Det er sett av 2 millionar kroner i 2023-2024 til uspesifisert utbetring av kyrkjene i Time. Investeringane vert prioritert av kyrkjeleg fellesråd.

Idrett og friluftsliv

Idrett og friluftsliv	Prosjekt Budsjett	Før 2022					Etter 2025
			2022	2023	2024	2025	
2249 Vardheia idrettshall	48 700	48 700					
2249 Vardheia idrettshall-refusjon	-11 700	-15 300	3 600				
2249 Vardheia idrettshall-tilskot	-15 600	-8 322	-7 278				
3801 Symjehall	150 000	1 000			49 000	100 000	
3801 Symjehall - tilskot	-36 000				-6 000	-6 000	-24 000
3802 Vardheia turnhall	23 700	23 700					
3802 Vardheia turnhall- refusjon Klepp	-3 600	-7 500		2 000	1 900		
3802 Vardheia turnhall- refusjon Bryne turn	-4 000	-4 000					
3802 Vardheia turnhall - tilskot	-7 800			-3 900	-3 900		
3805 Ny idrettshall Bryne	130 000	6 000	81 000	43 000			
3805 Ny idrettshall Bryne - tilskot	-21 300				-4 000	-4 000	-13 300
3805 Ny idrettshall Bryne - tilskot Bryne håndball	-4 500				-4 500		
3807 Fotballbane Rossaland + uteområde	11 000		6 000	5 000			
3807 Fotballbane Rossaland -spolemidlar	-2 000				-2 000		
3807 Fotballbane Rossaland-Rossaland ballklubb	-2 000				-2 000		
3808 Timehallen - oppgradering	700		250	450			
3809 Miljøtiltak kunstgrasbanar	300		300				
5903 Leikeplassar/ballbingar	12 000		3 000	3 000	3 000	3 000	
5903 Leikeplassar/ballbingar - tilskot	-2 000		-500	-500	-500	-500	
5904 Friluftsliv	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
5915 Nærmiljøanlegg	1 600		400	400	400	400	
5915 Nærmiljøanlegg - tilskot	-800		-200	-200	-200	-200	
5933 Robust toalett Sandtangen (netto)	1 000			1 000			
Sum idrett og friluftsliv	273 700	44 278	88 072	43 250	41 200	94 200	-37 300

3801 Symjehall

Det er avsett 150 millionar kroner i bruttoutgifter til realisering av ny symjehall på Bryne i 2024/2025. Det er venta spelemidlar på 36 millionar kroner. Me har også budsjettert med full mva kompensasjon på 30 millionar kroner, men beløpet er usikkert då regelverket for symjehallar er uklart. Det er planlagt regulering av området i 2022 og prosjektering og anbod i 2023.

3805 Ny idrettshall, Bryne

Ny idrettshall på Bryne skal byggast ved sida av Timehallen og stå klar til bruk sommaren 2023. Det er sett av 130 millionar kroner brutto til prosjektet i perioden 2020–2023. Venta spelemidlar til prosjektet er 21 millionar kroner og tilskot frå Bryne handball med 4,5 millionar kroner.

3807 Fotballbane Rossaland

Det er sett av 11 millionar kroner til ny kunstgrasbane med lys og uteområde for Rossaland skule. Refusjon frå Rossaland ballklubb og spelemidlar er på 4 millionar kroner. Bygging av banen må sjåast i samanheng med bygging av idrettshallar då ein er avhengig av området der det er planlagt kunstgrasbane til depo for masser i anleggsperioden. Alternativt må ein frakta masser ut og tilbake igjen. Det er ikkje ønskeleg gjennom eit skuleområde og Bryne sentrum og vil fordyra prosjektet ytterlegare. Kunstgrasbanen vert bygd så raskt som praktisk mogleg.

3808 Timehallen - oppgradering, Bryne

Det er sett av 0,7 millionar kroner til lys og el-arbeid og vurdering av fasade. Oppgradering av fasade må samkjøyrast med ny idrettshall og vert innarbeidd i økonomiplanen for 2023-2026.

3809 Miljøtiltak kunstgrasbanar

Tiltak for å hindra avrenning og plastpartiklar å nå vassdrag.

5903 Leikeplassar/ballbingar

I planperioden er det sett av i alt 10 millionar kroner i nettoutgifter til utbetring av leikeplassar og ballbingar. Tilskot gjeld refusjon av spelemidlar for dei ulike tiltaka. Utval for lokal utvikling prioriterer årleg aktuelle tiltak innanfor rammeløyvinga.

5904 Friluftsliv

Kommunen vil årleg bruka 1,5 millionar kroner til friluftstiltak. I tillegg kjem venta tilskot frå andre eksterne støtteordningar. Av 1,5 millionar kroner vil 0,8 millionar kroner i 2022 gå til utbetring av veg knytta til utviding av parkeringsplass ved Snorestad, FSS 053/21.

Prioriterte tiltak er i samsvar med «Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026»

Tiltak	Stad	Finansiering kommune	Finansiering tilskot	År
Ti Turar i Time	Heile kommunen	50		2022
Utbetring veg Snorestad	Undheim	800		2022
Frisbeegolfanlegg	Lyefjell	300	300	2022
Vedlikehald av turløyper, skilting, parkering	Heile kommunen	200		2022
Tilrettelegging dagsturhytta	Lyefjell	150		2022
Ikkje-priorert – neste økonomiplan	Heile kommunen	1 500		2023- 2026

5915 Nærmiljøanlegg

I perioden er det budsjettert med i alt 1,6 millionar kroner i bruttoutgifter til nye nærmiljøanlegg og oppgradering av eksisterande anlegg. I tillegg til aktuelle tiltak, som går fram av handlingsprogrammet for anlegg og område for idrett og friluftsliv, jamfør kapittel 7.4, er det sett av midlar til faste tilskots- og støtteordningar i konkrete nærmiljøtiltak som vert planlagde og utførte saman med vellaga i kommunen. Budsjetterte inntekter er venta spelemidlar til aktuelle nye tiltak.

5933 Robust toalett Sandtangen

Det er sett av netto 1 million kroner i 2023 til bygging av eit vandalsikkert ordinært toalett i Sandtangen. Totalkostnad er 1,9 millionar kroner. Av dette vert 200 000 kroner finansiert med midlar frå Rogaland fylkeskommune og om lag 600 000 kroner vert finansiert av spelemidlar.

Skular og barnehagar

Skular og barnehagar	Prosjekt Budsjett	Før 2022					Etter 2025
			2022	2023	2024	2025	
2203 Mindre ombyggingar - oppvekst	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
2222 Undheim skule (tak + maling)	1 400	400		1 000			
2244 Rosseland skule bygg D	6 000	2 000		4 000			
2252 Oppussing Bryne skule 100 års jubilem	1 500		1 500				
2254 UU-tiltak Bryne kompetansesenter	8 100	7 500		600			
2255 Hognestad skule 50-100 mill							
2322 Austbø barnehage - påbygg administrasjon	7 200	400	6 800				
Sum Oppvekst	30 200	10 300	15 400	1 500	1 500	1 500	0

2203 Mindre ombyggingar – Oppvekst

I alt 6 millionar kroner er i perioden budsjettet til mindre ombyggingar i barnehagar og skular. Aktuelle tiltak er ombyggingar og større rehabiliteringsarbeid som ikkje er lagde inn i det ordinære driftsbudsjettet. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

2222 Undheim skule

Det er sett av 1,4 millionar kroner i 2021-2022 til maling og utskifting av tak.

2249/3802 Vardhei turnhall og idrettshall

Skulen, turnhall, kommunaltekniske anlegg og idrettshall er ferdigstilt. Samla sett har prosjektene betydeleg mindreforbruk. Prosjektrekneskap vert levert i 2022.

2244 Rosseland skule bygg D

Oppgradera ventilasjonsanlegget og klasserom i 1. etasje for å kunna utvida elevtalet i perioden 2021–2022 i tråd med føringane i skulebruksplanen.

2252 Oppussing Bryne skule 100års jubileum

I 2022 er det sett av 1,5 millionar kroner til oppgradering av Bryne skule i samband med 100-års jubileum.

2254 UU-tiltak Bryne kompetansesenter

Ombygging og tilrettelegging vart fullført i 2021. Prosjektrekneskap vert levert i 2022.

2322 Austbø barnehage – påbygg administrasjon

Prosjektet gjeld tilrettelegging av arbeidsplassar for tilsette og ombygging av inngangsparti for småbarnsavdeling fordi det er avdekka avvik i forbindelse med tilsyn. Prosjektet er føreslått utsett grunna marknadssituasjonen. Avvik etter tilsyn vert utbetra midlertidig.

Omsorg

Omsorg	Prosjekt Budsjett	Før 2022					Etter 2025
			2022	2023	2024	2025	
3101 Velferdsteknologi	4 800		1 200	1 200	1 200	1 200	
3202 Mindre ombyggingar - omsorg	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
3205 Utbygging av Kvernaland omsorgssenter	44 000		1 000		20 000	23 000	
3205 Utbygging av Kvernaland omsorgssenter - tilskot	-24 640					-24 640	
3206 Legesenter	7 000				3 000	4 000	
3213 Kommunale bustadar kjøp	16 000		4 000	4 000	4 000	4 000	
3213 Kommunale bustadar sal	0						
3214 Kolheia omsorgsbustadar - utviding	12 000		2 000	10 000			
3214 Kolheia omsorgsbustadar - tilskot	-4 500			-4 500			
3215 Omsorgsbustader - foreldreinitiativ	41 000		1 000		40 000		
3215 Omsorgsbustader - foreldreinitiativ - refusjonar og sal	-29 000				-29 000		
3216 Barnebustad/avlastning påbygg	10 500		500		10 000		
3216 Barnebustad/avlastning påbygg	-8 250				-8 250		
3220 Hjelpemiddel,senger og møbler institusjon	3 000		750	750	750	750	
3232 Rehabilitering kommunale utleigebustadar	4 000		1 000	1 000	1 000	1 000	
3248 Planlegging og oppgradering av vaskeriet	6 500	5 500	1 000				
3267 Sivdambassenet - flisearbeid	1 500				1 500		
3269 Robuste bustader, Re	9 000		500	5 500			3 000
3269 Robuste bustader, Re - tilskot	-1 500			-900			-600
3270 Rørvika - utvida personaleining	500		500				
3270 Rørvika - utvida personaleining - refusjon	-200			-200			
3271 Ombygging av Vestbygget	3 000	2 000	1 000				
3271 Ombygging av Vestbygget - tilskot	-1 200	-900		-300			
3272 Sivdamsenteret - nye bad	900		900				
3272 Sivdamsenteret - nye bad- refusjon	-270			-270			
3276 Ny sjukeheim - utgreiingsarbeid	600				600		
3278 Solcelle Sivdamheimen	1 000		1 000				
3280 Håbakken - ombygging	2 000					2 000	
3280 Håbakken-ombygging - refusjonar	-900					-900	
3281 Utskiftning av bilpark	5 000		1 000	1 000	1 500	1 500	
3282 Omsorgsbustadar Vardheia -oppgradering	1 000		500	500			
Sum Omsorg	108 840	6 600	18 580	20 050	47 800	13 410	2 400

Generelt sett så følger kommunedirektøren opp nyleg godkjend «Bustadplan 2020–2040» innan omsorgstenestene.

3101 Velferdsteknologi

Prosjektet gjeld kjøp av ny brukar- og tenesteretta velferdsteknologi innan Omsorg i tråd med den digitalbaserte samfunnsutviklinga.

3202 Mindre ombyggingar – Omsorg

I perioden er det sett av i alt 6 millionar kroner til mindre ombyggingar og oppgraderingar av helse-, sosial- og omsorgsbygg. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

3205/3206 Utbygging av Kvernaland omsorgssenter og legesenter

Det vert planlagt utviding av Kvernaland omsorgssenter og det vert nå signalisert brutto byggekostnadar på 44 millionar kroner. Venta investeringstilskot frå Husbanken er sett til 24,6 millionar kroner. Det er sett av planleggingsmidlar i 2022.

3213 Kommunale bustadar – kjøp

Det er sett av 16 millionar kroner i planperioden til kjøp av kommunale utleigebustadar.

3214 Kolheia omsorgsbustadar - utviding

Det sett av 12 millionar kroner til nye omsorgsbustadar i Kolheia. Investeringstilskot frå Husbanken er budsjettert med 4,5 millionar kroner. Prosjektet vert utsett grunna krav til regulering.

3215 Omsorgsbustadar – foreldreinitiativ

Det vert planlagt nye omsorgsbustadar for unge innbyggjarar med funksjonshemminger via foreldreinitiativ liknande Foren burettslag. Kommunedirektøren vil i 2022 legga fram eit forslag om å bygga eit foreldreinitiativ saman med eit kommunalt tilbod på Svertingstad. Kommunen er i dialog med Husbanken om moglege løysingar.

3216 Barnebustad/avlastning - påbygg

Kommunen er i dialog med Husbanken om moglege løysingar. Husbanken godkjende ikkje plassering ved Kvernaland omsorgssenter slik kommunen hadde tenkt.

3220 Hjelpemiddel, senger og møbler institusjon

Det er sett av 750 000 kroner årleg til nødvendig kjøp av hjelpemiddel, senger og møbler i omsorgsinstitusjonane.

3232 Rehabilitering kommunale utlegebustadar

Prosjektet gjeld handtering av dei store rehabiliteringsutfordringane me har i dei kommunale utlegebustadane våre. I perioden er det sett av 4 millionar kroner til dette arbeidet.

3248 Planlegging og oppgradering av vaskeriet

Nåverande vaskeri i underetasjen på Bryneheimen vil verta utvida og oppgradert. Det er sett av 6,5 millionar kroner til prosjektet i perioden 2021–2022.

3267 Sivdambassenget - flisearbeid

Prosjektet gjeld større utskifting av fliser i varmtvassbassenget i Sivdamsenteret grunna hygieniske forhold.

3269 Robuste bustadar, Re

Det er budsjettert med 6 millionar kroner til oppføring av tre bustadar i økonomiplanperioden, og ytterlegare to etter 2025.

3270 Røyrvika – utvida personaleining

Personaleininga i Røyrvika må utvidast, og det er sett av netto 300 000 kroner til arbeidet i 2022.

3271 Ombygging av Vestbygget

Vestbygget ved Bryneheimen vert bygd om til omsorgsbustadar for eldre personar med psykiske vanskar og/eller rusutfordringar i 2021/22. Det er sett av netto 1,8 millionar kroner til prosjektet.

3272 Sivdamsenteret – nye bad

Det vert bygd om fleire bad i omsorgsbustadane i Sivdamsenteret for å gjera dei universelt utforma i 2022 til ein netto kostnad på 630 000 kroner.

3276 Ny sjukeheim - utgreiingsarbeid

Det er sett av 600 000 kroner i 2024 til utgreiingsarbeid for ny sjukeheim.

3278 Solcelle Sivdamheimen

Det er sett av 1 million kroner i 2022 til installering av solcellepanel på taket.

3280 Håbakken - ombygging

Det er sett av netto 1,1 millionar kroner i perioden til ombygging i Håbakken.

3281 Utskifting av bilpark

Time kommune har valt å kjøpe bilar framfor å lease.

3282 Omsorgsbustadar Vardheia - oppgradering

Det er sett av 1 million kroner i perioden til oppgradering av omsorgsbustadar.

Veg og parkanlegg

Veg og parkanlegg	Prosjekt Budsjettt	Før 2022					Etter 2025
			2022	2023	2024	2025	
5600 Bilar/maskinar	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
5610 Trafikksikring	2 550		800	650	500	600	
5610 Trafikksikring - tilskot	-1 275		-400	-325	-250	-300	
5643 Utskifting av lysmaster	12 000		3 000	3 000	3 000	3 000	
5650 Parkeringsautomatar	400		200	200			
5664 Asfaltering kommunale vegar	10 000		2 500	2 500	2 500	2 500	
5665 Storgata, Bryne - etablering og opparbeiding til gågate	22 000	2 000			20 000		
5666 Kringsjå - oppgradering av vegar	2 000			2 000			
5668 Krysset Åsenvegen/FV 506	4 200		4 200				
5668 Krysset Åsenvegen/FV 506 tilskot	-2 000		-2 000				
5671 Ramshaugvegen, Re - oppgradering veg	2 300		2 300				
5672 Brusikring	1 600		400	400	400	400	
5674 Vassdragtiltak i Hå- og Orrevassdrag	3 300	900	600	600	600	600	
Sum vegar og parkanlegg	63 075	2 900	13 100	10 525	28 250	8 300	0

5600 Bilar/maskinar

Det er sett av i alt 6 millionar kroner i perioden til kjøp og utskifting av bilar, maskinar og utstyr. Avsette midlar skal dekka utskiftingar innan tenesteeininga Eigedom.

5610 Trafikksikring

Det er i perioden budsjettert med brutto 2,6 millionar kroner og 1,3 millionar kroner i tilskot frå trafikksikringsmidlar til diverse trafikksikringstiltak, jamfør handlingsdelen av Trafikksikkerheitsplanen 2016-2025.

5643 Utskifting av lysmaster

Prosjektet gjeld utskifting av gamle lysmaster og skifte til ledlys langs kommunale vegar og gater. Det er sett av 12 millionar kroner til fullføring av prosjektet. Prosjektet er eit energieffektiviserande tiltak.

5650 Parkeringsautomatar

Det er sett av 0,4 millionar kroner i 2022-2023 til ombygging frå 2G-teknologi som skal fasast ut til 4G.

5664 Asfaltering kommunale vegar

Det er føreslått å setta av i alt 10 millionar kroner til asfaltering av kommunale vegar i perioden for å ta att noko av etterslepet me har. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år kva vegar/gater som skal ha prioritet.

5665 Storgata, Bryne – etablering og opparbeiding til gågate

Prosjektet gjeld planarbeid for utarbeiding av gatebruksplan i Bryne og reguleringsplan for Storgata til gågate. I tillegg er det lagt inn opparbeidingskostnadar for Storgata som gågate på 20 millionar kroner i 2024. Bidrag til opparbeidinga av gågata frå eigedomseigarane vil avklarast i det vidare forprosjektarbeidet.

5666 Kringsjå – oppgradering av vegar

Det er sett av 2 millionar kroner i 2023 til oppgradering av vegar på Kringsjå etter at større VA-tiltak er utført i området.

5668 Krysset Åsenvegen/FV 506

I samarbeid med Rogaland fylkeskommune, Samferdsel, vil fylkeskommunen oppgradera krysset Åsenvegen/FV 506 og Åsenvegen med anleggsstart i 2022. Etter avtale med fylkeskommunen vil kommunalt tilskot vera 4,2 millionar kroner. Det er elles gjeve tilsegn om 2 millionar kroner i trafikksikringsmidlar til prosjektet.

5671 Ramshaugvegen, Re – oppgradering veg

Det er sett av 2,3 millionar kroner i 2021 til oppgradering av Ramshaugvegen på Re.

5672 Brusikring

Prosjektet gjeld sikringsarbeid av kommunale bruer etter gjennomført brukkontroll. Det er sett av 400 000 kroner kvart år i perioden.

5674 Vassdragstiltak i Hå- og Orrevassdrag

Det vart sett av 0,9 millionar kroner i 2021 til kantoppbygging langs delar av Roslandsåna i perioden saman med grunneigarar og Klepp kommune. I tillegg er det avsett 600 000 kroner kvart år til felles vassdragstiltak saman med Hå, Klepp og aktuelle grunneigarar langs Hå- og Orrevassdraga.

Vatn, avløp og renovasjon

